

# Henrik Wergeland sin kamp for jødane i den norske minnekulturen

1845-1945



Dette er eit bilete frå avdukinga av Wergelandsstatuen på Eidsvolls plass i Christiania 17. mai 1881

Fotograf: Worm-Petersen Eigar: Nasjonalbiblioteket

**Alf Magne Sirevåg**

**Masteroppgåve i historie**

**Institutt for Arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap**

**Universitetet i Bergen**

**Hausten 2010**

# Forord

Fyrst vil eg takka rettleiaren min, Christhard Hoffmann, for god rettleiing gjennom heile masterprosjektet. Eg er særleg takksam for engasjementet i forhold til prosjektet, og det har vore ei sann glede å kunna snakka med nokon som verkeleg deler mi interesse for dette prosjektet.

Eg ynskjer vidare å takka masterseminaret *På tvers av grenser* for alle dei gode tilbakemeldingane, og vil særleg å trekkja fram Maar Thingstad som har lese gjennom oppgåva i heilskap og kome med verdifulle tilbakemeldingar. Eg har òg vore så privilegert å få eit stipend frå prosjektet "*Jøden*" som *kulturell konstruksjon i norsk offentlighet 1814-1940* ved HL-senteret (Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter), noko som eg er svært takksam for. Dette har òg betydd at eg har fått delta i dette prosjektet, og eg ynskjer å takka for alle tilbakemeldingane eg har fått.

Sist men ikkje minst ynskjer eg å takka mine foreldra Rune Sirevåg og Anne-Mari Turøy Sirevåg. Eg vil fyrst takka for all støtta som eg har fått, på alle moglege måtar. Det er fantastisk å ha dykk i ryggen! Den økonomiske støtta eg har fått har vidare gjort at eg har kunna konsentrera meg heilt og fullt om utdanninga mi i løpet av semestra, noko eg er svært takksam for. Eg ynskjer òg å trekkja fram mor, som med sine framifrå nynorskkunnskapar har lese korrektur på oppgåva og elles vore tilgjengeleg for hjelp når eg har trengt det.

Bergen, 20. november 2010.

Alf Magne Sirevåg

## **Innhold**

<b>Kapittel 1. Innleiing</b> .....	<b>5</b>
1.1 Tema.....	5
1.2 Problemstilling .....	6
1.3 Teori .....	7
1.4 Kjelder .....	9
1.5 Tidlegare forskning .....	12
1.6 Definisjonar .....	13
1.7 Struktur .....	14
<b>Kapittel 2. Henrik Wergeland og grunnlovsforbodet mot jødane sitt tilgjenge til Noreg</b> .....	<b>15</b>
2.1 Innleiing.....	15
2.2 Bakgrunnen for grunnlovsforbodet mot jødane sitt tilgjenge til Noreg.....	15
2.3 Den historiske personen Henrik Wergeland.....	17
2.4 Wergeland sin kamp for jødane til tilgjenge til Noreg .....	18
<b>Kapittel 3. Minninga av innsatsen i jødesaka under påverknad av den liberale atmosfæra rundt revolusjonsåret 1848</b> .....	<b>21</b>
3.1 Innleiing.....	21
3.2 Wergeland si gravferd 17. juli 1845 .....	21
3.3 Avdukinga av gravmonumentet over Wergeland i Stockholm den 22. oktober 1847.....	23
3.4 Avdukinga av gravmonumentet over Wergeland på Vår Frelsers Gravlund den 17. juni 1849...31	
3.5 Samandrag .....	38
<b>Kapittel 4. Inkluderinga av engasjementet for jødane i venstreiletet av Wergeland</b> .....	<b>39</b>
4.1 Innleiing.....	39
4.2 Avdukinga av statuen av Wergeland i Studenterlunden den 17. mai 1881 .....	39
4.3 Hundreårsjubileet for Wergeland sin fødsel den 17. juni 1908 .....	48
4.4 Antisemittisk motreaksjon: <i>Jøder og Gojim</i> .....	58
4.5 Samandrag .....	66
<b>Kapittel 5. Minninga av kampen i jødesaka i møte med den aukande antisemittismen før og under den andre verdskrigen</b> .....	<b>67</b>
5.1 Innleiing.....	67
5.2 Tradisjonen til <i>Jødisk Ungdomsforening</i> .....	67
5.3 Antisemittisk motreaksjon: <i>Jødeproblemet- og dets løysning</i> .....	76
5.4 Minninga av kampen for jødane sitt tilgjenge til Noreg under krigen .....	78
5.5 Samandrag .....	81
<b>Kapittel 6. Konklusjon</b> .....	<b>82</b>
<b>Litteratur og kjelder</b> .....	<b>85</b>



# Kapittel 1. Innleiing

## 1.1 Tema

Henrik Wergeland kjempa for å fjerna den siste setninga i § 2 i den norske grunnlova, som ikkje tillet jødar å koma til Noreg. Den aktuelle paragrafen var formulert slik:

” Den evangelisk-Lutherske Religion forbliver Statens offentlige Religion. - De Indvaanere, der bekjende sig til den, ere forbligtede til at oppdrage deres Børn i samme. – Jesuiter og Munke-Ordener maae ikke taales. Jøder ere fremdeles udelukkede fra Adgang til Riget”<sup>1</sup>

Det var Wergeland som sende inn forslaget til Stortinget om å ta vekk dette forbudet. I tillegg dikta og skreiv han for å fremja forslaget sitt overfor det norske folket generelt, og overfor stortingsrepresentantane spesielt, heilt frå engasjementet tok til, og heilt fram til sin død. Det er likevel ikkje Wergeland som er temaet for denne masteroppgåva, temaet er den norske nasjonen sitt forhold til dette som Wergeland gjorde for jødane uttrykt gjennom framstillinga av det i den norske minnekulturen. Ein minnekultur er eit fellesskap der ein fører kunnskap om fortida vidare. Den er vidare alltid konstruert og selektiv, den er påverka av dei som minnar, noko som medfører at ein minnekultur kan verta utforska for å få informasjon om dei minnande. Det vert mellom anna undersøkt om kateketen Asser Daniel Cohen fekk rett i dette, som han skreiv til Wergeland om forslaget til Stortinget om § 2: ”Historien vil alltid opbevare Deres ædle Navn, som den, der har lagt Grundstenen til dette ædle Værk”<sup>2</sup>

I vår tid vert det lagt stor vekt på Wergeland sitt engasjement for jødane, noko som til dømes vert reflektert gjennom at dei norske jødane vert kalla *Wergelands barn*. Dette vart dei til dømes kalla i tittelen til ei utstilling om jødisk liv i Noreg, som Norsk Folkemuseum sette opp i samband med markeringa av 150-års jubileet for fjerninga av grunnlovsforbudet i 2001. Utstillinga kom i løpet av dei neste to åra til rundt 90 bibliotek og andre institusjonar som var fordelte på heile Noreg, og vart seinare til og med sett opp i USA og Israel. Frå i år vert utstillinga tilboden til jødiske kulturinstitusjonar over heile Europa. Forfølginga av jødane under den andre verdskrigen har truleg gjort det meir ynskjeleg å leggja vekt på det

---

<sup>1</sup> Sitert etter Mendelsohn 1987, s. 49.

<sup>2</sup> Sitert etter Mendelsohn 1987, s. 96.

Wergeland gjorde for jødane. Denne jødeforfølginga er på den eine sida noko ein ikkje ynskjer å verta identifisert med, og er derfor ein stor motivasjonsfaktor for å fokusera på Wergeland sin innsats i jødesaka<sup>3</sup>. For den norske nasjonen var det i samband med forfølginga av jødane særleg viktig å distansera seg frå Vidkun Quisling og *Nasjonal Samling*, å framstilla dette som noko unorsk. Det å framstilla Wergeland sin kamp for jødane som noko som kjenneteikna det å vera norsk, var ein måte å gjera dette på. Denne motivasjonsfaktoren kjem tydeleg fram gjennom referansane til Wergeland i den fyrste tida etter krigen. Wergeland var eit gjennomgangstema i framstillinga av Noreg sitt forhold til sin jødiske minoritet i løpet av dei fyrste etterkrigsåra, han vart gjennom sin relasjon til jødane vist til som sjølv symbolet på nordmenn sin immunitet mot antisemittisme.<sup>4</sup> På grunn av erfaringane med forfølginga av jødane under den andre verdskrigen har ein på den andre sida òg vore oppteken av å forhindra at noko slikt skulle kunna skje igjen. Med bakgrunn i den store påverknaden som denne jødeforfølginga truleg har hatt for forholdet til Wergeland sitt engasjement i jødesaka, meiner eg det er særleg interessant å undersøkje korleis ein i Noreg stilte seg til dette engasjementet i tida før og under den andre verdskrigen. Det er nettopp dette som vert utforska i denne masteroppgåva.

## 1.2 Problemstilling

Temaet vil verta utforska gjennom denne problemstillinga: *Korleis vart Henrik Wergeland sin kamp for jødane sitt tilgjenge til Noreg inkludert i den norske minnekulturen i perioden 1845-1945?* Det vil vidare verta arbeidd ut frå dei følgjande underproblemstillingane: *Korleis vart Wergeland sitt engasjement for jødane inkludert i framstillingane av Wergeland? Kva posisjon hadde jødane som aktørar innanfor minninga av Wergeland? Kor sentral plass fekk Wergeland sin innsats i jødesaka i den norske minnekulturen?* Jødane si rolle vert spesielt undersøkt fordi dei er ei spesiell gruppe med bakgrunn i at det var for dei Wergeland kjempa, og òg fordi minnet om denne kampen naturleg nok var viktig for dei. Utforskinga tek til i 1845 fordi Wergeland døydde det året, noko som medførte at minnekulturen om han byrja. Den endar i 1945 på grunn av at eit ynskje om å utforska haldningane i Noreg til Wergeland sitt arbeid i jødesaka utan at dei er påverka av erfaringane frå forfølginga av jødane under den andre verdskrigen i etterpåklokskapen sitt lys. I september i 1946 hevda *Arbeiderbladet* på

---

<sup>3</sup> Dette er Wergeland sitt eige uttrykk for saka om jødane sitt tilgjenge til Noreg. Mendelsohn 1987, s. 61.

<sup>4</sup> Angår det ikke oss? (<http://www.aftenposten.no/meninger/debatt/article2811816.ece?service=print>). Henta den 9. november 2009.

leiarplass, at det norske folket hadde vore Wergeland sitt folk gjennom sine haldningar og handlingar overfor jødane under den andre verdskrigen:

”Det er den faste og avvisende holdningen det norske folk tok overfor tyskernes antisemittiske agitasjon og den selvfølgelige hjelpsomhet som ble vist de norske jødene da det gjaldt å redde medmenneskers liv. Når folket her hjemme opptrådte slik var det i samsvar med hele vår nasjonale tradisjon. Wergelands og Nansens folk kunne ikke opptre annerledes.”<sup>5</sup>

Var det norske folket Wergeland sitt folk før krigen, og under krigen då dette i aller sterkaste grad vart sett på prøve? Den lange undersøkingsperioden har vorte valt med bakgrunn i eit ynskje om å identifisera utviklingslinjer, noko som gjer det fordelaktig å utforska ein lang periode. Det er likevel viktig å gjera merksam på at perioden ikkje vert undersøkt år for år, det vil i staden verta fokusert på eit utval av særleg interessante kjelder, som er som stikkprøvar å rekna.

### 1.3 Teori

Den norske minnekulturen sorterer under omgrepet *kollektivt minne*. Den moderne forskinga på kollektivt minne vart grunnlagt av sosiologen Maurice Halbwachs og kulturhistorikaren Aby Warburg. Dei var dei fyrste som innanfor ramma av ein moderne kulturteori nytta omgrepet *kollektivt minne* og systematisk undersøkte dette fenomenet.<sup>6</sup> Halbwachs og Warburg etablerte tanken om at kunnskapen om fortida vert vidareført på den eine sida gjennom *sosial interaksjon*, og på den andre sida gjennom *forming av materielle gjenstandar*.<sup>7</sup> *Sosial interaksjon* betyr kommunikasjon til dømes gjennom tale og teikn. Det er mykje som går inn under kategorien *forming av materielle gjenstandar*, dette gjer til dømes tekstar, monument, bilete, lyd, film og ritual. Egyptologen og kulturteoretikaren Jan Assmann tok opp tanken om desse to ulike måtane å vidareføra erfaringar på.<sup>8</sup> Erfaringane som vert konserverte gjennom sosial interaksjon kalla han *det kommunikative minnet*, og dei som vert ført vidare gjennom kulturelle objekt kalla kan *det kulturelle minnet*. Det kommunikative

---

<sup>5</sup> Sitert etter Angår det ikke oss? (<http://www.aftenposten.no/meninger/debatt/article2811816.ece?service=print>). Henta den 9. november 2009.

<sup>6</sup> Erll 2005, s. 13.

<sup>7</sup> Erll 2005, s. 21.

<sup>8</sup> Dette og resten av avsnittet byggjer på Assmann 1992, s. 56.

minnet er personlege erfaringar som vert delte ved sosial interaksjon. Det er avgrensa til gå så langt tilbake i tid som det minnet til det medlemmet av den kommunikative fellesskapen som hugar lengst tilbake gjer, noko som medfører ei tidsramme på rundt 80-100 år. Det kommunikative minnet er i liten grad forma, og har ei uformell form. Det kulturelle minnet er kunnskap om fortida som vert vidareført gjennom materielle objekt og kulturelle tradisjonar, og har derfor heile fortida som si tidsramme. Det er i stor grad forma, og har ei formell form.

Det er vidare stor semje om minnekulturane sine konstruktive og selektive karakterar. Dei minnande vel å leggja vekt på enkelte aspekt av fortida, mens dei ser vekk frå andre delar av den.<sup>9</sup> Bygging og oppretthalding av gruppeidentitetar er vidare ein viktig del av funksjonane til minnekulturane. Det som tiltalar sjølvbiletet og interessene til gruppene er det som vert hugsa, og dette er i all hovudsak likskaps- og kontinuitetselement som viser at gruppa er den same som før.<sup>10</sup> Nasjonar nyttar vidare nasjonalheltar til å forma sine identitetar, dette vert gjort ved at det ein ynskjer skal vera ein del av eins nasjonale identitet vert lagt til dei nasjonale heltane som deira eigenskapar.<sup>11</sup> Henrik Wergeland er ein norsk nasjonalhelt, og ikkje berre det, han er truleg den største av dei alle. Litteraturvitaren Sigurd Aa. Aarnes har undersøkt dyrkinga av Wergeland som norsk nasjonalhelt. Han meiner at det karakteristiske ved skapinga av ein norsk nasjonal identitet på 1800-talet var at forfattarar vart nytta til dette i staden for militære heltar. Det var fleire forfattarar som vart nytta i identitetsbygginga, men Wergeland var i ei særstilling mellom desse.<sup>12</sup>

“Diktning og diktere kan altså brukes til så mangt. I vårt samfunn er det påfallende i hvilken grad de er blitt brukt for å bygge en nasjonal identitet. Billedlig talt kan man si at det norske folk i det 19. århundre ble samlet omkring sine store diktere - en Wergeland, en Bjørnson, en Ibsen. Men i særlig grad Wergeland! Da en norsk nasjonalbevissthet ble skapt, fungerte *han* som en slags legemliggjørelse av og brennpunkt for denne. Minnet om Wergeland som den forbilledlige patriot og henvisninger til hans liv og verk ble et sentralt trekk ved norsk

---

<sup>9</sup> Sjø Erlil 2005, s. 7-8.

<sup>10</sup> Erlil 2005, s. 17.

<sup>11</sup> Sjø Eriksonas 2004, s. 15-16.

<sup>12</sup> Aarnes 1991, s. 13-14.



nasjonsbygging i det 19. og første halvdel av det 20. århundre. “At nævne hans Navn, er som at vifte med et Syttendemai-flag,” sa Bjørnson i en 17. maitale i 1864.”<sup>13</sup>

Ei undersøking av inkluderinga av Wergeland sin innsats i jødesaka i den norske minnekulturen kjem altså til å seia noko om kva den norske nasjonen meinte om den, og vidare om denne innsatsen var ein del av den norske nasjonale identiteten.

## 1.4 Kjelder

Dei aktuelle kjeldene for dette masterprosjektet utgjer ei stor mengd, noko som har medført at eg har måtta gjera eit utval av dei. Eg har valt å hovudsakleg fokusera på store minnefeiringar som grunnlag for å svara på problemstillinga, og med store minnefeiringar meiner eg minnefeiringar med nasjonal innverknad. Store minnefeiringar er særleg viktige forum for forming av minne, og som ein del av den same saka særleg representative for dei minnekulturane dei er ein del av. Dette er høve som framstillingar av det som minnast samlar seg rundt, og det gjer òg meiningsytringar om framstillingane. Ein kan seia det slik at minna vert tekne opp til vurdering ved slike høve, og at det er stor deltaking i vurderingane. Meir konkret har eg valt å analysa alle dei store minnefeiringane som eg har funne fram til frå tidsrommet 1845-1945. Dei store minnefeiringane tek til med Wergeland si gravferd i 1845. Det var vidare ei stor minnefeiring i 1847, og ei i 1849. Dette var to ulike avdukingar av Wergeland sitt gravmonument. Det vart halde to avdukingar fordi dei som hadde finansiert minnesmerket, svenske og danske jødar, ikkje hadde lov til å koma til Noreg på denne tida utan leidebrev<sup>14</sup>. For at jødane skulle få vera med på ei avduking av monumentet vart det fyrst avduka i Stockholm før det vart sendt til Noreg. Sjølv om det er den norske minnekulturen som vert utforska, er avdukinga i Stockholm også viktig. Den er for det fyrste viktig fordi nordmenn deltok, og for det andre fordi det kom norske reaksjonar på den. I 1881 var det eit stort arrangement i samband med at statuen av Wergeland som står i Studentertunden vart avduka, og i 1908 feira ein hundreårsjubileet for Wergeland sin fødsel stort over heile landet. Når det gjeld hundreårsdagen har eg valt å undersøka jubilea i Kristiania, Kristiansand, Eidsvoll, Bergen, Trondheim og Stavanger. Eg valde å utforska feiringa i Kristiansand fordi det der vart reist ei statue av Wergeland, og at det i denne samanhengen var ei stor marking

---

<sup>13</sup> Aarnes 1991, s. 13-14.

<sup>14</sup> Jødane kunne søkja om leidebrev, noko som gav eit tidsavgrensa løyve til å opphalda seg i Noreg.

der. Eidsvoll valde eg med bakgrunn i staden sitt svært nære forhold til Wergeland, og dei andre stadane valde eg på grunn av deira storleik. Wergeland vart feira i mange forum både i 1881 og i 1908, til dømes på skular, og i ulike private forum. Eg har likevel valt å ta utgangspunkt i hovudarrangementa. Dette er ikkje fordi eg meiner dei andre arrangementa ikkje er viktige, men på grunn av at det stort sett er vanskeleg å finna informasjon om dei.

Det er hovudsakleg aviser som vert utforska for å få informasjon om dei store minnefeiringane. Avisene inneheld framstillingar av alle dei store minnefeiringane, og desse er stort sett omfattande, det vil seia at avisene til dømes trykte alle eller dei aller fleste talane og songane. Skildringane av hundreårsmarkeringane i Eidsvoll, Bergen, Trondheim og Stavanger er likevel ikkje omfattande, der vart det til dømes berre trykt skildringar eller delar av talar som vart haldne. Avisene trykte vidare òg eigne framstillingar av Wergeland i samband med alle dei store minnefeiringane utanom avdukinga av gravmonumentet i Stockholm, der dei norske avisene av naturlege årsaker ikkje deltok i form av eigne framstillingar. Avisene er òg kjelder til reaksjonar på framstillingar av Wergeland sitt engasjement for jødane gjennom gjengjevinga deira av slike framstillingar, og gjennom eventuelle eksplisitte meiningar om dei som vart ytra i avisene. Det finst òg bøker og andre utgjevingar med omfattande framstillingar av alle dei store minnefeiringane med unntak av avdukinga av wergelandsstatuen i Studenterlunden og hundreårsjubileet, og òg bøker eller andre utgjevingar som framstiller Wergeland som var ein del av desse to unntaka. Eg meiner at dette utgjer eit godt kjeldegrunnlag for alle dei store minnefeiringane med unntak av hundreårsmarkeringane i Eidsvoll, Bergen, Trondheim og Stavanger. Eg meiner likevel at kjeldegrunnlaget er godt nok til å utføra ein meningsfull analyse òg av desse unntaka. Aviser er alltid gode kjelder til reaksjonar, fordi sjølv det at det ikkje vert skrive noko er ein reaksjon. Avisene som vert undersøkte i denne oppgåva har generelt vorte valt ut med det siktepunktet at dei skal vera mest mogleg representative for den norske nasjonen.

I tillegg til dei store markeringane har eg òg valt å undersøkje ein tradisjon til *Jødisk Ungdomsforening*. Denne gjekk ut på at ein talte og la ein krans på Wergeland si grav kvar 17. mai frå rundt den fyrste verdskrigen fram til i dag, rett nok med unntak av okkupasjonen av Noreg under den andre verdskrigen. Denne tradisjonen valde eg med bakgrunn i at eg rekna med at ein la stor vekt på det Wergeland gjorde for jødane der, og fordi tradisjonen

gjekk over så mange år som den gjorde innanfor den perioden eg undersøker. Månadsbladet *Hatikwoh*, som var det einaste jødiske presseorganet i Noreg på 1930-talet,<sup>15</sup> er hovudkjelda til tradisjonen til *Jødisk Ungdomforening*. Dette bladet vart fyrst utgitt i 1929, og har med fylldige referat av alle markeringane frå dette året fram til okkupasjonen av Noreg under den andre verdskrigen. *Hatikwoh* trykte til dømes alle dei talane som vart haldne i denne perioden med unntak av i 1931, då vart det trykt ein del av talen mens ein del som ikkje vart trykt, vart skildra. Det eksisterer likevel få kjelder til kransnedleggingane i perioden før 1929. Arkivet til *Jødisk Ungdomforening* forsvann i løpet av krigsåra, noko som betyr at dei eksisterande kjeldene består av notisar i *Israeliten*, organet for *Skandinavisk Jødisk Ungdomsforbund*, og notisar i dei norske avisene. *Israeliten* finst ukomplett ved Nasjonalbiblioteket og i biblioteket til HL-senteret (Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter). Eg har ikkje prioritert å undersøka *Israeliten* fordi dette organet verkar lite fruktbart som kjelde. Oskar Mendelsohn som har skriva tobindsverket *Jødenes historie i Norge gjennom 300 år* viser berre til notisar i bladet om tradisjonen til *Jødisk Ungdomforening*,<sup>16</sup> og eg fann ikkje noko då eg sjølv undersøkte nokre av dei utgåvene som HL-senteret har.<sup>17</sup> Det finst lite informasjon om kransnedleggingstradisjonen før 1929 i dei norske avisene, desse har likevel vorte utforska fordi dei er viktige kjelder til reaksjonar på tradisjonen. Sjølv om eg har fått tak i lite informasjon om den fyrste perioden av tradisjonen til *Jødisk Ungdomforening* meiner eg at den informasjonen saman med informasjonen om markeringane i tidsrommet 1929-1939 kan nyttast til å danna eit bilete av dei kransnedleggingane som eg har få eller ingen kjelder til. Eg meiner altså at eg har eit godt kjeldemateriale for perioden 1929-1939, men at kjeldematerialet òg er godt nok til å kunna skriva noko meiningsfullt om tida før denne perioden.

Det vil vidare verta skriva om gjeninnføringa av grunnlovsforbodet mot jødane sitt tilgjenge til Noreg i 1942. Gjeninnføringa av grunnlovsforbodet vert utforska på grunn av at den gjorde det særleg aktuelt å koma med meiningsytringar om Wergeland sin kamp for å fjerna det. Eg har òg valt å særleg utforska korleis dei norske antisemittane forholdt seg til Wergeland sin innsats i jødesaka. Dette vert særleg undersøkt med bakgrunn i antisemittane sitt, naturleg

---

<sup>15</sup> Mendelsohn 1987, s. 636.

<sup>16</sup> Sjø Mendelsohn 1987, s. 416.

<sup>17</sup> HL-senteret har den største samlinga av *Israeliten* i Noreg.

nok, spesielle forhold til jødeemansipasjon (jødefrigjering), som Wergeland sin kamp for jødane sitt tilgjenge til Noreg var ein del av. Eg har valt å ta utgangspunkt i dei to antisemittiske bøkene *Jøder og Gojim* (fyrst utgitt i 1910) og *Jødeproblemet- og dets løsning* (fyrst utgitt i 1938) for å utforska dette, dette er dei einaste antisemittiske bøkene som vart gitt ut i Noreg i den perioden som vert undersøkt i dette masterprosjektet som omhandla norske forhold. *Jøder og Gojim* er truleg det fyrste nyare antisemittiske skriftet som vart skriva på norsk av ein nordmann.<sup>18</sup> Det vert sjølvsagt òg leitt etter antisemittiske tolkingar av Wergeland sin innsats for jødane som ein del av undersøkinga av minnefeiringane og gjeninnføringa av grunnlovsforbodet, men der er det ikkje spesielt desse det vert leitt etter, der vert det leitt generelt etter framstillingar av denne innsatsen. I denne samanhengen er utforskinga av *Fritt Folk*, hovudorganet til *Nasjonal Samling*, i samband med tradisjonen til *Jødisk Ungdomsforening* og gjeninnføringa av grunnlovsforbodet, i ei særstilling. Eg har alle utgåvene av *Jøder og Gojim* og *Jødeproblemet- og dets løsning*, og utover dette består kjeldene for undersøkinga av desse to og gjeninnføringa av grunnlovsforbodet av aviser, som vert utforska for å finna reaksjonar. Som det har vorte gjort greie for tidlegare, er aviser alltid gode kjelder til reaksjonar.

## 1.5 Tidlegare forskning

På 1990-talet vart det gjort eit omfattande forskingsarbeid om den norske nasjonale identiteten gjennom prosjektet *Utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet* som vart leia av historikaren Øystein Sørensen. Den norske minnekulturen si rolle i forminga av den nasjonale identiteten var naturleg nok òg ein viktig del av undersøkinga som vart gjort i dette prosjektet. Litteraturvitaren Sigurd Aa. Aarnes og historikaren Odd Arvid Storsveen<sup>19</sup> er vidare dei einaste som har forska på framstillinga av Henrik Wergeland i den norske minnekulturen. Boka til Aarnes "*Og nevner vi Henrik Wergelands navn*". *Wergeland-kultusen som nasjonsbyggende faktor* som kom ut i 1991 er det mest omfattande arbeidet om denne framstillinga. Storsveen skreiv om framstillinga av Wergeland i den norske minnekulturen som ein del av doktorgradsavhandlinga si *En bedre vår. Henrik Wergeland og norsk Nasjonalitet* frå 2004. Når det gjeld inkluderinga av Wergeland sitt arbeid i jødesaka i den norske minnekulturen, er det tilnærma ikkje gjort noko som helst. Det avgrensar seg til at

---

<sup>18</sup> Sunde Christensen 1998, s. 136.

<sup>19</sup> Storsveen deltok i prosjektet *Utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*.

Storsveen reknar opp talet på sider som omhandlar dette i ein del av biografiane om Wergeland og vurderer medtakinga i *Jødene historie i Norge gjennom 300 år* av Oskar Mendelsohn. Han kom fram til at biografane i aukande grad har fokusert på denne delen av livet til Wergeland, og at Mendelsohn har den grundigaste historiske gjennomgangen av engasjementet for jødane. Det er berre to av dei sju biografiane som Storsveen undersøkte som er innanfor min undersøkingsperiode.<sup>20</sup>

## 1.6 Definisjonar

Ein *minnekultur* er eit vidareføringsfellesskap der kunnskap om fortida vert konservert. Ein *nasjonal identitet* er forståinga av kva som kjenneteiknar ein gitt nasjon. Ordet *forståinga* er nytta i definisjonen fordi innbyggjarane i ein nasjon ikkje har noko direkte fellesskap med alle dei andre personane i nasjonen, noko som gjer at fellesskapet ikkje er verkeleg, men i staden er eit *førestilt fellesskap* som Benedict Anderson argumenterer for.<sup>21</sup> Ein *nasjonalhelt* er ein person som vert nytta til å personifisera ein nasjonal identitet. På denne måten vert nasjonalheltar nytta til å forma nasjonale identitetar.<sup>22</sup> Ein *nasjonalskald* er ein type nasjonalhelt som Wergeland fell inn under. Sigurd Aa. Aarnes trekkjer fram ulike element han meiner kjenneteiknar ein nasjonalskald som òg vert nytta i denne oppgåva. Ein nasjonalskald må vera ein viktig diktar. Det må vidare til ei viss grad vera semje om at personen i særleg grad er representativ for nasjonen, ei semje om at han anten har vore med på å byggja eller å oppretthalda den nasjonale identiteten. Aarnes held fram med at dei fleste av dei nasjonalskaldane han tek utgangspunkt i var politisk radikale, og at dei døydde unge. Dei fleste av desse var òg fyrst og fremst lyrikarar, og alle var anten samtidige med romantikken eller hadde eit forhold til den.<sup>23</sup>

---

<sup>20</sup> Sjø Storsveen 2004, s. 688.

<sup>21</sup> Sjø Anderson 2006, s. 6-7.

<sup>22</sup> Sjø Eriksonas 2004, s. 15-16.

<sup>23</sup> Sjø Aarnes 1991, s. 17-18.

## 1.7 Struktur

I kapittel 2 vert det gjort greie for bakgrunnsinformasjon i forhold til analysen. Der vert det fyrst skrive om korleis grunnlovsforbodet som stengde jødane ute frå Noreg vart til. Etter dette vert den historiske personen Henrik Wergeland presentert, i tillegg til at det vert skrive om innsatsen hans i jødesaka. På grunn av det store tidsspennet som vert utforska i denne oppgåva vil det verta gjort greie for anna bakgrunnsinformasjon, som til dømes politisk kontekst, i analysekapitla. Eg har valt å dela analysen inn i tre kapittel. Gravferda, og dei to avdukingane av gravmonumentet vert alle behandla i det fyrste analysekapitlet. Det vert skrive om minnefeiringane i 1881 og 1908 og om *Jøder og Gojim* i det andre av desse tre kapitla. I det siste analysekapitlet vert det skrive om tradisjonen til *Jødisk Ungdomsforening*, *Jødeproblemet- og dets løsning*, gjeninnføringa av grunnlovsforbodet, dei to tidlegare nemnde høva der det vart lagt ned kransar ved statuen av Wergeland i Studenterlunden under krigen og den tidlegare nemnde artikkelen om deporteringa av jødane frå Noreg.

Denne inndelinga har vorte valt med bakgrunn i kva eg har funne i kjeldene. Liberalsimen stod sterkt i Europa rundt revolusjonsåret 1848, og i det fyrste analysekapitlet vert det argumentert for at dette hadde stor innverknad på vektlegginga av Wergeland sitt engasjement i jødesaka under dei to avdukingane av gravmonumentet. Venstreiletet av Wergeland, som det vil verta gjort greie for seinare i oppgåva, er vidare den mest aktuelle konteksten for fokuseringa på Wergeland sin innsats for jødane under minnefeiringane i 1881 og 1908. I det siste analysekapitlet vert det skrive om perioden før og under den andre verdskrigen. Det vil verta argumentert for at den aukande antisemittismen i denne perioden hadde mykje å seia for minninga av det Wergeland gjorde for jødane i samband med kransnedleggingstradisjonen og gjeninnføringa av grunnlovsforbodet. Gravferda og dei to antisemittiske bøkene passer likevel ikkje inn med funna i dei andre kjeldene, dei er tekne med i dei kapitla dei er tekne med i fordi dei passer tidsmessig inn i desse kapitla. Etter analysen vil det verta konkludert i eit eige kapittel.

# Kapittel 2. Henrik Wergeland og grunnlovsforbodet mot jødane sitt tilgjenge til Noreg

## 2.1 Innleiing

I dette kapitlet kjem det til å verta gjort greie for korleis det norske grunnlovsforbodet mot jødane sitt tilgjenge til Noreg vart til, kven den historiske personen Henrik Wergeland var og kva kampen hans i jødesaka gjekk ut på. Dette er bakgrunnsinformasjon for den analysen som vil verta gjort i denne oppgåva.

## 2.2 Bakgrunnen for grunnlovsforbodet mot jødane sitt tilgjenge til Noreg

Kva var årsaka til at ein i Noreg fekk eit grunnlovsforbod som stengde jødane ute? Dette er noko som særleg inviterer til spørsmål på grunn av Grunnlova sin elles liberale karakter. Oskar Mendelsohn drøftar i det fyrste bindet av tobindsverket *Jødenes historie i Norge gjennom 300 år* forholdet mellom religiøse og politiske forklaringar på at grunnlovsforbodet vart til. Han meiner at religiøse grunnar var ein del av årsaka, men han stiller seg elles bak historikaren Arne Bergsgård si forklaring.<sup>24</sup> I det fyrste bindet av tobindsverket *Året 1814* argumenterer Bergsgård for at den usikre posisjonen til Noreg var det avgjerande for at jødane vart utestengde, at ein var redd for at jødane under dei rådande forholda ville få for stor økonomisk makt i Noreg.<sup>25</sup> Andra Tebbenhoff, som har skrive ei hovudfagsoppgåve om bakgrunnen for grunnlovsforbodet, "*Jødeparagrafen*". *Paragraf 2 i den norske grunnloven fra 1814*, konkluderer vidare med det same som Bergsgård. Tebbenhoff knyter likevel dette òg opp mot den norske nasjonale identiteten, at ein frykta at den potensielle økonomiske makta til jødane i Noreg ville bety slutten for denne.<sup>26</sup> Det verkar som om òg Henrik Wergeland og høgsterettsjustitiarius Paal Berg er av same oppfatning som Bergsgård, dette høvesvis i *Norges konstitusjons historie* og *Arven frå Eidsvoll. Norges Grunnlov*.<sup>27</sup> Idéhistorikaren Håkon Harket argumenterer i *Jødehat. Antisemittismens historie fra antikken*

---

<sup>24</sup> Sjø Mendelsohn 1987, s. 48-49.

<sup>25</sup> Sjø Bergsgård 1943, s. 289-290.

<sup>26</sup> Sjø Tebbenhoff 1996, s. 70-73.

<sup>27</sup> Sjø Wergeland 1997, s. 534 (fyrst utgitt i 1840-1843), og Berg 1945, s. 180.

*til i dag* til stor skilnad frå dei som til no har vorte presenterte, for at jødane vart utestengde frå Noreg på grunn av religiøse og sosiale fordommar.<sup>28</sup> Eg er noko usikker på kva Harket meiner med religiøse og sosiale fordommar, men eg meiner at det i det minste er i retning av å vera snakk om antisemittisme, noko som i tilfelle er ei analyse eg er samd med han i.

Mendelsohn byggjer sin argumentasjon på ytringar frå eidsvollsmennene som ikkje vart ytra i riksforsamlinga på Eidsvoll, og då hovudsakleg på ytringar frå 1840-åra. Tebbenhoff argumenter på si side ut frå sosiale, økonomiske, politiske og religiøse forhold i Noreg. Eg meiner likevel at debatten i sjølve riksforsamlinga om grunnlovsforbodet er ei betre kjelde til å forklara korleis det vart til enn dei som Mendelsohn og Tebbenhoff står seg på. Eg meiner at det er betre å ta utgangspunkt i debatten i riksforsamlinga for å forklara kvifor forbodet mot jødar vart til enn ytringar utanfor riksforsamlinga, der hovuddelen av desse i tillegg vart ytra mange år etter at grunnlovsforbodet vart til. For det fyrste har debatten direkte tilknytning til innføringa av forbodet, noko desse andre ytringane ikkje har. For det andre er det forbunde større usikkerheit vedrørande truverdet til Mendelsohn sine kjelder. På den eine sida hugs a eidsvollsmennene kanskje ikkje kva som verkeleg skjedde, og på den andre sida ynskte dei kanskje ikkje å framstilla innføringa av grunnlovsforbodet slik den eigentleg var då dei kom med desse ytringane. Tebbenhoff sin argumentasjon byggjer òg på forhold som ikkje hadde direkte samband med at grunnlovsforbodet vart til, noko som etter mi meining altså betyr at òg dette grunnlaget står tilbake for debatten i riksforsamlinga.

Eg meiner at det berre er forklaringa til Harket som stemmer overeins med dei argumenta som vart nytta for og mot utestengjinga i sjølve riksforsamlinga, rett nok med reservasjon om at det er antisemittisme han meiner med religiøse og sosiale fordommar. Dei i riksforsamlinga som var motstandarar av ei utestengjing av jødane argumenterte hovudsakleg ut frå eit liberalt perspektiv. Dei la vekt på at ei utestengjing ville vera intolerant, inhuman og illiberal, og på at det kunne vera økonomisk og kulturelt gagnleg for Noreg at jødar hadde tilgjenge til Noreg.<sup>29</sup> Tilhengjarane av ei utestengjing argumenterte med at jødane rekna det som fortjenestefullt å bedra kristne, og òg med at jødane ikkje assimilerte seg, og derfor ville utgjera ein stat i staten. Dei heldt fram med at dei verste av jødane, jødane som i denne samanhengen vart kalla

---

<sup>28</sup> Sjå Harket i Eriksen, Harket og Lorenz 2009, s. 208.

<sup>29</sup> Denne og dei tre neste setningane byggjer på Mendelsohn 1987, s. 42-49.



sjakrande, ville oversymja Noreg. Til slutt argumenterte dei for ei utestengjing med at jødar lenge hadde vore utestengde frå Noreg. Med bakgrunn i desse argumentasjonane meiner eg at antisemittisme er hovudårsaka til at grunnlovforbodet vart til. Framstillinga av jødane som utnyttande, som var ein stor del av argumentasjonen til tilhengjarane av ei utestengjing av jødane er ei antisemittisk framstilling av jødar. Det verkar som om grunnlovsforbodet som stengde jødane ute frå Noreg vart innført som ei følge av at antisemittismen sigra over liberalismen. Bergsgård, Wergeland, Berg og Harket byggjer alle sine forklaringar anten hovudsakleg eller utelukkande, på debatten i riksforsamlinga. Men som eg har argumentert for, korresponderer ikkje forklaringane til Bergsgård, Wergeland eller Berg med denne debatten.

### **2.3 Den historiske personen Henrik Wergeland**

Henrik Arnold Wergeland vart fødd i Kristiansand den 17. juni 1808. Han var son av presten og eidsvollsmannen Nicolai Wergeland og Alette Thaulow. Då Henrik var 9 år flytta familien til Eidsvoll der faren hadde fått stilling som prost. Henrik byrja å studera teologi i 1825, og vart cand.theol i 1829, men han vart ikkje prest. Han var ein omdiskutert, radikal mann, og fekk derfor ikkje noka prestestilling. Henrik var først og fremst ein yttarst samfunnsengasjert diktar. Han var oppteken av at Noreg skulle vera fritt, og av å kjempa for dei svake overalt der han fann dei. Han var for det fyrste omdiskutert og vart rekna som radikal på grunn av engasjementet for Noreg sin fridom, og fordi han ynskte at Noreg skulle verta ein republikk. For det andre hadde han eit humanistisk perspektiv på kristendommen. For det tredje var han innblanda i mykje fyll og spetakkel. Henrik trulova seg i 1839 med Amalie Sofie Bekkevold som han seinare gifta seg med. Det var likevel ikkje berre den etablerte samfunnsorden som skulle snu ryggen til Henrik. Etter at det i 1839 vart kjent at han hadde fått eit stipend frå kongen i to år, samt at han i 1840 fekk stillinga som den første riksantikvaren i Noreg av kongen, mot regjeringa sin vilje, mista han òg sine radikale vener. Henrik var utstøytt frå størstedelen av det norske samfunnet frå denne tida og fram til han låg på dødsleiet, då han låg for døden vende det norske samfunnet seg til han som ein angrande syndar. Henrik Wergeland døydde den 12. Juli 1845 i Christiania etter lang tids sjukdom.

## 2.4 Wergeland sin kamp for jødane sitt tilgjenge til Noreg

Wergeland sin kamp mot det norske grunnlovsforbodet som stengde jødane ute frå Noreg tok til med at han i 1839 sende inn eit forslag til Stortinget om å fjerna den siste setninga, ”Jøder ere fremdeles udelukkede fra Adgang til Riget”<sup>30</sup>, frå den aktuelle paragrafen.<sup>31</sup> I det fyrste bindet av tobindsverket *Jødenes historie i Norge gjennom 300 år* trekkjer Oskar Mendelsohn fram eit møte Wergeland hadde med nokre marokkanske jødar i Paris i 1831 som ein viktig grunn for at han sende inn forslaget. Han argumenterer for dette med å visa til at Wergeland sjølv, i følgje Mendelsohn, grunnjev innsendinga av forslaget med at han følte at det var urett at jødane var utestengde frå Noreg ein gong då han kom i hug møtet han hadde hatt med dei marokkanske jødane.<sup>32</sup> Mendelsohn meiner òg at ei auka interesse i Noreg, Sverige og Danmark for å arbeida for jødeemansipasjon har vore ein del av årsaka til at Wergeland byrja å kjempa for dette.<sup>33</sup> Odd Arvid Storsveen reknar i biografien sin om Wergeland, *Mig selv. En biografi om Henrik Wergeland*, kampen som ein del av ein allmenn opplysningshorisont, som han meiner Wergeland trudde på. Wergeland var ifølgje Storsveen oppteken av å fremja nye politiske ideal i det norske samfunnet. Kampen for jødane sitt tilgjenge til Noreg fall inn under generell humanisme og toleranse, noko som var ein del av desse ideala.<sup>34</sup>

Stortinget avgjorde at forslaget skulle verta offentleggjort før Stortinget vart oppløyst, og at spørsmålet skulle verta avgjort i det neste Stortinget, i 1842.<sup>35</sup> Wergeland arbeidde i tida fram mot stortingsbehandlinga for å få forslaget sitt gjennom.<sup>36</sup> Utgjevinga av boka *Indlæg i Jødesagen* var ein del av dette arbeidet. Denne delte han ut til alle formannskapa og alle stortingsrepresentantane. Wergeland gav vidare ut diktsamlinga *Jøden*, dette i to opplag fordi det første opplaget vart utseld, òg denne sende han til kvar enkelt stortingsrepresentant. Vidare forsynte han konstitusjonskomiteen med opplysningar for å fremja saka si, og han deltok òg i den offentlege debatten. Konstitusjonskomiteen stilte seg positiv til Wergeland sitt forslag med 5 stemmer for og 2 stemmer mot. I Stortinget var det 51 som stemde for instillinga frå komiteen, mens 43 stemde mot. Fordi det vert kravd 2/3 fleirtal for å endra Grunnlova, gjekk ikkje forslaget til Wergeland gjennom. Same dagen som forslaget lei

<sup>30</sup> Sitert etter Mendelsohn 1987, s. 66.

<sup>31</sup> Mendelsohn 1987, s. 66.

<sup>32</sup> Sjø Mendelsohn 1987, s. 67.

<sup>33</sup> Sjø Mendelsohn 1987, s. 68.

<sup>34</sup> Sjø Storsveen 2008, s. 448-449.

<sup>35</sup> Mendelsohn 1987, s. 70.

<sup>36</sup> Dette og resten av avsnittet fram til neste fotnote byggjer på Mendelsohn 1987, s. 71-195.

nederlag i Stortinget, sende Wergeland forslaget inn på nytt for behandling i det neste Stortinget, i 1845. Wergeland byrja tidleg å arbeida fram mot den neste stortingsbehandlinga. I 1842, etter at forslaget hadde vorte behandla i Stortinget, gav han ut boka *Jødesagen i det norske Storting*. Han arbeidde mykje med å fremja stortingsforslaget sitt, og arbeidet bestod fyrst og fremst i deltaking i den offentlege debatten. Wergeland la likevel òg ned ein stor innsats for saka ved hjelp av poesi, der diktsamlinga *Jødinden* var det viktigaste bidraget. Wergeland kjempa for jødane sitt tilgjenge til Noreg heilt til han døydde. Forslaget hans kom opp i Stortinget på nytt to månader etter at han døydde.<sup>37</sup> Grunnlovsforbodet vart ikkje fjerna av Stortinget i 1845, og heller ikkje i 1848 då saka òg var oppe. Fyrst i 1851 vart det oppheva.

Wergeland la mest vekt på det at utestengjinga av jødane var imot Gud sin vilje i argumentasjonen sin mot grunnlovsforbodet.<sup>38</sup> Han meinte at dette argumentet var tilstrekkeleg i seg sjølv, og at det var viktigare enn alle andre omsyn i saka. Utestengjinga var i strid med Jesus Kristus sitt bod om at ein skal elska sin neste som seg sjølv. Forbodet krenkte vidare Grunnlova si ånd og karakteren til den norske nasjonen. Utestengjinga av jødane medførte at både Grunnlova og nasjonen stod tilbake for resten av Europa. For med unntak av Spania, var det ikkje nokon stad i Europa ein var så intolerant i forhold til jødane som i Noreg. Både nasjonen si ære i utlandet og nasjonen sin moralske tilstand stod på spel i jødesaka. På grunn av deira moralske eigenskapar ville jødane vidare kunna gjera Noreg meir religiøst. Dei økonomiske evnene til jødane, og deira kapital, kunne òg gagna det norske næringslivet. Wergeland argumenterte òg for moglegheita av at Grunnlova kunne endrast som ein del av argumentasjonen mot forbodet. Den viktigaste delen av denne argumentasjonen var at respekten for Grunnlova måtte vika i møte med erkjenninga av at Grunnlova strei mot kristendommen og samvitet. Grunnlova hadde vidare fått ein tilstrekkeleg sterk posisjon hjå det norske folket til at den tålte å verta endra. I tillegg til dette var konstitusjonar - på lik linje med alt anna menneskeskapt – ufullkomne, og moglegheita for feil i den norske grunnlova var særleg stor med bakgrunn i den korte tida den hadde vorte til på. Wergeland trekte fram ordet *fremdeles* i formuleringa som utestengde jødane frå Noreg som eit døme på feil, han gjorde merksam på at portugisiske jødar frå 1657 hadde hatt lov til både å reisa og å ernæra seg i Noreg. Wergeland argumenterte til slutt mot tanken om at jødane sine forpliktingar overfor den jødiske nasjonen ville føra til at jødane ville vera illojale mot Noreg. Det stemde at det

---

<sup>37</sup> Dette og resten av avsnittet byggjer på Mendelsohn 1987, s. 218-275.

<sup>38</sup> Dette og resten av avsnittet byggjer på Storsveen 2008, s. 450-464.

var uråd å tena to fedreland, men det eksisterte ikkje nokon jødisk nasjon, ingen som jødane hadde forpliktingar overfor som hindra dei i å oppfylla dei forpliktingane som følgde med det å vera norsk borgar. Jødane var ikkje nokon nasjon fordi dei ikkje hadde nokon eigen stat eller statlege institusjonar. Wergeland var òg av den oppfatninga at jødane ville tilpassa sine tradisjonar til å passa med det som det vart kravd av ein norsk borgar som ein reaksjon på at dei fekk eit reelt fedreland.

Den største motstanden mot forslaget til Wergeland kom frå bondestanden, mens den utdanna eliten hovudsakleg støtta det.<sup>39</sup> Wergeland hadde støttespelarar òg i utlandet, der svenske og tyske jødar var dei mest sentrale av desse, og der medlemmane av den private foreininga *Judiska Intresset* var i ei særstilling mellom desse igjen. Denne foreininga vart stifta i 1841, og hadde avdelingar i Stockholm og Göteborg.<sup>40</sup> Medlemmane arbeidde svært aktivt for å fremja jødeemansipasjon. Dette gjorde dei gjennom avisartiklar, brosjyrar, og gjennom lobbyverksemd opp mot leiande politikarar. Foreininga hadde aldri ein stor medlemsmasse, i løpet av dei fyrste 10 åra hadde den ikkje fullt 30 medlemmar, men medlemsmassen bestod av ein elite av dåtidas utdanna jødiske ungdom. Mendelsohn meiner at Wergeland truleg ikkje var klar over at han kommuniserte med ei heil foreining når han kommuniserte med dei svenske støttespelarane sine som var medlemmar av denne foreininga.<sup>41</sup>

---

<sup>39</sup> Dette og det følgjande fram til neste fotnote byggjer på Mendelsohn 1987, s. 71-195.

<sup>40</sup> Dette og det følgjande fram til neste fotnote byggjer på Valentin 1924, s. 499-500.

<sup>41</sup> Sjå Mendelsohn 1987, s. 85.

# **Kapittel 3. Minninga av innsatsen i jødesaka under påverknad av den liberale atmosfæra rundt revolusjonsåret 1848**

## **3. 1 Innleiing**

I dette kapitlet vert det skrivne om den fyrste perioden av kulten rundt Henrik Wergeland. Wergeland mista, som tidlegare nemnt, tilnærma all støtte i Noreg i løpet av livet. Støtta kom likevel tilbake medan han låg på dødsleiet. Men sjølv om Wergeland vart hylla frå og med sin død var, hans gamle fiendar, dei politisk konservative, sterke i den fyrste perioden av minninga av han. Wergeland vart hylla frå fyrste stund etter at han var død, men han fekk nok ein sterkare posisjon frå og med 1870-80-åra, då dei liberale kreftene i politikken vann fram i Noreg. Sjølv om dei liberale kreftene fekk makta i Noreg seinare vil det verta argumentert for at den sterkt liberale atmosfæra i Europa rundt revolusjonsåret 1848 hadde stor innverknad på minninga av Wergeland sitt engasjement for jødane i den perioden det vert skrivne om her. Inkluderinga av arbeidet til Wergeland i jødesaka i den norske minnekulturen, vert undersøkt gjennom tre minnefeiringar. Dei tre aktuelle minnefeiringane er gravferda i 1845, og to avdukingar av det same gravmonumentet, ei i Stockholm i 1847, og ei i Christiania i 1849.

## **3.2 Wergeland si gravferd 17.juli 1845**

### **3.2.1 Stor vektlegging av engasjementet for jødane frå fyrste stund**

Wergeland vart hovudsakleg framstilt som ein forkjempar for eit fritt Noreg under gravferda. Dette var det begge dei to som talte la mest vekt på. Dei to talarane var den forrettande presten, pastor Biørn, og Eilert Sundt som snakka på vegne av studentane.<sup>42</sup> Wergeland vart vidare omtalt på same måten i éin av dei fire songane som vart sungne,<sup>43</sup> denne er forfatta av Bernhard Kokk.<sup>44</sup> Utanom gjengjevingar av sjølve gravferda framstilte avisene Wergeland

---

<sup>42</sup> Pastor Biørn heldt to talar, ein i kyrkja og ein ved jordpålegginga. Dei to talane hans står høvesvis i Kokk 1845, s. 5-10 og 18-19. Eilert Sundt talte i kyrkja. Denne talen står i Kokk 1845, s. 10-17.

<sup>43</sup> Songane står i Kokk 1845.

<sup>44</sup> Denne songen står i Kokk 1845, s. 18.

gjennom hans fyrste epitaf og eit dikt. Dei vart begge trykte i *Morgenbladet*,<sup>45</sup> også der vart det fokusert mest på engasjementet hans for Noreg sin fridom. Wergeland sitt arbeid i jødesaka var likevel òg ein sentral del av omtalen av han under gravferda. Det kom fram gjennom talen til Sundt, der den fekk ein sentral plass. Det einaste Sundt la meir vekt på var Wergeland sitt engasjement for Noreg sin fridom, og arbeidet hans for dei svake i det norske samfunnet.<sup>46</sup> Dette var den einaste talen utanom presten sine talar i kyrkja og ved jordpålegginga,<sup>47</sup> noko som gjer den til ei sentral hending under gravferda. Sundt omtalte engasjementet for jødane, saman med Wergeland sitt arbeid for eit fritt Noreg og for dei svake i det norske samfunnet, som beundringsverdig.<sup>48</sup> Det var likevel ingen jødar tilstades under gravferda, noko som truleg hadde praktiske årsaker. Dei jødane som eventuelt kunne tenkt seg å kome var truleg for langt vekke til at det ville vera mogleg for dei å koma tidsnok. Wergeland vart gravlagd fem dagar etter at han døydde. Jødane hadde framleis ikkje tilgjenge til Noreg, men det var mogleg for jødar å søkja om leidebrev. For det fyrste måtte jødane altså koma frå utlandet, og for det andre måtte dei søkja om leidebrev, noko som ytterlegare ville ha forsinka dei.

### 3.2.2 Generell aksept for omtalen av arbeidet i jødesaka

Det verkar som om framstillinga av Wergeland sin kamp for jødane hadde brei aksept i Noreg. Gravferdsfølget bestod for det fyrste av ei svært stor folkemengd.<sup>49</sup> Der gjekk alle studentane, dei innbedne av Wergeland sine vener, størstedelen av stortingsrepresentantane, statsrådar,<sup>50</sup> og representantar frå alle stendene.<sup>51</sup> Vidare meiner Bernhard Kokk, som har skrivne ei framstilling av gravferda i bokform *Minde ved Henrik Wergelands Grav*, at det var samla ei utallig mengd menneske langs den ruta der følget gjekk.<sup>52</sup> Talen til Sundt, der innsatsen i jødesaka vart omtalt, vart vidare trykt i boka til Kokk,<sup>53</sup> mens *Morgenbladet*<sup>54</sup> og *Den Constitutionelle*<sup>55</sup> skildra den.<sup>56</sup> Dei einaste to meningsytringane om talen til Sundt i dei

<sup>45</sup> Epitafen står i *Morgenbladet* 13. juli (nr. 194) 1845, s. 1, og diktet står i *Morgenbladet* 20. juli (nr. 201), s. 2.

<sup>46</sup> Talen til Sundt står i Kokk 1845, s. 10-17.

<sup>47</sup> Sjå Kokk 1845.

<sup>48</sup> Sjå Kokk 1845, s. 13.

<sup>49</sup> *Morgenbladet* 18. juli (nr. 199) 1845, s. 2.

<sup>50</sup> *Morgenbladet* 18. juli (nr. 199) 1845, s. 2.

<sup>51</sup> Kokk 1845, s. 4.

<sup>52</sup> Sjå Kokk 1845, s. 4.

<sup>53</sup> Sjå Kokk 1845, s. 10-17.

<sup>54</sup> *Morgenbladet* var eit liberalt opposisjonsorgan. Sjå Nordland i Flo 2010, s. 220.

<sup>55</sup> *Den Constitutionelle* var eit organ for ein konservativ elite. Sjå Ottosen i Flo 2010, s. 84.

<sup>56</sup> Sjå *Morgenbladet* 18. juli (nr. 199) 1845, s. 2, og *Den Constitutionelle* 18. juli (nr. 199) 1845, s. 3.

utforska kjeldene, kom i *Morgenbladet*. Den fyrste vurderinga står i avisa sitt referat av gravferda, der avisa uttrykte seg positivt om talen.<sup>57</sup> Den andre vurderinga er det far til Henrik Wergeland, Nicolai Wergeland<sup>58</sup>, som stod for. Også han uttrykte seg positivt.<sup>59</sup> Begge vurderingane av talen er likevel generelle og overflatiske, og framstillinga av arbeidet for jødane vert ikkje trekt fram spesielt verken på den eine eller andre måten. Ut frå dei undersøkte kjeldene kom det altså ingen reaksjonar som retta seg spesielt mot inkluderinga av arbeidet i jødesaka. Mangelen på reaksjonar reflekterer likevel ikkje nokon motvilje, den er ikkje eit utslag av utfrysning. Dei utforska kjeldene tyder på at både gravferda som heilskap, og talen til Sundt spesielt, vart utelukkande godt mottekne, og inkluderinga av innsatsen for jødane vart behandla som ein naturleg del av dei begge. Omtalen av engasjementet i jødesaka vart inkludert på den same måten som dei andre elementa i talen til Sundt i den einaste gjengjevinga av den, som står i *Minde ved Henrik Wergelands Grav*. Med bakgrunn i dette, tyder det at det ikkje kom nokon reaksjonar, og derfor heller ikkje nokon kritikk, på at inkluderinga vart generelt akseptert.

### **3.3 Avdukinga av gravmonumentet over Wergeland den 22. oktober 1847 i Stockholm**

#### **3.3.1 Jødisk initiativ til eit stort fokus på Wergeland sitt engasjement for dei**

Med ein gong dei svenske jødane fekk vita at Wergeland var død, byrja dei å tenkja på å heidra minnet hans.<sup>60</sup> Foreininga *Judiska Intresset*, som var svært aktiv i kampen for jødeemansipasjon og som støtta Wergeland i kampen hans for jødane sitt tilgjenge til Noreg, tok initiativ til dette. Saka vart teken opp på eit møte i denne foreininga den 30. juli 1845. Der vart det føreslått at foreininga skulle stilla seg i spissen for ei pengeinnsamling mellom svenske og danske jødar til eit monument på Wergeland si grav. Forslaget vart einstemmig vedteke, og det vart nedsett ein komité for å arbeida med dette. Det vart arbeidd med å samla

---

<sup>57</sup> Sjå *Morgenbladet* 18. juli (nr. 199) 1845, s. 2.

<sup>58</sup> Sjølv om eidsvollsmannen Nicolai Wergeland var ein av dei ivrigaste talsmennene under riksforsamlinga for å stengja jødane ute frå Noreg skifta han seinare syn på saka og støtta sonen sin i kampen hans for å oppheva grunnlovsforbodet.

<sup>59</sup> Sjå *Morgenbladet* 20. juli (nr. 201) 1845, s. 2.

<sup>60</sup> Dette og det følgjande fram til neste fotnote med unntak av ”som var svært aktiv i kampen for jødeemansipasjon og som støtta Wergeland i kampen hans for jødane sitt tilgjenge til Noreg” byggjer på Mendelsohn 1987, s. 196.

inn pengar i Stockholm, Göteborg og København.<sup>61</sup> Jødane i Norrköping bidrog òg økonomisk til minnesmerket.<sup>62</sup> Ein måtte innhenta dei norske styresmaktene sitt samtykke til reisinga av eit monument på grava, noko ein fekk utan større vanskar. Dette fordi ein hadde sett seg i skriftleg kontakt med Wergeland sin venn og meiningsfelle i jødesaka, sorenskrivar Sørensen, og med pastor Biørn som var gift med Wergeland si enke.<sup>63</sup> Gravmonumentet skulle sjølvsagt avdukast ved Wergeland si grav, der det skulle stå. Men fordi jødane enno ikkje hadde fått tilgjenge til Noreg i 1847, vart det fyrst arrangert ei avduking av monumentet i Stockholm før det vart sendt til Christiania. Dette vart gjort slik at dei som hadde betalt for gravmonumentet skulle få vera med på ei avduking av det.<sup>64</sup>

Som ein kan forventa ut frå kven som stod bak arrangementet, vart det i all hovudsak fokusert på Wergeland sin kamp for jødane under denne minnefeiringa. Sjølve gravmonumentet peikar tydeleg på denne kampen. For det fyrste vart det gitt i takkemd for arbeidet i jødesaka, og det endåtil av jødar utanfor Noreg. For det andre peikar sjølve utforminga av monumentet på dette arbeidet. Det ein fyrst legg merke til i denne samanhengen er inskripsjonane, der særleg det som står skrive på baksida av monumentet viser til arbeidet i jødesaka. På framsida av monumentet står det: ”HENRIK WERGELAND f: MDCCCVIII d: MDCCCXLV, den utrættelige kæmper for meneskets og borgerens frihed og ret”. Denne universelle formuleringa er eit utslag av ei liberal forståing av jødeemansipasjon som ein del av fremjing av menneskerettar generelt. På baksida står det: ”taknemmelige jøder udenfor norriges grændser reiste ham dette minde MDCCCXLVII”. Noko som ikkje er like tydeleg, er det at bysta av Wergeland òg reflekterer arbeidet for jødane. Dette har likevel Hugo Valentin lagt merke til. Han skriv at bysta førestiller Wergeland slik han såg ut dei siste åra av sitt liv, då han frå sjukesenga leia kampen for jødane sine menneskerettar.<sup>65</sup>

---

<sup>61</sup> Valentin 1924, s. 535.

<sup>62</sup> Mendelsohn 1987, s. 196.

<sup>63</sup> Valentin 1924, s. 535.

<sup>64</sup> *Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i Stockholm den 22de oktober 1847* s. 6.

<sup>65</sup> Sjå Valentin 1924, s. 536.





"Henrik Wergelands Gravmonument". Litografi. "Holcks lith. Atelier (!) i Christiania"

Eier: Nasjonalbiblioteket (ref.: Ms.fol. 3418: g, hskr\_10513)

Lipman Lipmanson, som på 1840-talet var ein av dei mest aktive medlemmane av avdelinga til *Judiska Intresset* i Stockholm,<sup>66</sup> heldt avdukingstalen.<sup>67</sup> Vidare talte diktaren og folkeviseutgjevaren, prost Arvid August Afzelius, som hadde vore ein god venn av Wergeland. Også den norske statsministeren i Stockholm, Fredrik Due, og pastor Nils Johan Ekdahl talte. Alle utanom Ekdahl framstilte Wergeland hovudsakleg som ein forkjempar for jødane sitt tilgjenge til Noreg.<sup>68</sup> Denne kampen omtalte dei vidare som ein del av ein generell kamp for menneskerettar, noko som reflekterer ei liberal forståing av denne kampen. Ekdahl, som hadde teke ordet utanom programmet,<sup>69</sup> snakka ikkje om engasjementet i jødesaka i det

<sup>66</sup> Valentin 1924, s. 500.

<sup>67</sup> Sjå *Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i Stockholm den 22de october 1847*, s. 6.

<sup>68</sup> Talane til Lipmanson, Afzelius og Due står høvesvis på side 6-13, 15-19, og 19-21 i *Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i Stockholm den 22de october 1847*.

<sup>69</sup> Mendelsohn 1987, s. 199.

heile. Han presenterte i staden Wergeland hovudsakleg som ein forkjempar for eit fritt Noreg.<sup>70</sup>

Kampen for jødane sitt tilgjenge til Noreg vart likevel ikkje berre framstilt under avdukinga, den vart òg vidareført. I denne samanhengen er det interessant at det var *Judiska Intresset* som tok initiativet til å reisa monumentet på Wergeland si grav, og som arrangerte minnefeiringa. Som det har vorte skriva om tidlegare i oppgåva, engasjerte foreininga sine medlemmar seg svært mykje for jødeemansipasjon, og foreininga var òg ein av Wergeland sine mest sentrale støttespelarar i arbeidet mot grunnlovsforbodet. Arrangementet vart nytta til fremjing av jødeemansipasjon generelt, og til fremjing av jødeemansipasjon i Noreg spesielt. Motivet for å fremja jødeemansipasjon var endåtil avgjerande for kva material gravmonumentet vart laga av. Det var fyrst meininga at monumentet skulle verta laga av granitt, noko avdelinga av *Judiska Intresset* i Stockholm hadde fatta vedtak om.<sup>71</sup> Innsamlingskomiteen var likevel ikkje samd i at dette var den beste løysinga, den avgjorde at monumentet i staden skulle støypast i jern. Motivasjonen for å fremja jødeemansipasjon var avgjerande for kva material gravmonumentet skulle verta laga av. Men dette var ikkje fordi ein meinte at jern fremja jødeemansipasjon i større grad enn granitt, materialet i seg sjølv var ikkje det viktige. Det viktige var kven dei aktuelle fagfolka innanfor granittarbeid og jernstøyping var. Ein valde jern fordi minnesmerket då kunne verta laga av Jacques Lamm. Det at Lamm var jøde, kombinert med at han var ein god fagmann, var grunnen til at innsamlingskomiteen ynskte at han skulle laga gravmonumentet. Innsamlingskomiteen meinte at valet av Lamm ville bidra til å fjerna ei av vrangførestellingane om jødane i Noreg når ein der fekk sjå at ein av dei beste jernstøyparane i Sverige var jøde og fekk oppdraget.<sup>72</sup> Lamm eigde Ludvigsbergs verkstad, støyperiet der monumentet skulle støypast. Han skulle vidare leia arbeidet og tilbød seg òg å reisa monumentet på Wergeland si grav om han fekk leidebrev.

Det vart vidare argumentert for jødeemansipasjon i talane. Lipmanson appellerte til dømes til kjenslene ved å trekkja fram at det ikkje var jødar til stades under gravferda til Wergeland som eit resultat av grunnlovsforbodet:

---

<sup>70</sup> Talen til Ekdahl står i *Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i Stockholm den 22de oktober 1847*, s. 21-24.

<sup>71</sup> Denne og den neste setninga byggjer på Mendelsohn 1987, s. 196.

<sup>72</sup> Dette og resten av avsnittet byggjer på Mendelsohn 1987, s. 196.

”Men se, blandt Skandinaviens sørgende Sønner stode der Nogle, som vel ei lode sin Sorg blive høimælt, men som desto dybere følte Tabets Smerte. Og denne sørgende Hob, hvor finde vi den vel? Forgjæves søge vi den blandt det fremskridende Liigtog, eller ved den Henfarnes Grav, forgjæves blandt Norges sneklædte Fjelde – nei! Ikke der; thi Lovens iiskolde Bogstav har udtalt det, og udtaler det endnu, at Israeliterne, fordi de, med Oppofrelser af det jordiske Gode, hænge fast ved deres Tro, som blev dem aabenbaret paa Østerlands Bjerg, skulle være forviste fra Noras Fjelde.”<sup>73</sup>

Afzelius appellerte mellom anna òg til samvitet. Han snakka til dømes generelt om lidingane til jødane opp gjennom historia, og spesielt om jødane si utestengjing frå Noreg.<sup>74</sup> Due fokuserte i sin argumentasjon til dømes på at det intolerante grunnlovsforbodet strei mot - og var vanærande for den elles liberale Grunnlova:

”Ædel og uegennyttig var den Bevæggrund, der oppfordrede Henrik Wergeland til, med hans livlige Sjæls hele Fylde, at omfatte Jødernes Emancipasjon i Norge og, som et av hans livs viktigste Opgaver, at virke til Ophævelsen af en, mod sand Kristendom og almindelige menneskelige Rettigheder stridende Bestemmelse i vor Grunnlov; - en Grunnlov der, i alle andre henseender, saa varmt aander Frihed og Lighed, Humanitet og Liberalitet.

... - Henrik Wergeland nedlagde et Frø, som himlen ikke vil negte sin Velsignelse; - allerede kunde han, med kjærlig haand pleie den spæde Plante, som trods en ufruktbar Jordbund skjød frodigt op; - allerede støttede han selv og mange Retttænkende med ham den ranke Stængsel; men – Livets og Dødens Herre stansede ham under Arbeidet: - det blev ham ikke forundt at see Frugten modnet; - at see denne Rustplet paa vor Forfatnings blanke Skjold afvadsket.”<sup>75</sup>

### **3.3.2 Hovudsakleg støtte i Noreg for fokuset på det Wergeland gjorde for jødane**

Ut frå dei som deltok under avdukinga går det fram at framstillinga av Wergeland sitt arbeid for jødane sitt tilgjenge til Noreg iallfall var støtta av ein liberal elite, men òg at det vart støtta av den norske regjeringa. Deltakarane under minnefeiringa bestod av særleg inviterte gjestar,<sup>76</sup> og dei 80 personane som deltok bestod hovudsakleg av folk som hadde vore med å

<sup>73</sup> Sitert etter *Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i Stockholm den 22de oktober 1847*, s. 7.

<sup>74</sup> Sjå *Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i Stockholm den 22de oktober 1847*, s. 16-17.

<sup>75</sup> Sitert etter *Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i Stockholm den 22de oktober 1847*, s. 20.

<sup>76</sup> Sjå *Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i Stockholm den 22de oktober 1847*, s. 6.

finansiera monumentet, og embetsmenn og skribentar som var interesserte i jødisk emansipasjon.<sup>77</sup> Alle tenestemennene ved den norske statsrådsavdeling i Stockholm var òg til stades,<sup>78</sup> og det at statsminister Due endåtil talte forsterkar inntrykket av deira støtte.

Det var likevel ikkje berre den norske regjeringa som i Noreg støtta minninga av Wergeland sitt engasjement i jødesaka under avdukinga i Stockholm. Det går fram av den norske pressedekninga av minnefeiringa at minninga hadde brei støtte i det norske samfunnet. Dei norske avisene gjengav framstillinga av innsatsen for jødane i stor grad. *Morgenbladet*<sup>79</sup> skildra talane til Lipmanson og Afzelius, og trykte talen til Due.<sup>80</sup> *Den norske Rigstidende*<sup>81</sup> nemnde talen til Lipmanson, skildra talen til Afzelius og trykte talen til Due. Avisa gjorde òg greie for andre stader der talane til Lipmanson og Due var trykte.<sup>82</sup> *Christiania Intelligentssedler* trykte alle talane,<sup>83</sup> mens *Den vestlandske Tidende* trykte slutten av talen til Due: ”Paa norsk Grund – paa det Sted, hvor dette Monument kneiser, vil den ikke længere banlyste Jøde – ved Siden af den krands, som Nordmanden fletter sin Yndlingskald, da Selv kunne nedlægge sin, for Menneskevennen, Jødevennen, Henrik Wergeland.”<sup>84</sup> Alle dei fire avisene forklarte kven som stod bak reisinga av monumentet,<sup>85</sup> og *Christiania Intelligentssedler* og *Den vestlandske Tidende* gjorde òg greie for kvifor dei gjorde dette.<sup>86</sup> *Morgenbladet*, *Den norske Rigstidende* og *Christiania Intelligentssedler* trykte vidare inskripsjonane på minnesmerket,<sup>87</sup> mens *Den vestlandske Tidende* refererte dette frå inskripsjonen på baksida: ”Taknemmelige Jøder, udenfor Norges Grændse, reiste ham dette Minde.”<sup>88</sup> Alle avisene nemnde bysta,<sup>89</sup> og *Den vestlandske Tidende* skildra den,<sup>90</sup> men ingen

---

<sup>77</sup> Valentin 1924, s. 535.

<sup>78</sup> *Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i Stockholm den 22de oktober 1847*, s. 6.

<sup>79</sup> *Morgenbladet* var eit liberalt opposisjonsorgan. Sjå Nordland i Flo 2010, s. 220.

<sup>80</sup> Sjå *Morgenbladet* 30. oktober (nr. 303) 1847, s. 2.

<sup>81</sup> *Den Constitutionelle* hadde på dette tidspunktet vorte oppteken i *Den Norske Rigstidende*, som var eit organ for dei norske myndigheitene. Sjå Storsveen i Flo 2010, s. 85.

<sup>82</sup> Sjå *Den norske Rigstidende* 30. oktober (nr. 251) 1847, s. 1-2.

<sup>83</sup> Sjå *Christiania Intelligentssedler* 5. november (nr. 258) 1847, s 1-2, *Christiania Intelligentssedler* 8. novemner (nr. 260) 1847, s 1, og *Christiania Intelligentssedler* 10. november (nr. 262) 1847, s 1-2.

<sup>84</sup> Sitert etter *Den vestlandske Tidende* 30. november (nr. 96) 1847, s. 2.

<sup>85</sup> Sjå *Morgenbladet* 30. oktober (nr. 303) 1847, s. 2, *Den norske Rigstidende* 30. oktober (nr 251) 1847, s. 2, *Christiania Intelligentssedler* 5. november (nr. 258) 1847, s 1, og *Den vestlandske Tidende* 6. november (nr. 89) 1847, s. 2.

<sup>86</sup> Sjå *Christiania Intelligentssedler* 5. november (nr. 258) 1847, s 1 og *Den vestlandske Tidende* 30. november (nr. 96) 1847, s. 2.

<sup>87</sup> Sjå *Morgenbladet* 30. oktober (nr. 303) 1847, s. 2, *Den norske Rigstidende* 30 oktober (nr 251) 1847, s. 2 og *Christiania Intelligentssedler* 5. november (nr. 258) 1847, s 1.

<sup>88</sup> Sitert etter *Den vestlandske Tidende* 16. desember (nr. 101) 1848, s. 3.

av dei nemnde at den viste til Wergeland sitt arbeid i jødesaka. *Den norske Rigstidende* og *Christiania Intelligentssedler* skreiv at Jacques Lamm eigde støyperiet der monumentet vart laga,<sup>91</sup> men dei nemnde ikkje at han var jøde. Mendelsohn meiner at det var spesielt at *Christiania Intelligentssedler* hadde ei så stor dekning av minnefeiringa som den hadde med bakgrunn i at den var eit utprega annonseorgan.<sup>92</sup> Det at omtalen av kampen for jødane hadde brei støtte vert òg underbygd av framstillinga av minnefeiringa som vart gitt ut i bokform i *Christiania Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i Stockholm den 22de oktober 1847*. Framstillinga av innsatsen i jødesaka vart gjengjeven i stor grad også her. Alle talane er tekne med, og det vart i tillegg gjort greie for kven som hadde reist monumentet og bakgrunnen for dette.<sup>93</sup> Inskripsjonane på minnesmerket vart vidare trykte i tillegg til at bysta vart nemnt,<sup>94</sup> men det vart ikkje gjort greie for relasjonen mellom bysta og innsatsen for jødane. Det står òg at Jacques Lamm eigde støyperiet der monumentet vart laga,<sup>95</sup> men utan at det vert gjort greie for at han var jøde.

Når det gjeld dei eksplisitte meiningsytringane viser dei at framstillinga av kampen i jødesaka under avdukinga hovudsakleg vart støtta, men dei viser òg at det ikkje var alle som støtta den. *Morgenbladet* formulerte seg generelt positivt om talen til Lipmanson,<sup>96</sup> mens *Den norske Rigstidende* roste talen sitt innhald utan å utdjupa dette.<sup>97</sup> *Den vestlandske Tidende* uttalte seg ved fleire høve positivt om talen til Due, men dette vart gjort på ein generell måte.<sup>98</sup> *Den vestlandske Tidende* roste vidare jødane for at dei som var utlendingar ved monumentet var dei fyrste som heidra Wergeland sitt engasjement for menneskerettane.<sup>99</sup> Denne forståinga av jødeemansipasjon som ein del av ein generell kamp for menneskerettane, reflekterer eit liberalt perspektiv. Støtta kom òg til uttrykk i forordet til bokframstillinga, der det norske

---

<sup>89</sup>Sjå *Morgenbladet* 30. oktober (nr. 303) 1847, s. 2, *Den norske Rigstidende* 30. oktober (nr. 251) 1847, s. 2, og *Christiania Intelligentssedler* 5. november (nr. 258) 1847, s. 1.

<sup>90</sup>Sjå *Den vestlandske Tidende* 16. desember (nr. 101) 1848, s. 3.

<sup>91</sup>Sjå *Den norske Rigstidende* 30. oktober (nr. 251) 1847, s. 1 og *Christiania Intelligentssedler* 5. november (nr. 258) 1847, s. 1.

<sup>92</sup>Sjå Mendelsohn 1987, s. 214.

<sup>93</sup>Sjå *Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i Stockholm den 22de oktober 1847*, s. 5-6.

<sup>94</sup>Sjå *Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i Stockholm den 22de oktober 1847*, s. 5.

<sup>95</sup>Sjå *Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i Stockholm den 22de oktober 1847*, s. 5.

<sup>96</sup>Sjå *Morgenbladet* 30. oktober (nr. 303) 1847, s. 2.

<sup>97</sup>Sjå *Den norske Rigstidende* 30. oktober (nr. 251) 1847, s. 1.

<sup>98</sup>Sjå *Den vestlandske Tidende* 30. november (nr. 96) 1847, s. 2 og *Den vestlandske Tidende* 4. januar (nr. 2) 1848, s. 1.

<sup>99</sup>Sjå *Den vestlandske Tidende* 16. desember (nr. 101) 1848, s. 3.

folket vert sterkt oppfordra til å vera stolte over minnefeiringa i Stockholm.<sup>100</sup> Med stoltheit vert det truleg konkret meint at det bør skrivast og lesast om minnefeiringa, i tillegg til stoltheitskjensla. Dette på grunn av at omsetjaren skriv at kvar heiderskrans som flettast om Wergeland sitt minne av utlendingar bør omplantast i norsk jord.

Reaksjonane på talen til Due viser likevel vidare at sjølv om omtalen av Wergeland sitt arbeid for jødane hadde brei støtte i Noreg, så var det ikkje alle som støtta den. Det kom negative reaksjonar i Noreg på markeringa i Stockholm frå ”Smagmændene”<sup>101</sup> og dei ”Meningsberettigede”<sup>102</sup> i Christiania. Ein av deira representantar kritiserte ”en vis høitstaaend Person”<sup>103</sup> sterkt for hans uttala sympatiar for Wergeland.<sup>104</sup> Due er truleg den høgtståande personen som det vert sikta til. Dette vert underbygd av noko som står i *Den vestlandske Tidende*, der det verkar som om det vert referert til det same. Der vert det gjort greie for at angrepet retta seg mot Due. Det går vidare fram av dette som står skrive at dette angrepet møtte motstand. *Den vestlandske Tidende* retta nemleg krass kritikk mot angriparen og dei han representerte.<sup>105</sup> Statthaldar Severin Lövenskiold i Christiania var òg ein av dei som reagerte negativt på Due si medverking under minnefeiringa. Dette kom til uttrykk i statthaldarrapporten frå Lövenskiold til kong Oscar, den 5. november 1847.<sup>106</sup> Han uttrykte misnøye over at statsministeren i det heile hadde uttala seg offentleg om jødesaka, og vidare over måten han hadde gjort dette på. Det verste for Lövenskiold var at han gjekk ut frå at Due ikkje kunne ha handla slik utan kongen si velsigning, noko som forbausa statthaldaren sidan kongen overfor han tidlegare hadde gitt uttrykk for ei haldning til jødesaka som var den motsette av den statsministeren hadde gitt uttrykk for. Kongen svarte Lövenskiold den 11. november, der han forsikra statthaldaren om at han ikkje visste noko om minnefeiringa før han las om den i *Aftonbladet* etter at den var ferdig, og om at haldninga hans til ”jødespørsmålet” var den same som han tidlegare hadde gitt uttrykk for. Ut frå dette går det fram at Lövenskiold sin reaksjon hadde direkte samband med jødesaka, han reagerte truleg på denne måten særleg fordi minninga av Wergeland vart nytta som eit verkemiddel av dei politiske motstandarane hans.

---

<sup>100</sup> Forordet står i *Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i Stockholm den 22de oktober 1847*, s. 3.

<sup>101</sup> Sitert etter *Morgenbladet* 4. august (nr. 217) 1848, s. 3.

<sup>102</sup> Sitert etter *Morgenbladet* 4. august (nr. 217) 1848, s. 3.

<sup>103</sup> Sitert etter *Morgenbladet* 4. august (nr. 217) 1848, s. 3.

<sup>104</sup> Sjå *Morgenbladet* 4. august (nr. 217) 1848, s. 3.

<sup>105</sup> Sjå *Den vestlandske Tidende* 4. januar (nr. 2) 1848, s. 1-2.

<sup>106</sup> Dette og resten av avsnittet fram til den nest siste setninga byggjer på Mendelsohn 1987, s. 200-201.

Som det har vorte vist til ovanfor har minnefeiringa eit nært samband med det at grunnlovsforbodet som stengde jødane ute frå Noreg enno ikkje var fjerna. Den må òg sjåast i samband med den sterkt liberale atmosfæra som var i Europa i tida rundt avdukinga. På denne tida var ein særleg oppteken av å kjempa for liberalitet, som til dømes jødeemansipasjon, som kampen mot grunnlovsforbodet var ein del av. I 1848 braut det ut fleire revolusjonar i Europa enn nokon gong, både før og etter.<sup>107</sup> Revolusjonane strekte seg over heile Europa, med Storbritannia og Russland som dei einaste unntaka. Det var stort sett småborgarlege som var påverka av dei jakobinske ideane om fridom, likskap og brorskap som gjorde opprør. Bakgrunnen for samtidigheita til revolusjonane, var at Europa i 1840-åra var i ei alvorleg økonomisk, politisk og moralsk krise. Eit befolkningsoverskot førte til trongare levekår, og mange, særleg dei godt utdanna, reagerte på fråveret av demokratisk påverknad. I tillegg vart Europa ramma av ei avlingskatastrofe i 1846-1847. Då levekostnadane steig, fall etterspurnaden etter industri- og handverksprodukt, noko som igjen førte til massearbeidsløyse. Mot slutten av 1847 og i byrjinga av 1848 vart situasjonen noko betre. Revolusjonane følgde eit gammalt mønster i og med at dei braut ut under ein økonomisk oppgang etter ei alvorleg krise. Revolusjonane skapte store forhåpningar for jødeemansipasjon, håp som likevel stort sett vart knuste.<sup>108</sup> Det viktigaste resultatet av revolusjonane er at prinsippet om jødeemansipasjon vart generelt anerkjend.

### **3.4 Avdukinga av gravmonumentet over Wergeland på Vår Frelses Gravlund den 17. juni 1849**

#### **3.4.1 Ei vidareføring av minninga i Stockholm under leiing av *Studentersamfundet***

Minnesmerket som hadde vorte avduka i Stockholm hausten 1847 vart truleg sendt til Christiania våren 1848.<sup>109</sup> I utgangspunktet var det meininga at Jacques Lamm skulle reisa det på Wergeland si grav. Dette vart det likevel ikkje noko av. Det herska usikkerheit rundt kven som skulle ta på seg ansvaret å få reist monumentet, noko som resulterte i at dette drog ut. Dei svenske jødane ynskte at det vart arrangert ei høgtideleg avduking av gravmonumentet i Christiania, og at *Studentersamfundet* skulle ta på seg ansvaret for denne. *Studentersamfundet* valde å ta på seg ansvaret for avdukinga, sjølv om ikkje alle medlemmane ynskte det.

---

<sup>107</sup> Dette og resten av avsnittet fram til den neste fotnoten byggjer på Norborg 2001, s. 203-206.

<sup>108</sup> Dette og resten av avsnittet byggjer på Ettinger i Ben-Sasson 1992, s. 991-994.

<sup>109</sup> Dette og resten av avsnittet byggjer på Mendelsohn 1987, s. 201-203.

Wergeland sine motstandarar freista å hindra at dei skulle ta på seg ansvaret, men til inga nytte. Juristen Fredrik Brandt var ein av dei ivrigaste motstandarane. Han hadde kome med mange skuldingar mot Wergeland. Ein av dei var at Wergeland skulle ha vorte betalt av jødane for å kjempa for deira sak. Brandt hadde òg hevda at han hadde bevis for påstandane sine, men at desse var slik at han ikkje, eller eventuelt berre i nødstilfelle, kunne offentleggjera dei. Denne påstanden resulterte i ein heftig diskusjon mellom Brandt og ein av pådrivarane for forslaget, juristen H. H. Brodtkorb. Brandt vart òg angripen i *Studentersamfundet* si handskrivne avis, *Samfundsbladet*, i utgåva for 23. desember, av ein innsendar som identifiserte seg som B. Innsendaren skreiv at nesten alle dei som var til stades under behandlinga av forslaget hadde vore indignerte over påstanden til Brandt, og vidare over at han verken offentlig ville bevisa den eller trekkja den tilbake etter å ha vorte beden om dette. Han meinte òg at påstanden om at Wergeland hadde vorte kjøpt av jødane motbeviste seg sjølv og var ei løgn.

Det vart naturleg nok i all hovudsak fokusert på Wergeland sin innsats i jødesaka under avdukinga. Dette trass i at Johan Friis, som heldt avdukingstalen på vegne av *Studentersamfundet*,<sup>110</sup> la mest vekt på Wergeland sitt engasjement for Noreg sin fridom i sin tale,<sup>111</sup> og at det òg var dette det vart fokusert mest på i eit dikt som stod i *Christiania-Posten* i samband med avdukinga, eit dikt som hadde vorte skrive etter førespurnad frå *Studentersamfundet* sitt styre.<sup>112</sup> Dette diktet vart forfatta av universitetslektor Henning Junghans Thue.<sup>113</sup> I tillegg til at Friis snakka om Wergeland sitt arbeid for jødane som det viktigaste temaet, med unntak av hovudtemaet i sin tale, var det likevel dette arbeidet det vart fokusert på i alle dei andre delane av minnefeiringa. For det fyrste reflekterer sjølve gravmonumentet, som tidlegare skrive, kampen i jødesaka i stor grad. Det at minnesmerket no vart reist på grava er av stor betydning. Grava til Wergeland er sjølvstøtt svært sentral for minninga av han. Det at monumentet vart reist der plasserte kampen for jødane sitt tilgjenge til Noreg som ein sentral del av minnet om Wergeland, ikkje berre under minnefeiringa i 1849, men for all den tid monumentet enno står på grava. Lipman Lipmanson var vidare den einaste i tillegg til Friis som talte under avdukingsseremonien. Han la på si side hovudsakleg

---

<sup>110</sup> Sjå *Beretning om høitideligheden den 17de Juni 1849 ved Affsløringen af Jødernes Monument for Henrik Wergeland*, s. 2.

<sup>111</sup> Talen til Friis står i *Beretning om høitideligheden den 17de Juni 1849 ved Affsløringen af Jødernes Monument for Henrik Wergeland*, s. 2-4.

<sup>112</sup> Diktet står i tillegget til *Christiania-Posten* 16. Juni (nr. 341) 1849, s. 1.

<sup>113</sup> Mendelsohn 1987, s. 205.



vekt på Wergeland sin innsats i jødesaka.<sup>114</sup> Både Friis og Lipmanson framstilte arbeidet for jødane som ein del av ein generell kamp for menneskerettar, noko som viser ei liberal forståing av dette arbeidet. Det vert vidare i hovudsak fokusert på engasjementet i jødesaka i dei to songane som vart sungne,<sup>115</sup> som var forfatta av Carl Arnoldus Müller.<sup>116</sup> I samband med avdukinga publiserte òg *Morgenbladet* eit dikt, dette er forfatta av P. Andresen (truleg litteraten Peter Rasmussen Andresen).<sup>117</sup> Også der vert det hovudsakleg fokusert på innsatsen for jødane.<sup>118</sup> Jødane spelte òg ei sentral rolle under minnefeiringa. Som tidlegare nemnt talte Lipmanson som den einaste i tillegg til hovudtalaren under avdukingsarrangementet. Dei inviterte jødane gjekk vidare fremst i prosesjonen mot kyrkjegarden saman med styret for *Studentersamfundet* og Wergeland sine pårørande, rett nok med unntak av dei som stod for musikken.<sup>119</sup> Sjølve bysten av Wergeland var òg omkransa av ein laurbærkrans frå jødane i Stockholm.<sup>120</sup>

*Studentersamfundet* sitt forhold til den jødiske deltakinga viser tydeleg at det var viktig for medlemmane å fokusera på kampen i jødesaka, dette forholdet viser òg at det var viktig for *Studentersamfundet* å føra Wergeland sin kamp mot grunnlovsforbodet vidare.

*Studentersamfundet* hadde som vanleg skifta styre den 1. april, det føregåande styret hadde avgjort å informera jødane i Stockholm om den datoen dei hadde sett for avdukinga (17. mai)<sup>121</sup>, men ved ein feil skjedde ikkje dette.<sup>122</sup> Sidan jødane ikkje hadde fått beskjed, hadde ein valet mellom å gjennomføra avdukinga utan dei, og å utsetja den. Styret ynskte ikkje å ta denne avgjerda åleine, og la fram saka på eit møte for heile *Studentersamfundet*. Johan Friis var fungerande formann for *Studentersamfundet* i april og mai mens den valde formannen var sjuk. Han meinte at ein burde halda seg til den bestemte dato, men dette var ikkje på grunn av nokon uvilje mot Wergeland sin innsats i jødesaka, tvert imot. Friis vedgjekk at det var pinleg at jødane ikkje hadde fått beskjed, men meinte at det var i deira interesse at datoen vart

---

<sup>114</sup> Talen til Lipmanson står i *Beretning om høitideligheden den 17de Juni 1849 ved Affsløringen af Jødernes Monument for Henrik Wergeland*, s. 4-7.

<sup>115</sup> Songane står i *Sange afsungne ved det af Jøderne opreiste den 17de Juni 1849 afslørede monument for Henrik Wergeland*, s. 2-3.

<sup>116</sup> Mendelsohn 1987, s. 207.

<sup>117</sup> Mendelsohn 1987, s. 205.

<sup>118</sup> Diktet til Andresen står i *Morgenbladet* 17. juni (nr. 168) 1849, s. 1.

<sup>119</sup> *Ny illustreret Tidende* nr. 20 1881, s. 6.

<sup>120</sup> *Beretning om høitideligheden den 17de Juni 1849 ved Affsløringen af Jødernes Monument for Henrik Wergeland* 1849, s. 4.

<sup>121</sup> Mendelsohn 1987, s. 203.

<sup>122</sup> Dette og resten av avsnittet med unntak av den førre fotnoten og ”men dette var ikkje på grunn av nokon uvilje mot Wergeland sin innsats i jødesaka, tvert imot” byggjer på Mendelsohn 1987, s. 204.

stående. Dette både med bakgrunn i 17. mai sin status som offentlig festdag, og med tanke på relasjonen mellom denne dagen og Wergeland sitt arbeid, og særleg arbeidet for jødane sitt tilgjenge til Noreg. Ein annan av deltakarane på møtet, Schmidt, argumenterte for å utsetja minnefeiringa. Han meinte ein skulle gjera dette fordi jødane ynskte å delta, fordi ein i Noreg hadde godt av å sjå at jødar var vanlege menneske, og fordi ein måtte ta seg i vare for å såra dette stakkars folket sine kjensler. Alle beklaga feilen som hadde skjedd, og avgjorde tilnærma einstemmig å utsetja arrangementet, slik at jødane kunne delta. Avdukinga vart utsett til den 17. juni, Wergeland sin fødselsdag.

I utgangspunktet skulle 5 jødar koma til avdukinga. Wergeland sin gamle brevvenn, Jakob Levertin, Axel Lamm, Lipman Lipmanson, Abraham Hirsch og Martin Schück.<sup>123</sup> Alle desse var på 1840-talet av dei mest aktive medlemmane i avdelinga av *Judiska Intresset* i Stockholm.<sup>124</sup> Hirsch og Schück skreiv likevel i eit brev den 9. juni at dei dessverre ikkje kunne koma.<sup>125</sup> *Studentersamfundet* søkte om leidebrev for desse fem. I justisdepartementet tenkte ein fyrst på å utsteda leidebrev utan namns nemning, noko som hadde vorte gjort i samband med eit naturforskarmøte i 1844 for å gjera det mindre nedverdige for dei tilreisande jødane at dei måtte ha leidebrev. Årsaka til dette var at ein meinte at det var lite truleg at fleire jødar kom for å vera med på minnefeiringa. Det vart likevel gitt leidebrev med namns nemning. Søknaden vart innvilga allereie to dagar etter at den vart sendt inn. Professorane Maschmann og Conradi, slottsintendanten Linstow, kjøpmannen P. Gulgjester og musikkhandlaren Neupert ville gladeleg ta imot dei tilreisande jødane, og ha dei buande i sine heimar mens dei var i Christiania. *Christiania-Posten* skreiv den 11. juni at det truleg òg ville koma nokre jødar frå Göteborg, noko som ikkje skjedd. Ingen danske jødar deltok under minnefeiringa sjølv om òg danske jødar stod bak finansieringa av monumentet. Mendelsohn meiner at ein artikkel i den danske avisa *Berlingske Tidende* truleg var årsaka til dette. I artikkelen vart dei danske jødane frårådde mot å ta imot innbydinga og reisa til Noreg for å delta under avdukinga på grunn av det nedverdige i at dei måtte ha leidebrev for å gjera dette.<sup>126</sup>

---

<sup>123</sup> Mendelsohn 1987, s. 206.

<sup>124</sup> Sjø Valentin 1924, s. 500.

<sup>125</sup> Dette og det følgjande med unntak av neste fotnote byggjer på Mendelsohn 1987, s. 206.

<sup>126</sup> Mendelsohn 1987, s. 215.

Som i Stockholm nøydde ein seg, heller ikkje under denne minnefeiringa med å framstilla Wergeland sin kamp mot grunnlovsforbodet, ein vidareførte den. Det har allereie vorte skrive om dette i samband med Studentersamfundet sitt forhold til den jødiske deltakinga.

Lipmanson argumenterte vidare til dømes mot fordommane som han meinte opprettheldt grunnlovsforbodet med at jødane var som andre menneske, at det ikkje var nokon grunn til i større grad å vegra seg mot å ha dei som landsmenn enn andre.<sup>127</sup> Statsrevisor Ludvig Kristensen Daa som var ein av dei fremste forkjemparane for jødane i jødesaka heldt hovudtalen under ein festmiddag som *Studentersamfundet* arrangerte etter avdukinga.<sup>128</sup> Daa argumenterte mot grunnlovsforbodet til dømes med at det strei mot Jesus Kristus sitt bod om at du skal elska din neste som deg sjølv.<sup>129</sup> Det vart òg argumentert mot grunnlovsforbodet i det tidlegare nemnde diktet i *Morgenbladet*, der vart det appellert til kjenslene ved å visa til det urettferdige i jødane si utestengjing frå Noreg:

”Derfor et Folk med Trængselskaar

Har reist ham dette Minde,

Et folk, der ei av Norges Vaar

Tör Blomsterkrandse binde:

Kom, Fædreland! i hu det Folk, -

See, Henriks Bauta staar som Tolk,

At Friheds-Sands det eier!”<sup>130</sup>

På same måte som minnefeiringa i Stockholm, må denne sjåast i samband med det faktumet at det norske grunnlovsforbodet mot jødane sitt tilgjenge enno ikkje hadde vorte oppheva, og med den liberale atmosfæra som gjorde seg gjeldane på denne tida.

---

<sup>127</sup> Sjå *Beretning om høitideligheden den 17de Juni 1849 ved Affsløringen af Jødernes Monument for Henrik Wergeland*, s. 5.

<sup>128</sup> Det at Daa var ein av dei fremste talsmennene for jødane i jødesaka står i Valentin 1924, s. 539. Det at middagen vart arrangert av Studentersamfundet står i *Beretning om høitideligheden den 17de Juni 1849 ved Affsløringen af Jødernes Monument for Henrik Wergeland*, s. 10, mens det at Daa var hovudtalar står i Mendelsohn 1987, s. 213.

<sup>129</sup> Sjå *Beretning om høitideligheden den 17de Juni 1849 ved Affsløringen af Jødernes Monument for Henrik Wergeland.*, s. 13.

<sup>130</sup> *Morgenbladet* 17. juni (nr. 168) 1849, s. 1.

### 3.4.2 Unison støtte for minninga av kampen for jødane sitt tilgjenge til Noreg

Oppslutninga rundt avdukinga av gravmonumentet viser at den måten Wergeland sitt arbeid for jødane vart framstilt på hadde brei støtte i Noreg. Mange av innbyggjarane i Christiania, med representantar frå alle samfunnssklassar gjekk i prosesjonen.<sup>131</sup> Det vart vidare distribuert rundt 1500 billetter til avdukingsarrangementet,<sup>132</sup> og det var stor etterspurnad etter dei.<sup>133</sup> Det var berre dei som hadde billett som fekk koma inn på kyrkjegarden, og store mengder politi og militære var til stades for å hindra den uvanleg store<sup>134</sup> mengda med folk som hadde samla seg rundt kyrkjegarden frå å koma inn. Dette for å halda orden.<sup>135</sup>

At det var brei støtte vert vidare underbygd av reaksjonane på avdukinga i pressa, og av utgjevingane av framstillingar av avdukinga i bokform. Avisene gjengav omtalen av det Wergeland gjorde for jødane i stor grad. *Morgenbladet*<sup>136</sup> trykte ei norsk oversetjing av talen til Lipmanson,<sup>137</sup> i tillegg skildra den talen til Friis. Avisa trykte òg begge songane, og hadde med at jødar deltok under minnefeiringa. Det vart vidare gjort greie for at det var jødar som hadde finansiert gravmonumentet. *Morgenbladet* hadde òg med kransen frå jødane i si framstilling av minnefeiringa, men utan å gjera greie for kven den var frå.<sup>138</sup> Mendelsohn meiner at *Den Norske Rigstidende*<sup>139</sup> ikkje dekte avdukinga som ein demonstrasjon av sin uvilje mot Wergeland. Han meiner likevel at dette ikkje hadde noko med avisa si haldning i jødesaka å gjera, den var i følge Mendelsohn tilhengjar av å fjerna grunnlovsforbodet.<sup>140</sup> Som Mendelsohn delvis viser til,<sup>141</sup> vert dette underbygd av at avisa over to nummer i tida rundt minnefeiringa trykte ein artikkel der det vert argumentert generelt for jødane sin emansipasjon, og spesielt for jødane sin emansipasjon i Sverige. Artikkelen vart henta frå

---

<sup>131</sup> *Morgenbladet* 18. juni (nr. 169) 1849, s. 3.

<sup>132</sup> *Beretning om høitideligheden den 17de Juni 1849 ved Affsløringen af Jødernes Monument for Henrik Wergeland* 1849, s. 1.

<sup>133</sup> *Ny illustreret Tidende* nr. 20 1881, s. 6.

<sup>134</sup> *Morgenbladet* 18. juni (nr. 169) 1849, s. 3.

<sup>135</sup> *Beretning om høitideligheden den 17de Juni 1849 ved Affsløringen af Jødernes Monument for Henrik Wergeland* 1849, s. 1.

<sup>136</sup> *Morgenbladet* var eit liberalt opposisjonsorgan. Sjå Nordland i Flo 2010, s. 220.

<sup>137</sup> Sjå *Morgenbladet* 21. juni (nr. 172) 1849, s. 2-3.

<sup>138</sup> Sjå *Morgenbladet* 18. juni (nr. 169) 1849, s. 3.

<sup>139</sup> *Den Norske Rigstidende* var eit organ for dei norske myndigheitene. Sjå Storsveen i Flo 2010, s. 85.

<sup>140</sup> Sjå Mendelsohn 1987, s. 214.

<sup>141</sup> Sjå Mendelsohn 1987, s. 214.

Stockholmsavisa *Bore*, og omsett til norsk.<sup>142</sup> I samband med artikkelen, rett etter at den er ferdig, argumenterer òg *Den Norske Rigstidende* sjølv for oppheving av det norske grunnlovsforbodet mot jødane sitt tilgjenge.<sup>143</sup> *Den Norske Rigstidende* dekte likevel òg avdukinga, sjølv om den ikkje la mykje vekt på den. Avisa nemnde alle talane og songane, og gjorde òg greie for at Lipmanson var jøde og for at det var jødar som reiste monumentet.<sup>144</sup> *Christiania Intelligentssedler* og *Christiania-Posten* trykte alle talane og songane, og hadde vidare med jødane sin posisjon i prosesjonen og kransen frå jødane.<sup>145</sup> *Christiania-Posten* hadde òg med ein illustrasjon av monumentet i si framstilling, i tillegg til at inskripsjonane vart trykte også utanom illustrasjonen.<sup>146</sup> Mendelsohn skriv òg i forhold til denne markeringa at det var spesielt at *Christiania Intelligentssedler* hadde ei så utfyllande dekning av minnefeiringa som den hadde, med bakgrunn i at den var eit utprega annonseorgan som berre unntaksvis dekte hendingar i Noreg.<sup>147</sup> Det vart òg utgitt ei framstilling av minnefeiringa i bokform, *Beretning om høitideligheden den 17de Juni 1849 ved Affsløringen af Jødernes Monument for Henrik Wergeland*. Denne er tilnærma identisk med framstillingane i *Christiania Intelligentssedler* og *Christiania-Posten*, men med eit unntak av betydning, Lipmanson sin tale stod i norsk omsetjing i tillegg til at den vart trykt på svensk som i dei to avisene. Minnesmerket er òg illustrert i boka. Talen til Lipmanson vart vidare utgitt på eiga hand i norsk omsetjing, *Tale ved Henrik Wergelands Grav*, og det vart òg utgitt eit hefte med dei to songane som vart sungne under avdukingsarrangementet, *Sange afsungne ved det af Jøderne opreiste den 17de Juni 1849 afslørede Monument for Henrik Wergeland*. Dei eksplisitte meiningsytringane underbyggjer òg at minninga av Wergeland sin innsats i jødesaka hadde brei støtte i Noreg. *Morgenbladet* stod for dei einaste eksplisitte meiningsytringane i dei undersøkte kjeldene, og desse bestod i at avisa omtalte talane til Friis og Lipmanson i rosande ordelag.<sup>148</sup>

---

<sup>142</sup> Artikkelen står i *Den Norske Rigstidende* 22. juni (nr. 151) 1849, s. 2-3 og *Den Norske Rigstidende* 23. juni (nr. 152) 1849, s. 1-2.

<sup>143</sup> Sjå *Den Norske Rigstidende* 23. juni (nr. 152) 1849, s. 2.

<sup>144</sup> Sjå *Den Norske Rigstidende* 19. juni (nr. 148) 1849, s. 1.

<sup>145</sup> Sjå *Christiania Intelligentssedler* 21. juni (nr. 141) 1849, *Christiania Intelligentssedler* 22. juni (nr. 142) 1849, *Christiania Intelligentssedler* 22. juni (nr. 143) 1849, *Christiania Intelligentssedler* 26. juni (nr. 145) 1849, og *Christiania Posten* 19. juni (nr. 343) 1849.

<sup>146</sup> Sjå *Christiania Posten* 19. juni (nr. 343) 1849, s. 1.

<sup>147</sup> Sjå Mendelsohn 1987, s. 214.

<sup>148</sup> Sjå *Morgenbladet* 18. juni (nr. 169) 1849, s. 3.

### 3.5 Samandrag

Allereie frå gravferda av danna det seg ein kult rundt Wergeland, og dyrkinga av han som nasjonalhelt står som ei slags forlenging av denne.<sup>149</sup> Heilt frå starten av var kampen for jødane sitt tilgjenge til Noreg ein del av denne kulten. Denne kampen fekk ein sentral posisjon då ein minna Wergeland under gravferda hans, sjølv om ein la mest vekt på engasjementet hans for Noreg sin fridom. Wergeland sin kamp for jødane passar godt saman med den liberale hovudframstillinga, fokuset på arbeidet for det norske folket sin fridom dannar i lag med omtalen av engasjementet for jødane sin fridom eit liberalt bilete av Wergeland som ein fridomsforkjempar. Reaksjonane på gravferda tyder på at det var generell aksept i Noreg for inkluderinga av innsatsen for jødane. Både under den fyrste avdukinga av gravmonumentet til Wergeland, i Stockholm, og under den endelege avdukinga, på grava, fokuserte ein i motsetning til dette hovudsakleg på innsatsen i jødesaka. Men ein gjekk òg lenger, desse to avdukingane vart nytta til å føra Wergeland sin kamp vidare, som verkemiddel i kampen mot det enno eksisterande grunnlovsforbodet. Under markeringa i Stockholm var det ei jødisk foreining som arbeidde for jødeemansipasjon som stod bak dette, mens *Studentersamfundet* følgde opp i Christiania. Dette sterke fokuset på det Wergeland gjorde for jødane, og nyttinga av minnet om dette, må sjåast i samanheng med det faktumet at grunnlovsforbodet enno eksisterte, og med at liberalismen stod sterkt på den tida då avdukingane vart haldne. Reaksjonane på avdukinga i Stockholm tyder vidare på at minninga av engasjementet for jødane hovudsakleg vart støtta i Noreg, mens reaksjonane på avdukinga på grava til Wergeland tyder på at framstillinga av dette engasjementet der fekk full støtte i det norske samfunnet. Gravmonumentet reflekterer i stor grad Wergeland sin kamp for jødane sitt tilgjenge til Noreg, og var ein del av fokuseringa på denne kampen under dei to avdukingane av det. Men gravmonumentet er ikkje berre knytt til desse to markeringane. Det at monumentet vart sett på grava til Wergeland, plasserte det han gjorde for jødane som ein sentral del av minnet om han, så lenge monumentet enno står der. Startfasen av kulten rundt Wergeland vart dominert av ei liberal forståing av han, ei forståing som innsatsen i jødesaka passer godt inn i, og som den òg var ein naturleg del av.

---

<sup>149</sup> Sjå Storsveen 2004, s. 811.

# Kapittel 4. Inkluderinga av engasjementet for jødane i venstreiletet av Wergeland

## 4.1 Innleiing

Kulten rundt Wergeland var ein ganske annan i perioden frå rundt 1880 til rundt 1910, som det vert skrive om i dette kapitlet, enn det den var i startfasen. No var den ein svært dominerande faktor i Noreg, og i løpet av denne perioden vart den så dominerande at Wergeland fekk status som den største norske nasjonalhelten. Dette var vidare ein periode med store omveltingar for Noreg. Det føregjekk ein sjølvstendekamp for å få oppløyst unionen med Sverige som var særleg hard i 1880-åra, eit mål ein fyrst nådde i 1905. Inkluderinga av Wergeland sitt arbeid for jødane i den norske minnekulturen vil fyrst verta utforska gjennom avdukinga av statuen av Wergeland i Studenterlunden i 1881. Deretter vil det verta skrive om markeringane av hundreårsdagen til Wergeland i 1908 i Kristiania, Kristiansand, Eidsvoll, Bergen, Trondheim og Stavanger. Til slutt vert framstillinga av det Wergeland gjorde for jødane i boka *Jøder og Gojim* undersøkt.

## 4.2 Avdukinga av statuen av Wergeland i Studenterlunden den 17. mai 1881

### 4.2.1 Kampen i jødesaka som ein sentral del av framstillinga av Wergeland under den politiske striden mellom *Høgre* og *Venstre*

Avdukinga av wergelandsstatuen må sjåast i samband med den politiske kampen mellom partia *Høgre* og *Venstre*, og no stod det om å vinna Wergeland på si side.<sup>150</sup> Under eit møte i wergelandskomiteen, den 28. mars 1881, føreslo wergelandsforskaren og venstremannen Olaf Skavland å be den store norske diktaren Bjørnstjerne Bjørnson halda avdukingstalen. Bjørnson støtta vidare *Venstre* i kampen for norsk sjølvstende.<sup>151</sup> 14 medlemmar, hovudsakleg venstrefolk, stemde for forslaget. 4 medlemmar stemde imot, og 2 av desse melde seg ut av

---

<sup>150</sup> Dette og resten av avsnittet med unntak av fotnotane byggjer på Aarnes 1991, s. 81-82.

<sup>151</sup> Sjå Bjørnstjerne Bjørnson ([http://www.snl.no/nbl\\_biografi/Bj%C3%B8rnstjerne\\_Bj%C3%B8rnson/utdypning](http://www.snl.no/nbl_biografi/Bj%C3%B8rnstjerne_Bj%C3%B8rnson/utdypning)). Henta 17. november 2010.

komiteen etter valet av Bjørnson.<sup>152</sup> Valet av Bjørnson utløyste ein stor strid, som saman med vetostriden, dominerte hovudstadsavisene gjennom heile april og fram til avdukinga den 17. mai. For den politiske høgresida var det uakseptabelt at ”gudsfornektaren” og ”republikanaren” Bjørnson skulle halda talen. På den konservative sida stod *Morgenbladet* og *Aftenposten* med Hartvig Lassen<sup>153</sup> og Wergeland si søster, Camilla Collet, som hovuddebattantar. Den radikale sida bestod av *Dagbladet*, *Verdens Gang* og *Fedraheimen* med Erik Vullum<sup>154</sup>, Olaf Skavland og den kjende norske forfattaren Arne Garborg som sine viktigaste debattantar. Filosofen Marcus Monrad<sup>155</sup> var i ein slags mellomposisjon, men må ifølgje Sigurd Aa. Aarnes i praksis reknast med på den konservative sida.

Aarnes som har skriva ei bok om framstillinga av Wergeland i den norske minnekulturen, *“Og nevner vi Henrik Wergelands navn”*. *Wergeland-kultusen som nasjonsbyggende faktor*, meiner at det vart forma to ulike bilete av Wergeland som ei følgje av partistriden om han mellom *Høgre* og *Venstre*. Den konservative litteraten Hartvig Lassen, som òg var Wergeland sin fyrste biograf, skapte eit *høgrebilete* av Wergeland i 1860-åra.<sup>156</sup> For borgarskapet hefta det eit fastlåst inntrykk av litterær skandale i samband med den fyrste gongen Wergeland stod fram som diktar, og også eit like fastlåst inntrykk av Wergeland som ein farleg og samfunnsomstyrtande radikal, republikanar og fritenkjar. For Lassen var det viktig å gjera Wergeland og hans dikting akseptabel for borgarskapet. Som eit resultat av dette, var det viktig å dempa det skræmande inntrykket som Wergeland si ungdomsdikting og den politiske verksemda hans hadde etterlate seg.<sup>157</sup> Det var òg viktig for Lassen å arbeida mot at Wergeland kunne forståast som ein forgjengar for venstrerørsla i 1880-åra.<sup>158</sup> Som følgje av dette vart grunnformelen i høgrebiletet av Wergeland at han var ein diktar, berre ein diktar. For Lassen var Wergeland ein diktarpolitkar, noko Lassen rekna som noko heilt anna enn ein politkar: Ein diktarpolitkar arbeider ikkje med døgnpolitikk, men med politikk i abstrakt

---

<sup>152</sup> Wallem 1916, s. 759

<sup>153</sup> Lassen vert presentert seinare i kapitlet.

<sup>154</sup> Vullum vert presentert seinare i kapitlet.

<sup>155</sup> Sjø Marcus Monrad ([http://www.snl.no/nbl\\_biografi/Marcus\\_Monrad/utdypning](http://www.snl.no/nbl_biografi/Marcus_Monrad/utdypning)) Henta den 18. oktober 2010.

<sup>156</sup> Sjø Aarnes 1991, s. 19.

<sup>157</sup> Sjø Aarnes 1991, s. 29.

<sup>158</sup> Sjø Aarnes 1991, s. 33.



form, som filosofi eller religion.<sup>159</sup> Det vart vidare skapt eit *venstre*bilete av Wergeland i 1870-80-åra.<sup>160</sup> Det er eit nært samband mellom *Venstre* sin oppmarsj i 1870-80-åra og den samtidige utforminga av eit venstreradikalt bilete av Wergeland, tilpassa den aktuelle politiske situasjonen.<sup>161</sup> Etableringa av venstreiletet må sjåast i lys av at *Venstre* knuser det gamle konservative embetsmannsstyret, set den siste embetsmannsregjeringa under riksrett og tvingar Kongen til å utnemna ei venstreregjering.<sup>162</sup> *Venstre* nytta Wergeland i partipolitisk og nasjonsbyggjande hensikt,<sup>163</sup> som ein garant for at partiet sin kamp for eit fullt utbygd folkestyre og fullt nasjonalt sjølvstende var ei god og rettferdig sak.<sup>164</sup> Venstreiletet var eit bilete av Wergeland som ein venstreradikal diktarpolitkar, prototypisk venstremann og førebiletleg fedrelandsvenn.<sup>165</sup> Det la avgjerande vekt på den unge revolusjonsbegeistra poeten og republikanaren frå byrjinga av 1830-åra, han som skreiv ”Republikanaren sin Bibel”, og som kunne oppfattast som den åndelege stamfaren til det sigrande venstrepartiet i 1880-åra.<sup>166</sup> Høgreiletet av Wergeland taper for venstreiletet i 1870-80 åra, og venstreiletet sigra så fullstendig at høgreiletet vart totalt framandgjort.<sup>167</sup> Det at det var *Venstre* sin kandidat, Bjørnstjerne Bjørnson, som fekk halda avdukingstalen, markerer sigeren til venstreiletet i symbolsk form.<sup>168</sup> Det var òg gjennom *Venstre* si nytting av Wergeland at han vart kanonisert som den største norske nasjonalhelten.<sup>169</sup>

Under minnefeiringa i 1881 vart Wergeland fyrst og fremst framstilt som ein forkjempar for eit fritt Noreg. Det var slik han hovudsakleg vart omtalt under sjølv avdukingsseremonien.

---

<sup>159</sup> Sjø Aarnes 1991, s. 30.

<sup>160</sup> Aarnes 1991, s. 20.

<sup>161</sup> Aarnes 1991, s. 20.

<sup>162</sup> Aarnes 1991, s. 38.

<sup>163</sup> Aarnes 1991, s. 21.

<sup>164</sup> Aarnes 1991, s. 15.

<sup>165</sup> Aarnes 1991, s. 20.

<sup>166</sup> Aarnes 1991, s. 37.

<sup>167</sup> Sjø Aarnes 1991, s. 19.

<sup>168</sup> Sjø Aarnes 1991, s. 20.

<sup>169</sup> Sjø Aarnes 1991, s. 13-14.

Bjørnson la mest vekt på dette i avdukingstalen,<sup>170</sup> og Wergeland vart omtalt som ein forkjempar for Noreg sin fridom i dei to songane som vart sungne.<sup>171</sup> Den eine av songane var ei kantate, der teksten var forfatta av Jonas Lie, og melodien var komponert av Joh. Svendsen.<sup>172</sup> Den andre songen var skriven av Kristofer Janson.<sup>173</sup> Det var òg denne måten å framstilla Wergeland på som var mest framtrudande i avisene i dei framstillingane som ikkje var ein del av referata av minnefeiringa,<sup>174</sup> dette trass i at *Aftenposten* hovudsakleg skildra han som ein diktar som ei motsetning til ein politiskar.<sup>175</sup> Sjølv om *Aftenposten* i størst grad omtalte Wergeland på denne måten, la òg den, nest etter dette, mest vekt på arbeidet for Noreg sin fridom. Hovudframstillinga til *Aftenposten* passar inn under høgrebiletet av Wergeland, det interessante er likevel at dei to høgreorienterte avisene *Aftenposten* og *Morgenbladet* ikkje danna ein markert motstand mot eit politisert bilete av Wergeland, og at det i staden var stor likskap mellom framstillingane til dei ulike politiske sidene trass i den store usemja i tilknytning til avdukinga.

Sjølv om det altså vart fokusert meir på andre ting, fekk òg Wergeland sin kamp for jødane sitt tilgjenge til Noreg ein sentral posisjon under avdukinga av statuen av Wergeland i Studentertunden. Det vart halde to talar under avdukingsseremonien, Bjørnson heldt avdukingstalen, og Herman Prager talte på vegne av dei norske jødane.<sup>176</sup> Begge desse to snakka om innsatsen i jødesaka, sjølv om den fekk ein meir sentral plass i talen til Prager enn i talen til Bjørnson. Prager fokuserte hovudsakleg på arbeidet for jødane,<sup>177</sup> mens det allereie har vorte gjort greie for korleis Bjørnson hovudsakleg omtalte Wergeland. Nest etter Wergeland sin innsats for Noreg sin fridom og arbeidet for dei svake i det norske samfunnet,

---

<sup>170</sup> Talen til Bjørnson står i Bjørnson 1912 *Artikler og taler*, s. 511-516. Bjørnson utelét likevel denne setninga av den planlagde talen: ”men kommer vi ind paa den dybere Undersøgelse af ham som Fritænker, som Republikaner, som den store Evolusjonsaand, der sang om undergaaede Verdener og om andre Verdener, der endnu slumre ufødte i Melkeveien, da begynder Striden.” Sjå *Morgenbladet* 20. mai (nr. 137a) 1881, s. 2.

<sup>171</sup> Det gjerast greie for kva songar som vart sungne i *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1. Dei to songane står i Janson 1881 *Ved Wergelandsstøttens afsløring. 17de Mai 1881* og *Morgenbladet* 18. mai (nr. 135) 1881, s. 2.

<sup>172</sup> *Morgenbladet* 17. mai (nr. 134a) 1881, s. 2.

<sup>173</sup> Sjå Janson 1881 *Ved Wergelandsstøttens afsløring. 17de Mai 1881*.

<sup>174</sup> Sjå *Dagbladet* 14. mai (nr 124) 1881, s. 1, *Dagbladet* 16. mai (nr. 125) 1881, s. 1 og 1-3, *Aftenposten* 10. mai (nr 107a) 1881, s. 2, *Aftenposten* 16. mai (nr 111a) 1881, s. 1, *Aftenposten* 17. mai (nr 112a) 1881, s. 2, *Aftenposten* 18. mai (nr 113a) 1881, s. 1, *Morgenbladet* 15. mai (nr 132a) 1881, s. 1, *Morgenbladet* 17. mai (nr 134a) 1881, s. 1, *Morgenbladet* 18. mai (nr 135) 1881, s. 1, og *Morgenbladet* 18. mai (nr 135) 1881, s. 2.

<sup>175</sup> Sjå *Aftenposten* 12. mai (nr 109a) 1881, s. 1, *Aftenposten* 14. mai (nr 110a) 1881, s. 1, *Aftenposten* 16. mai (nr 111a) 1881, s. 1.

<sup>176</sup> Sjå *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>177</sup> Talen til Prager står i *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

la Bjørnson likevel mest vekt på kampen i jødesaka. Prager framstilte arbeidet for jødane som ein del av eit generelt engasjement for menneskerettar, noko som reflekterer eit liberalt perspektiv på dette arbeidet. I tillegg til å framstilla Wergeland sin innsats for jødane, aktualiserte Prager denne for dei norske jødane sin integrasjon i det norske samfunnet. I denne samanhengen er det viktig å leggja merke til at han representerte dei norske jødane. Prager framstilte Wergeland som den som hadde gitt jødane Noreg som fedreland :

”Wergeland var det, som i Norge skapte os et nyt Fædreland, og Wergeland var det, som lærte os at elske dette Land. Derfor vil vi Jøder stadig ved Mindet om Henrik Wergeland gjøre alt vort for at blive gode Borgere i den norske Stat, saa det aldrig skal hede, at Henrik Wergelhed har havt Skam af sine Sønner. At lyde hans Raad og stræbe etfter hans Idealers, den aandelige og sædelige Friheds Virkeliggjørelse skal være vort Livs højeste Maal.”<sup>178</sup>

I tillegg til å ha arbeidd for jødane sitt tilgjenge til Noreg var Wergeland, som tidlegare skrive, truleg den største norske nasjonalhelten. Dette gjer Wergeland til ein sær s god integrasjonsfigur for jødane, som ein sær s god person til å legitimera deira posisjon som norske borgarar. På denne måten kan Wergeland både nyttast i samband med dei norske jødane si forståing av seg sjølve som norske, og til å rettferdiggjera denne posisjonen overfor resten av den norske befolkninga. Med tanke på det forumet som talen vart halden i, var integreringsframstøytet truleg fyrst og fremst retta mot den ikkje-jødiske delen av det norske samfunnet. Avdukinga av wergelandsstatuen i 1881 er vidare truleg det fyrste høvet der dei norske jødane opptredde offentleg i Noreg.<sup>179</sup> Jødane hadde truleg ikkje opptredd offentleg tidlegare på grunn av at dei hadde vore så få. Mengda jødar byrja fyrst å auka rundt 1880.<sup>180</sup> I 1876 var det ikkje registrert meir enn 34 jødar i heile Noreg, og 17 i Kristiania.<sup>181</sup> I 1891 var det registrert 214 jødar i Noreg som heilskap, og 136 i Kristiania.<sup>182</sup> Desse tala er likevel noko misvisande. For det fyrste var det truleg fleire jødar enn dei som vart registrerte som dette, noko som i allfall var tilfellet med folketeljinga frå 1900.<sup>183</sup> For det andre vart jødar i 1891 registrerte som buande på landsbygda, mens dei i realiteten budde i ein by.<sup>184</sup> Det vert referert til folketeljinga i 1910 seinare i oppgåva. Også når det gjeld denne var det truleg fleire jødar

---

<sup>178</sup> Sitert etter *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>179</sup> Mendelsohn 1987, s. 357.

<sup>180</sup> Gjernes 2002, s. 26.

<sup>181</sup> Sjå Koritzinsky 1922, s. 75.

<sup>182</sup> Sjå Koritzinsky 1922, s. 76.

<sup>183</sup> Sjå Gjernes 2002, s. 27-29.

<sup>184</sup> Sjå Koritzinsky 1922, s. 76.

enn dei som vart registrerte som dette. Jødar som eigentleg budde i ein by vart vidare registrerte som buande på landsbygda òg i samband med denne folketeljinga.<sup>185</sup>

Jødane engasjerte seg vidare aktivt for å få ta del i minnefeiringa, noko som til dømes går fram av at jødane i Kristiania og i Stockholm søkte om å få plass i prosesjonen samt om å få leggja ned ein krans ved statuen av Wergeland,<sup>186</sup> og jødane markerte seg sterkt. For det fyrste talte Prager som den einaste i tillegg til hovudtalaren under avdukingsarrangementet. Jødar la vidare ned kransar ved wergelandsstatuen. Det vart lagt ned ein på vegne av dei norske jødane, og to frå svenske jødar.<sup>187</sup> Alle dei tre kransane peika på Wergeland sin innsats i jødesaka, sjølv om dette går klarast fram gjennom teksten på dei norske jødane sin krans. På kransen frå dei norske jødane stod det: ”Du som offred din Evne for Menneske-Lighed Dit Minde vil leve til evige Tider Hos norske Israeliter.”<sup>188</sup> Det var Prager som la ned denne kransen.<sup>189</sup> På kransane frå dei svenske jødane stod det: ”Från minnesgoda svenska Judar”<sup>190</sup>, og: ”Wergelandsvännen M. S. Warburgs Söner i Göteborg”<sup>191</sup>. Den sistnemnde kransen var frå Simon Elias Warburg og Karl Johan Warburg, Wergeland hadde korrespondert mykje med far deira i samband med kampen for jødane.<sup>192</sup> Ein av desse brørne la ned dei to kransane frå dei svenske jødane.<sup>193</sup> Dette vart gjort med orda: ”med Tak for, hvad Wergeland virkede, ej blot i Norge, men i hele Norden for Samvittighedsfrihed og Trosfrihed”<sup>194</sup>. Dei generelle formuleringane på kransen til dei norske jødane og i orda til Warburg, reflekterer eit liberalt syn på arbeidet i jødesaka. Kransane frå jødane var vidare mellom dei fyrste som vart lagde ned. I *Dagbladet* står det at desse var dei fyrste som vart lagde ned.<sup>195</sup> I følgje *Aftenposten* la fru Bjørn (enka etter Wergeland), og mor og kona til Bjørnson ned bukettar før jødane sine kransar vart lagde ned.<sup>196</sup> *Morgenbladet* går på si side frå å vera samd med *Dagbladet* når det gjeld denne rekkjefølgja den 18. mai,<sup>197</sup> til å vera samd med *Aftenposten* dagen etter.<sup>198</sup> Jødar

---

<sup>185</sup> Sjå Koritzinsky 1922, s. 76.

<sup>186</sup> Det at jødane i Kristiania og i Stockholm søkte om å få plass i prosesjonen og om å få leggja ned ein krans ved statuen av Wergeland står i *Dagbladet* 6. mai (nr. 118) 1881, s. 2.

<sup>187</sup> Sjå *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>188</sup> Sitert etter *Aftenposten* 18. mai (nr. 113a) 1881, s. 2.

<sup>189</sup> Sjå *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>190</sup> Sitert etter Mendelsohn 1987, s. 359.

<sup>191</sup> Sitert etter Mendelsohn 1987, s. 359.

<sup>192</sup> Mendelsohn 1987, s. 359.

<sup>193</sup> Sjå *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>194</sup> Sitert etter *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>195</sup> Sjå *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>196</sup> Sjå *Aftenposten* 18. mai (nr. 113a) 1881, s. 2.

<sup>197</sup> Sjå *Morgenbladet* 18. mai (nr. 135) 1881, s. 2.

frå Stockholm hadde òg reparert og pussa opp gravmonumentet til dette høvet gjennom ein kommisjonær, og gitt ein krans som skulle hengja på dette minnesmerket.<sup>199</sup> På kransen frå jødane, som var plassert rundt bysta sitt bryst, stod det skrive, ”Sannfærdig mann består för evigt. Sal. Ordspr. 12, 19.”<sup>200</sup> <sup>201</sup> Grava var pynta med eit utal kransar,<sup>202</sup> det var visstnok så stor trengsel for å koma fram at mange måtte ta bukettane og kransane sine med seg igjen utan at dei fekk lagt dei på grava.<sup>203</sup> Dette illustrerer kor sentral kransen frå jødane var.

#### **4.2.2 Brei støtte for minninga av arbeidet i jødesaka trass i den store politiske usemja i samband med avdukinga**

Deltakinga under minnefeiringa viser at den hadde brei støtte i Noreg. Striden rundt valet av Bjørnson som talar resulterte i at mange hadde motførestellingar mot å delta under minnefeiringa, dette gjaldt særleg folk på høgresida i politikken.<sup>204</sup> Men sjølv om delar av desse heldt seg vekke, var det stor oppslutning om jubileet. Det var omkring 7-10 000 tilstades under arrangementet ved grava,<sup>205</sup> og rundt 10 000 gjekk i prosesjonen.<sup>206</sup> Sjølv om fleire demonstrerte mot valet av talar ved å halda seg vekke frå prosesjonen, gjaldt ikkje dette alle på høgresida.<sup>207</sup> Dei ulike meiningane om hovudtalaren kom òg til uttrykk i avisene sine referat. *Morgenbladet* meinte det var 100 færre studentar i prosesjonen enn *Dagbladet*,<sup>208</sup> og opponerte mot at det var så mange handelsmenn og sjømenn tilstades som *Dagbladet* ville ha det til,<sup>209</sup> utan å koma med noko estimering sjølv.<sup>210</sup> På tribunen framfor statuen var det så mange menneske som det var plass til.<sup>211</sup> Der sat stortingsrepresentantane med unntak av representantane frå Kristiania og nokre andre medlemmar frå *Høgre*, mange vitskapsmenn, kunstnarar, litteratar og kvinner.<sup>212</sup> Dei som vart inviterte til avdukingsarrangementet skal ha utgjort 1000 stykk.<sup>213</sup> Utanom dei innbedne var òg songarane, og så mykje det var plass til av

---

<sup>198</sup> Sjå *Morgenbladet* 19. mai (nr. 136a) 1881, s. 2.

<sup>199</sup> *Morgenbladet* 17. mai (nr. 134a) 1881, s. 2.

<sup>200</sup> Sitert etter *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>201</sup> Sjå *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>202</sup> *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>203</sup> Sjå *Morgenbladet* 18. mai (nr. 135) 1881, s. 2.

<sup>204</sup> Mendelsohn 1987, s. 357.

<sup>205</sup> *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>206</sup> *Morgenbladet* 19. mai (nr. 136a) 1881, s. 2.

<sup>207</sup> Sjå *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>208</sup> Sjå *Morgenbladet* 19. mai (nr. 136a) 1881, s. 2, og *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>209</sup> *Dagbladet* si estimering kjem fram i *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>210</sup> Sjå *Morgenbladet* 20. mai (nr. 137a) 1881, s. 2.

<sup>211</sup> *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>212</sup> *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>213</sup> Sjå *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

prosesjonen innanfor innhegninga.<sup>214</sup> Utanfor innhegninga hadde eit utal tilskodarar teke plass på alle tenkjelege og utenkjelege stader.<sup>215</sup> På grunn av avdukinga, var det sett opp ein tribune i Tivolihaugen.<sup>216</sup> Denne, dei tilstøytande gatene og opne plassane, i tillegg til vindauge og tak på bygningane som låg rundt Studentertunden, var fulle av skodelystne.<sup>217</sup> *Dagbladet* skreiv at den samla menneskemengda vart vurdert til å vera i ein storleik mellom 40 000 og 60 000,<sup>218</sup> mens *Aftenposten* vurderte mengda til å vera på mellom 20 000 og 30 000.<sup>219</sup>

Undersøkinga av pressereaksjonane på avdukinga viser vidare at omtalen av Wergeland sin kamp for jødane spesielt òg hadde brei støtte i Noreg. Dette sjølv om dei høgreorienterte avisene *Aftenposten*<sup>220</sup> og særleg *Morgenbladet*<sup>221</sup>, ved fyrste augekast verkar å vera mindre positivt innstilte enn venstreorganet *Dagbladet*<sup>222</sup>. Den breie støtta vert reflektert gjennom det at avisene gjengav denne omtalen i stor grad. *Dagbladet*, *Aftenposten*, og *Morgenbladet* trykte alle avdukingstalen.<sup>223</sup> Talen til Prager vart likevel berre trykt i *Dagbladet*,<sup>224</sup> mens *Aftenposten* nógde seg med å skildra den.<sup>225</sup> *Morgenbladet* skreiv ikkje eingong at han hadde halde ein tale. Det var vidare berre *Dagbladet* som gjengav dei orda som Warburg uttalte då han la ned dei to kransane frå dei svenske jødane,<sup>226</sup> men *Aftenposten* nemnde dei.<sup>227</sup> Ut frå alt dette verkar det altså ved fyrste augekast som om *Aftenposten* og særleg *Morgenbladet*, var mindre positive til fokuset på innsatsen i jødesaka enn kva *Dagbladet* var. Den mindre omfattande dekninga av denne innsatsen er likevel truleg berre eit resultat av motviljen mot Bjørnson som talar. Omtalen av engasjementet for jødane fekk truleg mindre merksemd i *Aftenposten* og *Morgenbladet* berre fordi deira framstillingar av minnefeiringa generelt var mindre omfattande enn *Dagbladet* si på grunn av denne motviljen.

---

<sup>214</sup> *Aftenposten* nr. 12. mai (109a) 1881, s. 2.

<sup>215</sup> *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>216</sup> *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>217</sup> *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>218</sup> Sjå *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>219</sup> Sjå *Aftenposten* 18. mai (nr. 113a) 1881, s. 2.

<sup>220</sup> *Aftenposten* var ei av dei viktigaste avisene i Kristiania og i Noreg, og orienterte seg mot høgresida i den norske politikken. Sjå Dahl i Flo 2010, s. 25.

<sup>221</sup> *Morgenbladet* orienterte seg mot den politiske høgresida og var den største avisa i Kristiania, og i Noreg som heilskap. Sjå Nordland i Flo 2010, s. 220.

<sup>222</sup> *Dagbladet* var ei av dei viktigaste avisene både i Kristiania og i Noreg som heilskap, den var vidare eit krast venstreorgan med ein sterk tradisjon for sjølvstende i forhold til partiet. Sjå Eide i Flo 2010, s. 73.

<sup>223</sup> Talen står i *Aftenposten* 17. mai (nr. 112a) 1881, s. 2-3, og i *Morgenbladet* 18. mai (nr. 135) 1881, s. 2. Det står i *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1 at talen vart trykt dagen før, men eg har ikkje fått tak i den avisa.

<sup>224</sup> Talen til Prager vart trykt i *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>225</sup> Talen til Prager vart skildra i *Aftenposten* 18. mai (nr. 113a) 1881, s. 2.

<sup>226</sup> Orda til Warburg vart gjengitt i *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>227</sup> Orda til Warburg vart nemnde i *Aftenposten* 18. mai (nr. 113a) 1881, s. 2.

Denne forståinga vert underbygd av dei tre avisene si vidare dekning av framstillinga av det Wergeland gjorde for jødane. *Dagbladet* og *Aftenposten* nemnde alle dei 3 kransane frå jødane som vart lagde på statuen,<sup>228</sup> mens *Morgenbladet* nemnde kransen frå dei norske jødane og ein av kransane frå dei svenske jødane<sup>229</sup>.<sup>230</sup> Kransane frå jødane var vidare mellom dei fyrste kransane som vart presenterte i alle dei tre avisene, og dei gjorde alle greie for at kransane var frå jødar.<sup>231</sup> *Aftenposten* og *Morgenbladet* tok med inskripsjonane på dei kransane dei omtalte.<sup>232</sup> Dette gjorde ikkje *Dagbladet*, men den hadde heller ikkje med inskripsjonane på dei andre kransane den tok med. Alle dei tre avisene nemnde spesielt kransen frå dei svenske jødane av dei kransane som vart lagde på Wergeland si grav, og det at den kom frå jødar.<sup>233</sup> Avisene informerte minimalt om dei andre kransane som vart lagde på grava. Alle dei undersøkte avisene skreiv at jødar hadde pussa opp Wergeland sitt gravmonument i høvet minnefeiringa.<sup>234</sup> *Dagbladet* og *Aftenposten* nemnde til slutt òg at gravmonumentet vart reist av takksame jødar.<sup>235</sup>

Det at omtalen av Wergeland sitt arbeid i jødesaka hadde brei støtte vert vidare underbygd av dei eksplisitte meiningsytringane, sjølv om det i fyrste omgang igjen kan verka som om dei høgoreorienterte var mindre positive enn den politiske venstresida. *Dagbladet* reagerte særst positivt på Bjørnson sin tale. Den meinte at talen var verkeleg god, at den på alle måtar passa til det høvet den vart halden på. *Dagbladet* understreka òg at det var ein taktfull tale, ein som ikkje var fornærmande mot nokon.<sup>236</sup> *Morgenbladet* var samd med *Dagbladet* i at talen ikkje angreip nokon, men gav likevel i generelle former uttrykk for at den var av dårleg kvalitet, både når det gjaldt form og innhald.<sup>237</sup> *Aftenposten* uttalte seg ikkje om talen, men det var likevel viktig for den å argumentera mot at talen vart motteken med begeistring av tilhøyrarane.<sup>238</sup> Denne svake kritikken frå dei to høgoreorienterte avisene kan tyda på at dei eigentleg ikkje hadde noko mot talen i seg sjølv, men at dei likevel hadde eit behov for å

---

<sup>228</sup> Sjå *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1, og *Aftenposten* 18. mai (nr. 113a) 1881, s. 2.

<sup>229</sup> Den med innskrifta *Från minnesgoda svenska Judar*.

<sup>230</sup> Sjå *Morgenbladet* 19. mai (nr. 136a) 1881, s. 2.

<sup>231</sup> Sjå *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1, *Aftenposten* 18. mai (nr. 113a) 1881, s. 2, og *Morgenbladet* 19. mai (nr. 136a) 1881, s. 2.

<sup>232</sup> Sjå *Aftenposten* 18. mai (nr. 113a) 1881, s. 2, og *Morgenbladet* 19. mai (nr. 136a) 1881, s. 2.

<sup>233</sup> Sjå *Aftenposten* 18. mai (nr. 113a) 1881, s. 2, *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1, og *Morgenbladet* 18. mai (nr. 135) 1881, s. 2.

<sup>234</sup> Sjå *Aftenposten* 12. mai (nr. 109a) 1881, s. 2, *Morgenbladet* 17. mai (nr. 134a) 1881, s. 2, og *Dagbladet* 12. mai (nr. 123) 1881, s. 2 og *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>235</sup> Sjå *Dagbladet* 12. mai (nr. 123) 1881, s. 2 og *Aftenposten* 12. mai (nr. 109a) 1881, s. 2.

<sup>236</sup> Sjå *Dagbladet* 18. mai (nr. 127) 1881, s. 1.

<sup>237</sup> Sjå *Morgenbladet* 20. mai (nr. 137a) 1881, s. 2.

<sup>238</sup> Sjå *Aftenposten* 18. mai (nr. 113a) 1881, s. 2.

uttrykkja sin motvilje mot talaren. Ingen av avisene trekte spesielt fram fokuset på engasjementet i jødesaka i talen. *Aftenposten* vurderte til slutt orda til Warburg og det at jødar hadde pussa opp gravmonumentet, og den uttrykte seg svært anerkjennande om dei begge.<sup>239</sup>

### 4.3 Hundreårsjubileet for Wergeland sin fødsel den 17. juni 1908

#### 4.3.1 Innsatsen i jødesaka i bakgrunnen av minninga under hundreårsjubileet

I 1908 hadde partiet *Venstre* både vunne kampen om norsk sjølvstende og kampen om Wergeland. Venstreiletet av Wergeland hadde ifølgje Aarnes no vorte det offisielle, og Wergeland hadde vorte posisjonert som Noreg sin nasjonalskald.<sup>240</sup> Wergeland vart hovudsakleg omtalt som ein fridomsforkjempar i minninga under dette jubileet som er gjeldande for Noreg som heilskap, og i denne samanhengen vart det spesifikt fokusert på engasjementet hans for eit fritt Noreg og for mennesket sin fridom.<sup>241</sup> Det kom ut tre bøker i samband med hundreårsmarkeringa som anten handla om Wergeland eller om den litterære produksjonen hans, eller om begge deler.<sup>242</sup> Hovudframstillinga kom fram gjennom to av bøkene, i biografiane *Henrik Wergeland . Ei folkeskrift* av Halvdan Koht og *Henrik Wergeland i dikt og liv. En historisk skitse* av Erik Vullum. Koht presenterte Wergeland hovudsakleg som ein forkjempar for eit fritt Noreg, mens i hovudsak Vullum omtalte han som ein forkjempar for mennesket sin fridom. Koht og Vullum var i følgje Aarnes begge sentrale aktørar i skapinga og manifesteringa av venstreiletet av Wergeland.<sup>243</sup> Vullum var venstrepolitikar, journalist og forfattar. Han var vidare ein av *Venstre* sine mest nytta folketalalarar i 1880-åra.<sup>244</sup> Koht var historikar og arbeidarpartipolitikar.<sup>245</sup> Wergeland sitt engasjement for jødane vart òg inkludert i bøkene, men sjølv om det vart teke med i to av dei tre bøkene vart det ikkje fokusert mykje på dette. Arbeidet i jødesaka fekk størst merksemd i *Henrik Wergeland i hans diktning* av wergelandspesialisten<sup>246</sup> Vilhelm Troye. Der er det eit

---

<sup>239</sup> Sjå *Aftenposten* 18. mai (nr. 113a) 1881, s. 2 og *Aftenposten* 12. mai (nr. 109a) 1881, s. 2.

<sup>240</sup> Aarnes 1991, s. 20-21.

<sup>241</sup> Sjå Koht 1908 og Vullum 1908.

<sup>242</sup> Dei tre bøkene er: *Henrik Wergeland . Ei folkeskrift* av Halvdan Koht, *Henrik Wergeland i dikt og liv. En historisk skitse* av Erik Vullum, og *Henrik Wergeland i hans diktning* av Vilhelm Troye.

<sup>243</sup> Sjå Aarnes 1991, s. 37-48 og 93-106.

<sup>244</sup> Erik Vullum ([http://www.snl.no/Erik\\_Vullum](http://www.snl.no/Erik_Vullum)). Henta 22. februar 2010.

<sup>245</sup> Sjå Halvdan Koht ([http://www.snl.no/Halvdan\\_Koht](http://www.snl.no/Halvdan_Koht)) Henta 8. september 2010.

<sup>246</sup> Sjå Harald Beyer ([http://www.snl.no/nbl\\_biografi/Harald\\_Beyer/utdypning](http://www.snl.no/nbl_biografi/Harald_Beyer/utdypning)) Henta 17. november 2010.



kapittel om diktsamlingane *Jøden* og *Jødinden*.<sup>247</sup> Troye fokuserer i kapitlet på den samanhengen diktsamlingane vart forfatta i, på sjølve kampen for jødane. Halvdan Koht framstilte på si side engasjementet for jødane som den viktigaste delen av eit engasjement for det liberale prinsippet om religionsfridom, dette gjer han som ein del av ei orientering om dette engasjementet i løpet av éi side i biografien sin om Wergeland, *Henrik Wergeland. Ei folkeskrift*.<sup>248</sup>

Også under hundreårsmarkeringa i Kristiania vart Wergeland hovudsakleg framstilt som ein forkjempar for Noreg sin fridom, og som ein forkjempar for mennesket sin fridom. Det var dette det vart lagt mest vekt på i dei tre hovudtalane, som utgjer dei aller fleste av talane som vart haldne.<sup>249</sup> Den fyrste hovudtalen vart halden av Erik Vullum ved grava til Wergeland.<sup>250</sup> Han presenterte Wergeland i hovudsak som ein fremjar av det norske folket sin kjærleik til sine medmenneske. Gunnar Heiberg talte vidare under ein matiné i Nasjonalteateret.<sup>251</sup> Han var forfattar og teatermann, sin generasjons mest betydelige dramatkar og ein sær god essayist.<sup>252</sup> Den siste av hovudtalane, som òg var hovudtalen for hundreårsmarkeringa i Kristiania som heilskap, vart halden av den kjende norske forfattaren Knut Hamsun, ved wergelandsstatuen.<sup>253</sup> Både Heiberg og Hamsun fokuserte mest på Wergeland sitt arbeid for eit fritt Noreg. Wergeland vart vidare hovudsakleg framstilt som ein forkjempar for Noreg sin fridom under ein prolog forfatta av Nils Collet Vogt, som vart framført under matineen i Nasjonalteateret,<sup>254</sup> og som òg vart trykt i eit minneblad som wergelandskomiteen gav ut.<sup>255</sup> Det vart til slutt lagt mest vekt på Wergeland sin innsats for eit fritt Noreg og for mennesket

---

<sup>247</sup> Sjå Troye 1908, s. 206-209.

<sup>248</sup> Sjå Koht 1908, s. 140-141.

<sup>249</sup> Dei tre hovudtalane står i *Aftenposten* 17. juni (nr. 334) 1908, s. 1 og 2, og i *Aftenposten* 18. juni (nr. 335) 1908, s. 1.

<sup>250</sup> Sjå *Morgenbladet* 17. juni (nr. 339) 1908, s. 2.

<sup>251</sup> Sjå *Aftenposten* 17. juni (nr. 334) 1908, s. 2.

<sup>252</sup> Gunnar Heiberg ([http://www.snl.no/nbl/biografi/Gunnar\\_Heiberg/utdypning](http://www.snl.no/nbl/biografi/Gunnar_Heiberg/utdypning)). Henta den 22. februar 2010.

<sup>253</sup> Sjå *Aftenposten* 18. juni (nr. 335) 1908, s. 1.

<sup>254</sup> Sjå *Aftenposten* 17. juni (nr. 334) 1908, s. 2.

<sup>255</sup> Prologen til Collet Vogt står i *Henrik Wergeland. Et mindeblad i anledning af hans 100-aars fødselsdag den 17 juni 1908*. 1908, s. 1-4.

sin fridom i ein tekst av Carl Nærup som står i minnebladet,<sup>256</sup> og i avisene i dei framstillingane som ikkje var ein del av referata av minnefeiringa.<sup>257</sup>

Wergeland sin kamp i jødesaka vart teken med under markeringa av hundreårsdagen hans i Kristiania, men den fekk lite merksemd. Dette sjølv om jødane markerte seg sterkt under markeringa ved grava til Wergeland ved dette høvet. Der talte dei, la ned ein krans,<sup>258</sup> og hadde plass innanfor det området som var reservert for særleg viktige personar.<sup>259</sup> Jødane var vidare sterkt representerte i prosesjonen til statuen av Wergeland i Studenterlunden,<sup>260</sup> men dei gjekk langt bak i rekkja, som nummer 61 av 72.<sup>261</sup> Dette kan verka merkeleg sidan dei står oppførte som nummer 22 i oversikta over deltakarane i prosesjonen, noko som likevel har si naturlege forklaring. Den viktigaste årsaka til den store differansen er at alle arbeidarforeiningane er plassert under det same nummeret, noko som ein òg ser ut frå oversikta. I tillegg til dette gjekk det to grupper fremst i prosesjonen som ikkje er tekne med i denne oversikta.<sup>262</sup> Det vart vidare lagt lite vekt på engasjementet i jødesaka i talane, songane, dikta og avisartiklane under markeringa i Kristiania. Representantane frå *Det Mosaiske Trossamfund* fokuserte likevel truleg mykje på dette engasjementet i det dei sa då dei la ned kransen sin under arrangementet ved grava.<sup>263</sup> Dette kan likevel ikkje seiast for sikkert ut frå dei undersøkte kjeldene, sidan desse orda verken er trykte eller skildra i dei. Talen frå jødane var ein sentral del av dette arrangementet, om enn ikkje den mest sentrale. Den var ikkje hovudtalen, og fleire andre talte på lik linje med jødane.<sup>264</sup> Heiberg sa i talen sin at svenske jødar reiste minnesmerket på grava, men då berre som ein kritikk til det norske samfunnet for at dei ikkje hadde heidra Wergeland.<sup>265</sup> Hamsun tok på si side med at Wergeland skreiv om jødane i ei opprømsing for å visa at Wergeland arbeidde mykje.<sup>266</sup> I ein artikkel i *Morgenbladet* om Wergeland står det at han kjempa for jødane sitt tilgjenge til Noreg i

---

<sup>256</sup> Teksten til Nærup står i *Henrik Wergeland. Et mindeblad i anledning af hans 100-aars fødselsdag den 17 juni 1908*. 1908, s. 5-7.

<sup>257</sup> Sjå *Aftenposten* 17. juni (nr 333) 1908, s. 1-2, *Morgenbladet* 17. juni (nr 337) 1908, s. 1-2, *Dagbladet* 16. juni (nr 161) 1908, s. 1, *Dagbladet* 17. juni (nr 162) 1908, s. 1, og *Dagbladet* 18. juni (nr 163) 1908, s. 1-2.

<sup>258</sup> Sjå *Morgenbladet* 17. juni (nr. 339) 1908, s. 2.

<sup>259</sup> Sjå *Aftenposten* 17. juni (nr. 334) 1908, s. 1.

<sup>260</sup> *Morgenbladet* 18. juni (nr. 340) 1908, s. 2.

<sup>261</sup> Oversikta over deltakarane i prosesjonen står i *Aftenposten* 17. juni (nr. 332) 1908, s. 1.

<sup>262</sup> Sjå *Aftenposten* 18. juni (nr. 335) 1908, s. 1.

<sup>263</sup> Det står at representantane frå *Det Mosaiske Trossamfund* sa nokre ord ved dette høvet i *Morgenbladet* 17. juni (nr. 339) 1908, s. 2.

<sup>264</sup> Sjå *Morgenbladet* 17. juni (nr. 339) 1908, s. 2.

<sup>265</sup> Talen til Heiberg står i *Aftenposten* 17. juni (nr. 334) 1908, s. 1.

<sup>266</sup> Talen til Hamsun står i *Aftenposten* 18. juni (nr. 335) 1908, s. 1.

samband med at det vert skrive at han engasjerte seg for ting utover seg sjølv.<sup>267</sup> *Jøden* og *Jødinden* vart til slutt nemnde i minnebladet i teksten til Carl Nærup. Diktsamlingane er nemnde i lag med andre dikt som døme på dikt frå den perioden i livet til Wergeland der han hadde funne kjærleiken i lag med Amalie Sofie Bekkevold, der overgangen mellom Wergeland sin mest personlege og samtidig mest objektive lyrikk er særleg lett.<sup>268</sup>

Feiringa av hundreårsdagen til Wergeland i Kristiansand vart arrangert av ein komité som hovudsakleg bestod av byens borgarskap, men òg av nokre representantar for arbeidarane i byen.<sup>269</sup> Hundreårsmarkeringa i Wergeland sin fødeby vart markert med avdukinga av ein statue av han.<sup>270</sup> Under denne markeringa vart Wergeland hovudsakleg omtalt som ein forkjempar for Noreg sin fridom og for dei svake i det norske samfunnet. Dette var det Jørgen Løvland<sup>271</sup>, som heldt avdukingstalen, fokuserte mest på.<sup>272</sup> Løvland var venstrepolitkar, og ein av dei mest sentrale politikarane i Noreg.<sup>273</sup> Det var vidare dette biletet som vart presentert av Wergeland i ei kantate som er skriven av soknepresten Johannes Brochmann.<sup>274</sup> Dette var den einaste songen som vart framført under avdukingsseremonien.<sup>275</sup> Til slutt vart det fokusert mest på Wergeland sitt arbeid for eit fritt Noreg i *Fædrelandsvennen*.<sup>276</sup> Wergeland sin innsats for jødane fekk likevel ein sentral plass i Kristiansand. Den var ein viktig del av talen til Løvland. Rett nok la han mest vekt på Wergeland sitt engasjement for eit fritt Noreg, og arbeidet for dei svake i det norske samfunnet, men nest etter dette fokuserte han på Wergeland sitt engasjement for menneskeverdet generelt, og som ein del av det, særleg på innsatsen i jødesaka. Vidare vart det publisert eit bilete av gravmonumentet i *Fædrelandsvennen*, og under biletet står det at

---

<sup>267</sup> Sjå *Morgenbladet* 17. juni (nr. 337) 1908, s. 1.

<sup>268</sup> Sjå *Henrik Wergeland. Et mindeblad i anledning af hans 100-aars fødselsdag den 17 juni 1908*. 1908, s. 7.

<sup>269</sup> Sjå *Fædrelandsvennen* 17. juni (nr 138) 1908, s. 2.

<sup>270</sup> Sjå *Fædrelandsvennen* 17. juni (nr 138) 1908, s. 2.

<sup>271</sup> I kjelda refererast det til *tollskrivar Løvland*, og den Jørgen Løvland som eg har funne var tollskrivar då avdukingstalen vart halden. Sjå Jørgen Løvland

([http://www.sn1.no/.nbl\\_biografi/J%C3%B8rgen\\_L%C3%B8vland/utdypning](http://www.sn1.no/.nbl_biografi/J%C3%B8rgen_L%C3%B8vland/utdypning)). Henta den 12. oktober 2010.

<sup>272</sup> Talen til Løvland står i *Fædrelandsvennen* 17. juni (nr. 138) 1908, s. 1.

<sup>273</sup> Sjå Jørgen Løvland ([http://www.sn1.no/.nbl\\_biografi/J%C3%B8rgen\\_L%C3%B8vland/utdypning](http://www.sn1.no/.nbl_biografi/J%C3%B8rgen_L%C3%B8vland/utdypning)). Henta den 12. oktober 2010.

<sup>274</sup> Kantata til Brochmann står i *Fædrelandsvennen* 17. juni (nr 138) 1908, s. 1.

<sup>275</sup> Sjå *Fædrelandsvennen* 17. juni (nr 138) 1908, s. 1.

<sup>276</sup> Sjå *Fædrelandsvennen* 20. juni (nr 141) 1908, s. 1-2, og *Fædrelandsvennen* 23. juni (nr 143) 1908, s. 1.

minnesmerket vart gitt av utanlandske jødar som takk for arbeidet for jødane sitt tilgjenge til Noreg.<sup>277</sup>

*Eidsvoll ungdomslag* bestemte seg for å reisa ein bauta ved Eidsvoll folkehøgskule i høve hundreårsjubileet av Wergeland sin fødsel. Dette var ein stein han sjølv skulle ha ynskt å få reist under ein fest på Eidsvoll i 1834.<sup>278</sup> Ungdomslaget var likevel ikkje dei einaste som ynskte å feira minnet om Wergeland. Eidsvoll kommunestyre sette ned ein komité som skulle ha ansvaret for ein fest ved ein wergelandsbauta som var oppsett ved kommunelokalet.<sup>279</sup> Kommunestyret ynskte ikkje at deira fest skulle hamna i eit konkurranseforhold til ungdomslaget sin,<sup>280</sup> noko komiteen likevel ikkje valde å retta seg etter. Årsaka til dette var omsynet til talaren på kommunen sin fest.<sup>281</sup> På Eidsvoll vart det lagt mest vekt på Wergeland sitt arbeid for eit fritt Noreg. Dette fokuset gjorde seg gjeldande i to av dei tre talane under ungdomslaget sin fest. Erik Vullum som heldt avdukingstalen på denne festen,<sup>282</sup> og sjefen for folkehøgskulen, Jon Sørensen, var dei to talarane som skildra Wergeland på denne måten.<sup>283</sup> På ungdomslaget sin fest vart det òg sunge ein song som vart forfatta av Sigurd Nesse til dette høvet, òg der vart det fokusert mest på engasjementet for Noreg sin fridom.<sup>284</sup> Dr. Andreas Aubert talte utanom programmet<sup>285</sup> under arrangementet til ungdomslaget,<sup>286</sup> og Chr. Collin talte som einaste talar på kommunen sin fest.<sup>287</sup> Desse to framstilte likevel Wergeland høvesvis som ein estetikar, og som eit varmt menneske og ein stor diktar. Det er likevel truleg ikkje snakk om noko opponering mot hovudframstillinga av Wergeland hjå nokon av dei som hadde eit anna fokus, dei valde truleg berre å leggja vekt på andre aspekt. Når det gjeld analysane av talane til Vullum, Sørensen, Aubert og Collin må det takast reservasjon vedrørande det at dei utforska kjeldene berre inneheld ein del av talane til Vullum og Sørensen, og berre skildringar av talane til Aubert og Collin. Det vart nærast ikkje lagt vekt på Wergeland sitt arbeid for jødane under minnefeiringa på Eidsvoll. Vektlegginga avgrensa seg

---

<sup>277</sup> Sjå *Fædrelandsvennen* 17. juni (nr. 138) 1908, s. 2.

<sup>278</sup> Sjå *Eidsvold Blad* 2. juni (nr. 43) 1908, s. 2.

<sup>279</sup> Sjå *Eidsvold Blad* 9. juni (nr. 45) 1908, s. 1.

<sup>280</sup> Sjå *Eidsvold Blad* 5. juni (nr. 44) 1908, s. 2.

<sup>281</sup> Sjå *Eidsvold Blad* 16. juni (nr. 47) 1908, s. 2.

<sup>282</sup> Sjå *Eidsvold Blad* 19. juni (nr. 48) 1908, s. 2.

<sup>283</sup> Ein del av talen til Vullum står i *Eidsvold Blad* 19. juni (nr. 48) 1908, s. 2, og ein del av talen til Sørensen står i *Eidsvold Blad* 19. juni (nr. 48) 1908, s. 2.

<sup>284</sup> Songen til Nesse står i *Eidsvold Blad* 23. juni (nr. 49) 1908, s. 2.

<sup>285</sup> Sjå *Eidsvold Blad* 16. juni (nr. 47) 1908, s. 3.

<sup>286</sup> Det står ei skildring av talen til Aubert i *Eidsvold Blad* 19. juni (nr. 48) 1908, s. 2.

<sup>287</sup> Det står ei skildring av talen til Collin i *Eidsvold Blad* 19. juni (nr. 48) 1908, s. 2.

til at *Juleaften*, som er eit dikt i diktsamlinga *Jøden*, vart framført under arrangementet til kommunen.<sup>288</sup>

Det vart lagt mest vekt på arbeidet for eit fritt Noreg, og på engasjementet for dei svake i det norske samfunnet under feiringa i Bergen. Dette var ein sentral del av talen til Gerhard Gran i teateret.<sup>289</sup> Det verkar som om markeringa i teateret var hovudarrangementet under denne minnefeiringa,<sup>290</sup> og som om talen til Gran var den mest sentrale delen av dette arrangementet.<sup>291</sup> Gran var ein sentral aktør i det norske kulturlivet frå 1890-åra og fram til han døydde i midten av 1920-åra. Han utmerka seg som ein viktig kulturell nasjonsbyggjar.<sup>292</sup> Analysen av talen til Gran er avgrensa av at dei undersøkte kjeldene berre inneheld ei skildring av talen. Wergeland vart òg hovudsakleg framstilt som ein forkjempar for Noreg sin fridom, og for dei svake i det norske samfunnet i *Bergens Tidende*.<sup>293</sup> Engasjementet i jødesaka vart òg inkludert som ein del av minnet om Wergeland i høve jubileet i Bergen, men det vart ikkje teke med som nokon sentral del av minnet om han. I teateret vart diktet *Juleaften* frå diktsamlinga *Jøden* framført.<sup>294</sup> *Jøden* og *Jødinden* vart òg nemnde i ein artikkel om Wergeland i *Bergens Tidende*, i samband med at det vart skriven om diktinga hans, og om at Wergeland skreiv ein del av sin venaste poesi mot slutten av livet sitt.<sup>295</sup> Ut frå kjeldematerialet markerte ikkje jødar seg på nokon måte under feiringa i Bergen. Om det er tilfelle at ingen jødar markerte seg, er det i så fall merkeleg med bakgrunn i at Bergen hadde den tredje største mengda jødiske innbyggjarar i Noreg i 1910. I folketeljinga frå dette året var 40 jødar registrerte som buande i Bergen.<sup>296</sup> Det at jødane eventuelt ikkje markerte seg, kan likevel delvis forklarast ut frå at det ikkje var organisert noko jødisk trussamfunn i Bergen.<sup>297</sup>

---

<sup>288</sup> Sjå *Eidsvold Blad* 19. juni (nr. 48) 1908, s. 2.

<sup>289</sup> Det står ei skildring av talen til Gran i *Bergens Tidende* 18. juni (nr. 170) 1908, s. 2.

<sup>290</sup> Sjå *Bergens Tidende* 17. juni (nr. 168) 1908, s. 3.

<sup>291</sup> Sjå *Bergens Tidende* 18. juni (nr. 170) 1908, s. 2.

<sup>292</sup> Gerhard Gran ([http://www.snl.no/.nbl\\_biografi/Gerhard\\_Gran/utdypning](http://www.snl.no/.nbl_biografi/Gerhard_Gran/utdypning)). Henta den 22. februar 2010.

<sup>293</sup> Sjå *Bergens Tidende* 17. juni (nr 168) 1908, s. 1, *Bergens Tidende* 17. juni (nr 168) 1908, s. 1-2, *Bergens Tidende* 17. juni (nr 168) 1908, s. 2, *Bergens Tidende* 17. juni (nr 168) 1908, s. 2-3, og *Bergens Tidende* 17. juni (nr 168) 1908, s. 3.

<sup>294</sup> Sjå *Bergens Tidende* 18. juni (nr. 170) 1908, s. 2.

<sup>295</sup> Sjå *Bergens Tidende* 17. juni (nr. 168) 1908, s. 1.

<sup>296</sup> Sjå Koritzinsky 1922, s. 76.

<sup>297</sup> Det at det ikkje var organisert noko jødisk trussamfunn i Bergen på denne tida går fram av Sebak 2008, s. 50.

Det må òg gjerast merksam på at det ikkje står noko i dei utforska kjeldene om noko deltaking frå andre grupper i Bergen heller.

Det var formannskapet som sto bak minnefeiringa i Trondheim, og det hadde sett ned ein komité som skulle ha ansvaret for den.<sup>298</sup> Wergeland vart i all hovudsak framstilt som ein forkjempar for eit fritt Noreg under markeringa av hundreårsdagen hans i Trondheim. Dette sjølv om fleire av talarane fokuserte på andre sider ved Wergeland. Litteraturhistorikaren Carl Nærup og arkivar Koren heldt begge føredrag i Frimurarlogen. Nærup, som var dagens hovudtalar,<sup>299</sup> presenterte eit bilete av Wergeland som ein stor diktar, mens Koren skildra Wergeland som den som gjorde 17. mai til den store festdagen.<sup>300</sup> Når det gjeld talane til Nærup og Koren må det takast reservasjon vedrørande det at dei undersøkte kjeldene berre inneheld ein del av talen til Nærup, og ikkje meir enn ei skildring av talen til Koren. Det at Koren snakka om Wergeland sitt forhold til 17. mai, tyder på at han hovudsakleg la vekt på Wergeland sitt arbeid for eit fritt Noreg, men dette kan ikkje seiast for sikkert ut frå den avgrensa informasjonen om talen i dei undersøkte kjeldene. Amtsskulestyraren Arneson talte vidare under ein fest som Bondeungdomslaget arrangerte,<sup>301</sup> dei utforska kjeldene inneheld likevel verken talen eller noko skildring av den, som betyr at den ikkje kan analyserast ut frå dei. Både pastoren Hval og overlæraren Benjamin Lie, som òg talte, fokuserte mest på Wergeland sin innsats for Noreg sin fridom.<sup>302</sup> Lie talte i samband med ein konsert, mens Hval talte under eit arrangement på kongsgarden.<sup>303</sup> Analysen av talen til Lie er avgrensa av at dei undersøkte kjeldene berre inneheld ei skildring den. Det vart vidare lagt mest vekt på arbeidet for eit fritt Noreg i alle dei songane som vart sungne under hundreårsjubileet i Trondheim som er gjengjevne i dei utforska kjeldene. På festen på kongsgarden vart Wergeland framstilt i to songar. Den eine av desse vart forfatta av K. A. Claussen,<sup>304</sup> mens den andre songen vart skriven av sokneprest Skavland.<sup>305</sup> I begge songane vert det presentert

---

<sup>298</sup> *Tronhjems Adresseavis* 10. juni (nr. 159) 1908, s. 2.

<sup>299</sup> Sjø *Tronhjems Adresseavis* 18. juni (nr. 167) 1908, s. 1.

<sup>300</sup> Ein del av talen til Nærup og ei skildring av talen til Koren står begge i *Tronhjems Adresseavis* 18. juni (nr. 167) 1908, s. 1.

<sup>301</sup> Sjø *Tronhjems Adresseavis* 18. juni (nr. 167) 1908, s. 2.

<sup>302</sup> Talen til Hval står i *Tronhjems Adresseavis* 18. juni (nr. 167) 1908, s. 1, og ei skildring av talen til Lie står i *Tronhjems Adresseavis* 18. juni (nr. 167) 1908, s. 1-2.

<sup>303</sup> Sjø *Tronhjems Adresseavis* 18. juni (nr. 167) 1908, s. 1-2.

<sup>304</sup> Sjø *Hundreaarsdagen for Henrik Wergelands fødsel. Program og sange*. 1908, s. 7.

<sup>305</sup> Sjø *Hundreaarsdagen for Henrik Wergelands fødsel. Program og sange*. 1908, s. 7.

eit bilete av Wergeland som ein forkjempar for Noreg sin fridom.<sup>306</sup> Under arrangementet i Frimurarlogen vart den same prologen av Nils Collett Vogt framført som vart framført under matineen i Nasjonalteateret som var ein del av hundreårsmarkeringa i Kristiania.<sup>307</sup> Der vert det, som tidlegare skrive, lagt mest vekt på engasjementet for eit fritt Noreg.<sup>308</sup> Også i Frimurarlogen vart songen til Skavland sunge.<sup>309</sup> Under festen til Bondeungdomslaget vart både prologen til Collett Vogt og songen til Skavland framførte.<sup>310</sup> Også på konserten vart songen til Skavland sunge.<sup>311</sup>

Det vart nærast ikkje lagt vekt på Wergeland sitt arbeid for jødane i det heile under hundreårsfeiringa i Trondheim. Dette arbeidet vart berre teke med gjennom eit dikt om Wergeland forfatta av Oluf Bergmann som *Trondhjems Adresseavis*<sup>312</sup> trykte til jubileet. Bergmann fokuserte mest på Wergeland sin innsats for det norske folket, og på engasjementet for Noreg sin fridom. Arbeidet mot grunnlovsforbodet vart vektlagt på same nivå som at Wergeland elska våren, og at han var ein kjærleg ektemann.<sup>313</sup> Dei utforska kjeldene inneheld ikkje nokon informasjon om jødisk deltaking, eller markering på andre måtar under denne minnefeiringa. Det er merkeleg om ikkje jødar markerte seg med omsyn til at det var eit stort og organisert jødisk miljø i Trondheim på dette tidspunktet. Trondheim hadde Noregs nest største jødiske befolkning i 1910, i folketeljinga frå dette året var 188 registrerte som var buande i Trondheim.<sup>314</sup> Det var òg organisert eit jødisk trussamfunn i Trondheim i tillegg til at det var ei synagoge der.<sup>315</sup> Vedrørande dette er det likevel viktig å ta med at kjeldene ikkje seier noko om kven som deltok under denne hundreårsmarkeringa i det heile.

---

<sup>306</sup> Songen til Claussen står i *Hundraarsdagen for Henrik Wergelands fødsel. Program og sange*. 1908, s. 12-13, mens songen til Skavland står i *Hundraarsdagen for Henrik Wergelands fødsel. Program og sange*. 1908, s. 11-12.

<sup>307</sup> *Hundraarsdagen for Henrik Wergelands fødsel. Program og sange*. 1908, s. 8.

<sup>308</sup> Prologen til Collet Vogt står i *Trondhjems Adresseavis* 18. juni (nr. 167) 1908, s. 1.

<sup>309</sup> Sjå *Trondhjems Adresseavis* 18. juni (nr. 167) 1908, s. 1.

<sup>310</sup> Sjå *Trondhjems Adresseavis* 18. juni (nr. 167) 1908, s. 2 og *Hundraarsdagen for Henrik Wergelands fødsel. Program og sange*. 1908, s. 9.

<sup>311</sup> Sjå *Hundraarsdagen for Henrik Wergelands fødsel. Program og sange*. 1908, s. 10.

<sup>312</sup> *Trondhjems Adresseavis* orienterte seg mot den politiske høgresida og var den viktigaste avisa i Trondheim. Sjå Grut i Flo 2010, s. 22.

<sup>313</sup> Diktet til Bergmann er trykt i *Trondhjems Adresseavis* 17. juni (nr. 166) 1908, s. 1.

<sup>314</sup> Sjå Koritzinsky 1922, s. 76.

<sup>315</sup> Sjå Reitan 2005, s. 67.

Det vart i all hovudsak fokusert på Wergeland sitt engasjement for Noreg sin fridom òg under jubileet i Stavanger. For det fyrste var det dette redaktøren Oddmund Vik, som heldt festtalen,<sup>316</sup> la mest vekt på.<sup>317</sup> Når det gjeld analysen av denne talen må det takast reservasjon vedrørande det at dei undersøkte kjeldene ikkje inneheld meir enn ei skildring av talen. For det andre vart Wergeland hovudsakleg omtalt som ein forkjempar for eit fritt Noreg i *Stavanger Aftenblad*.<sup>318</sup> Politimeisteren, Fiane, framførte ein prolog som han sjølv hadde forfatta.<sup>319</sup> Denne prologen er ikkje gjengjeven i dei utforska kjeldene, og kan derfor ikkje analyserast ut frå dei. Det vart lagt vekt på det Wergeland gjorde for jødane under hundreårsmarkeringa i Stavanger, sjølv om dette ikkje var eit sentralt tema. Dette engasjementet kom i størst grad fram gjennom det jødiske trussamfunnet i Stavanger si deltaking i prosesjonen som vart organisert til jubileet.<sup>320</sup> Det er oppsiktsvekkjande at jødane markerte seg så pass sterkt med bakgrunn i at det berre var registrert éin jødisk innbyggjar i Stavanger i folketeljinga i 1910.<sup>321</sup> *Stavanger Aftenblad* sin litteraturmedarbeidar, Sven Nilssen, inkluderte vidare innsatsen i jødesaka i avisa sin hovudartikkel til hundreårsjubileet i Stavanger.<sup>322</sup> Der vert den lista opp i lag med noko av det andre som Wergeland engasjerte seg for.<sup>323</sup> *Stavanger Aftenblad* trykte òg eit telegram der jødane i Noreg vart kartlagde, dette fordi, som det står i telegrammet, jubileet som kjent betydde særleg mykje for jødane.<sup>324</sup> Det vart til slutt teke med at norske og utanlandske jødar la ned kransar ved avdukinga av statuen av Wergeland i Studenterlunden i ein artikkel om denne avdukinga i *Stavanger Aftenblad* av Lars Holst. Desse vart òg nemnde fyrst av kransnedleggingane under avdukingsarrangementet.<sup>325</sup> Holst hadde delteke under arrangementet i 1881, og hadde vorte spurt av avisa om å skriva om denne opplevinga.<sup>326</sup> Holst er best kjend som redaktør for *Dagbladet*, i den perioden då han var redaktør (1883-1898) var *Dagbladet* ein sentral arena

---

<sup>316</sup> Sjå *Stavanger Aftenblad* 18. juni (nr. 149) 1908, s. 1.

<sup>317</sup> Det står ei skildring av talen til Vik i *Stavanger Aftenblad* 18. juni (nr. 149) 1908, s. 1.

<sup>318</sup> Sjå *Stavanger Aftenblad* 16. juni (nr. 147) 1908, s. 1 og *Stavanger Aftenblad* 17. juni (nr. 148) 1908, s. 2.

<sup>319</sup> *Stavanger Aftenblad* 18. juni (nr. 149) 1908, s. 1.

<sup>320</sup> *Stavanger Aftenblad* 15. juni (nr. 146) 1908, s. 4. Den kjelda dette står i er den tidlegaste nemninga av eit jødisk trussamfunn i Stavanger ein til no veit om, og denne er det eg som har funne.

<sup>321</sup> Sjå Koritzinsky 1922, s. 76.

<sup>322</sup> At dette er hovudartikkelen, og at han er avisa sin litteraturmedarbeidar står i *Stavanger Aftenblad* 16. juni (nr. 147) 1908, s. 1.

<sup>323</sup> Artikkelen står i *Stavanger Aftenblad* 17. juni (nr. 148) 1908, s. 2.

<sup>324</sup> Telegrammet er trykt i *Stavanger Aftenblad* 17. juni (nr. 148) 1908, s. 6.

<sup>325</sup> Artikkelen står i *Stavanger Aftenblad* 16. juni (nr. 147) 1908, s. 2.

<sup>326</sup> *Stavanger Aftenblad* 16. juni (nr. 147) 1908, s. 1.



for kulturdebatt, samt ein hovudekspont for *Venstre* sin politikk i nasjonale og demokratiske reformspørsmål.<sup>327</sup>

#### 4.3.2 Generell aksept for fokuseringa på engasjementet for jødane under hundreårsjubileet

Det verkar som om det var ein generell aksept for minninga av det Wergeland gjorde for jødane under dei ulike hundreårsmarkeringane. Det vart framstilt som fullstendig uproblematisk, men det verkar òg som om det ikkje var denne delen av minninga av Wergeland ein var mest oppteken av. Mange menneske frå alle delar av samfunnet deltok under jubileet i Kristiania.<sup>328</sup> Men *Morgenbladet*<sup>329</sup> var den einaste av, den, *Aftenposten*<sup>330</sup> og *Dagbladet*<sup>331</sup>, som hadde med det at representantar frå *Det Mosaiske Trossamfund* talte ved Wergeland si grav,<sup>332</sup> og den verken gjengav eller skildra talen. Alle dei tre avisene hadde likevel med kransnedlegginga til jødane.<sup>333</sup> Det var vidare berre *Aftenposten* som skreiv at jødane var mellom dei som var på det reserverte området ved grava,<sup>334</sup> og berre *Aftenposten* og *Morgenbladet* hadde med den jødiske deltakinga i prosesjonen.<sup>335</sup> *Morgenbladet* nemnde òg at gravmonumentet vart reist av takksame jødar.<sup>336</sup> *Morgenbladet* var vidare den einaste av avisene som uttrykte seg eksplisitt om fokuseringa på Wergeland sitt arbeid i jødesaka, og den uttrykte seg svært anerkjennande om både talen og kransnedlegginga til jødane.<sup>337</sup> Også minnefeiringa i Kristiansand fekk stor oppslutning frå alle lag i samfunnet,<sup>338</sup> og

---

<sup>327</sup> Sjå Lars Holst ([http://www.snj.no/nbl\\_biografi/Lars\\_Holst/utdypning](http://www.snj.no/nbl_biografi/Lars_Holst/utdypning)). Henta 11. oktober 2010.

<sup>328</sup> Sjå *Aftenposten* 17. juni (nr. 334) 1908, s. 1-2, *Aftenposten* 17. juni (nr. 332) 1908, s. 1, *Aftenposten* 18. juni (nr. 335) 1908, s. 1, *Morgenbladet* 18. juni (nr. 340) 1908, s. 2, og *Dagbladet* 18. juni (nr. 163) 1908, s. 2.

<sup>329</sup> *Morgenbladet* orienterte seg mot den politiske høgresida, den var vidare ei av dei viktigaste avisene i Kristiania, og i Noreg. Sjå Nordland i Flo 2010, s. 220.

<sup>330</sup> *Aftenposten* var den største avisa i Kristiania og i Noreg, og orienterte seg mot høgresida i den norske politikken. Sjå Dahl i Flo 2010, s. 25.

<sup>331</sup> *Dagbladet* var ei av dei viktigaste avisene både i Kristiania og i Noreg som heilskap, den var vidare eit krast venstreorgan med ein sterk tradisjon for sjølvstende i forhold til partiet. Sjå Eide i Flo 2010, s. 73.

<sup>332</sup> Det står at representantane frå *Det Mosaiske Trossamfund* talte ved dette høvet i *Morgenbladet* 17. juni (nr. 339) 1908, s. 2.

<sup>333</sup> Sjå *Aftenposten* 17. juni (nr. 334) 1908, s. 2, *Dagbladet* 17. juni (nr. 162) 1908, s. 2, og *Morgenbladet* 17. juni (nr. 339) 1908, s. 2.

<sup>334</sup> Det går fram at jødane var blant desse i *Aftenposten* 17. juni (nr. 334) 1908, s. 2.

<sup>335</sup> Den jødiske deltakinga i prosesjonen vart teken med i *Aftenposten* 17. juni (nr. 332) 1908, s. 1 og *Morgenbladet* 17. juni (nr. 338) 1908, s. 1.

<sup>336</sup> Sjå *Morgenbladet* 17. juni (nr. 339) 1908, s. 2.

<sup>337</sup> Sjå *Morgenbladet* 17. juni (nr. 339) 1908, s. 2.

<sup>338</sup> Sjå *Fædrelandsvennen* 16. juni (nr. 137) 1908, s. 2.

*Fædrelandsvennen*<sup>339</sup> trykte talen til Løvland.<sup>340</sup> Ordføreren, Mathias Hansen, som var med i den komiteen som arrangerte minnemarkeringa, er den einaste ut frå dei undersøkte kjeldene som vurderte talen.<sup>341</sup> Under ein festmiddag etter avdukinga roste han talen, utan å spesielt trekkja fram fokuseringa på Wergeland sin innsats for jødane.<sup>342</sup> *Fædrelandsvennen* inkluderte omtalen av Wergeland sin innsats i jødesaka som ein naturleg del av minnefeiringa generelt og talen til Løvland spesielt. Rundt 700 stykke deltok vidare under arrangementet til Eidsvold kommune,<sup>343</sup> og *Eidsvold Blad*<sup>344</sup> inkluderte framføringa av *Juleaften* som ein naturleg del av dette arrangementet.<sup>345</sup> *Bergens Tidende*<sup>346</sup> tok med det at *Julaften* vart framført i teateret som ein naturleg del av resten av programmet i teateret.<sup>347</sup> Det kom ikkje nokon reaksjonar på fokuseringa på det Wergeland gjorde for jødane under hundreårsmarkeringa i Trondheim, noko som tydar på at dette vart akseptert der òg. *Stavanger Aftenblad*<sup>348</sup> trykte til slutt eit telegram der det jødiske trussamfunnet si deltaking i prosesjonen vart nemnd som den einaste av dei deltakande.<sup>349</sup>

## 4.4 Antisemittisk motreaksjon: *Jøder og Gojim*

### 4.4.1 Innsatsen i jødesaka framstilt som ein del av den jødiske verdskonspirasjonen

*Jøder og Gojim*<sup>350</sup> vart skriven av Eivind Saxlund. Han var høgsterettsadvokat og forretningsmann, og òg ein aktiv skribent.<sup>351</sup> Alle utgåvene av boka<sup>352</sup> vart utgitt av J. Aass Forlag. John Aass var sosialist og har vorte kalla Noreg sin fyrste arbeidarforleggjar. *Jøder og Gojim* er truleg det fyrste nyare antisemittiske skriftet som vart skriva på norsk av ein

---

<sup>339</sup> Venstreavisa *Fædrelandsvennen* var den største avisa i Kristiansand. Sjå Ohman-Nielsen i Flo 2010, s. 138.

<sup>340</sup> Sjå *Fædrelandsvennen* 17. juni (nr. 138) 1908, s. 1.

<sup>341</sup> Det Hansen var med i denne komiteen står i *Fædrelandsvennen* 17. juni (nr. 138) 1908, s. 2.

<sup>342</sup> Talen til Hansen står i *Fædrelandsvennen* 18. juni (nr. 139) 1908, s. 2.

<sup>343</sup> Sjå *Eidsvold Blad* 19. juni (nr. 48) 1908, s. 2.

<sup>344</sup> Den borgarlege avisa *Eidsvold Blad* var den einaste avisa på Eidsvold. Sjå Forr i Flo 2010, s. 95.

<sup>345</sup> Sjå *Eidsvold Blad* 19. juni (nr. 48) 1908, s. 2.

<sup>346</sup> *Bergens Tidende* var ei venstreavis, og den viktigaste avisa i Bergen. Sjå Eide i Flo 2010, s. 49 og Tønnevold i Flo 2010, s. 48.

<sup>347</sup> Sjå *Bergens Tidende* 18. juni (nr. 170) 1908, s. 2.

<sup>348</sup> *Stavanger Aftenblad* hadde tilknytning til *Venstre*, og var den største avisa i Stavanger. Sjå Furre i Flo 2010, s. 309.

<sup>349</sup> Sjå *Stavanger Aftenblad* 15. juni (nr. 146) 1908, s. 4.

<sup>350</sup> *Gojim* tyder i følge forfattaren *ikkje-jødar*. Sjå Saxlund 1910, s. 7.

<sup>351</sup> Sjå Sunde Christensen 1998, s. 1-2.

<sup>352</sup> *Jøder og Gojim* kom fyrst ut i 1910, og det kom ut nye utgåver i 1911, 1922, og 1923. Det skrivast i utgangspunktet om den fyrste utgåva. Dette vert ståande som gjeldande for alle utgåvene med mindre at det er endringar i dei seinare utgåvene som påverkar det som står skriva om den fyrste utgåva, om slike endringar førekjem vil det verta skriva om dei.

nordmann.<sup>353</sup> Saxlund var svært påverka av den tyske antisemittiske rørsle, så påverka at det kan seiast at han dreiv med tankeimport.<sup>354</sup>

Wergeland vert omtalt i ein del av boka der det vert skriva om det som norske forfattarar har skriva om jødane.<sup>355</sup> Det hadde vore lite interesse i Noreg for jødane si historie, og sjølv ikkje i dei norske historiebøkene, var det noka framstilling av jødane si historie etter Jerusalem sitt fall i år 70 e.kr. Dette er unaturleg med bakgrunn i at ingen annan nasjon har hatt så stor påverknad på Europa - og på verda si historie - som den jødiske. Den eine årsaka til dette er at jødane ikkje danna nokon stat, noko som har ført til at ein anten har gløymt eller sett vekk frå at dei var ein nasjon. Den andre grunnen til dette er at jødane har ynskt å kontrollera framstillinga av seg sjølv. Dei har ikkje ynskt at andre skreiv deira historie, og har føretrakt å omtala seg sjølv "paa sin egen maade"<sup>356</sup>. Saxlund har med eit sitat i forordet som ytterlegare understrekar kva han her meiner. "Men med freidigt Mod kan en tysk Forfatter kun da give Udtryk for sin Mening om Jødespørgsmaalet, naar han er Philosemit, eller verken har mere at frykte eller at haabe for sin Forfatterbane."<sup>357</sup> Han er altså av den oppfatninga at jødane ikkje berre har eit ynskje om å kontrollera framstillinga av seg sjølv, men at dei òg har makt til å kontrollera denne, ei makt som dei òg nyttar. Jødane si skildring av deira eiga historie er noko som vidare ukritisk akseptert av "os"<sup>358</sup>. I forordet vert det òg skriva om den minimale interessa for "Jødernes virkelige Historie"<sup>359</sup>, men då truleg i dei germanske samfunna som heilskap.<sup>360</sup> Ein unngår ikkje berre å formidla jødane si reelle historie og deira enorme påverknad på våre samfunn, men framstiller denne historia til og med feilaktig. Dette er til skade for heile den germanske kulturen. Saxlund oppgjev eit ynskje om å bidra til å verna den norske nasjonalkarakter mot å verta undergravid av "semitisk Livsopfatning"<sup>361</sup> som årsak til utgjevinga av boka. Dette tyder på at han rekna den jødiske kontrollen over framstillinga av dei sjølv, som han meinte å finna, som ein del av ein strategi for å få makt over dei germanske samfunna. Denne framstillinga av "jøden" er ei antisemittisk framstilling, myten om den jødiske verdskonspirasjonen.

---

<sup>353</sup> Sunde Christensen 1998, s. 136.

<sup>354</sup> Sunde Christensen 1998, s. 124.

<sup>355</sup> Denne delen står i Saxlund 1910, s. 18-26.

<sup>356</sup> Saxlund 1910, s. 19.

<sup>357</sup> Sitert etter Saxlund 1910, s. 7.

<sup>358</sup> Saxlund 1910, s. 19.

<sup>359</sup> Saxlund 1910, s. 7.

<sup>360</sup> Forordet står i Saxlund 1910, s. 7-9.

<sup>361</sup> Saxlund 1910, s. 9.

Saxlund meiner at Wergeland har mykje av skulda for den skeive norske framstillinga av jødane:

”Siden alle jøder i 1851 erholdt Ligestillethed med enhver anden af Landets Indvaanere, har Jødespørgsmaalet fuldstændig hvilet.

At vore norske Historiebøgers Udtalelser om Jøderne viser Præget af den Wergelandske Paavirkning den Dag idag, er enhver bekjendt. Det er mærkeligt at se hvor Fremstillingen overalt er philosemitisk. En af de nyeste Historiebøger indeholder endog, helt umotiveret, et Angrep paa ”Antisemitismen”, som grundet paa ”gamle Fordomme”.

Antisemit kaldes enhver, der vover at udtale Sandheden om Jøderne, eller nægter at tilbede Guldkalven.”<sup>362</sup>

Iallfall i dei to fyrste utgåvene gjev Saxlund uttrykk for at Wergeland var naiv, at han vart lurt med inn i den ”jødiske strategien” for å få makt over Noreg. Saxlund hevdar at Wergeland var av den oppfatninga at det berre er jødane sine religiøse seremoniar, som til dømes omskjering, sabbaten og restriksjonar vedrørande enkelte matrettar som skil jødane frå dei kristne.<sup>363</sup> Han gjev vidare uttrykk for at det er lite truleg at Wergeland hadde forstått dette rett: ”Et saa intelligent Folk, der forstaar sig saa udmærket paa Realiteter, skulde det kun af Hensyn til rent ydre Ceremonier holde haarnakket fast ved en gammeldags Religion?”<sup>364</sup> Når Saxlund etterpå skriv at dette betyr at anten jødane eller Wergeland verkar å ha vore skikkeleg naiv,<sup>365</sup> så er det ikkje nokon tvil om kven han meiner var den naive parten. At han var av den oppfatninga at det var Wergeland sin naivitet som var årsaka til at Wergeland kjempa for jødane, vert ytterlegare underbygd ved at han skriv at Wergeland har vorte lurt til å tru at han var ein forkjempar for framskrittet gjennom å stå på den same sida som jødane:

”Det er lykkedes Jøderne at give sig et politisk ”liberalt” Udseende, saa at kun altfor Mange tror at være ”Fremskridtsvenner” i ret Forstand, naar de gaar Arm i Arm med dem. Henrik Wergeland saavel som Historikeren Ludv. K. Daae roser saaledes Jøderne for deres politiske

---

<sup>362</sup> Saxlund 1910, s. 25.

<sup>363</sup> Sjø Saxlund 1910, s. 24-25.

<sup>364</sup> Saxlund 1910, s. 25.

<sup>365</sup> Sjø Saxlund 1910, s. 25.

Frisind. Man ved ikke, at "almen Tolerance" for disse ikke er det samme som for os, og at deres "Oppositionslyst" ialfald ikke har sin Rod i den os Germaner medfødte Frihedstrang."<sup>366</sup>

I den tredje utgåva av *Jøder og Gojim* introduserer Saxlund ei ny forklaring på at Wergeland engasjerte seg i jødesaka som skil seg frå den tidlegare forklaringa hans.<sup>367</sup> Han skriv at Wergeland hadde noko jødisk blod i årene frå mora si side, og nyttar dette som ein del av forklaringa på dette engasjementet.<sup>368</sup> Dette medfører at Wergeland ikkje lenger er noko naivt offer for jødane, han er no ein av dei, ein av dei som ynskte å få makt over Noreg som eit av dei germanske samfunna. Det er likevel viktig å gjera merksam på at denne nye forklaringa berre er lagt til dei forklaringane som har vorte presentert tidlegare. Dette gir inntrykk av at introduksjonen av den nye forklaringa ikkje var gjennomtenkt fordi dei to forklaringane er motstridande, noko som igjen tyder på at det ikkje er snakk om eit nytt syn på Wergeland. Det er tydeleg at Wergeland sin kamp for jødane vert tolka innanfor ei antisemittisk forståingsramme i *Jøder og Gojim*. Denne kampen vert vurdert negativt fordi den vert forstått som medverkande til framgangen for den jødiske verdskonspirasjonen, som altså er ein antisemittisk myte.

#### 4.4.2 Få, men hovudsakleg støttande reaksjonar

Det at *Jøder og Gojim* vart utgitt fire gongar<sup>369</sup> tyder på at den var representativ for ei større gruppe i Noreg. Dette byggjer undersøkinga til Olaf Sunde Christensen av mottakinga av dei to fyrste utgåvene av boka, som han føretok i hovudfagsoppgåva i historie, *Jøder og Gojim – Mottakelsen av et antisemittisk skrift fra 1910*, òg opp under. Sunde Christensen utforska eit vidt utval av pressereaksjonar på den fyrste utgåva av boka både med tanke på politiske ståstader og geografisk tilknytning.<sup>370</sup> Den fyrste utgåva av boka fekk stor merksemd i den norske pressa. Reaksjonen var vidare i stor grad positiv.<sup>371</sup> Det mindretalet som var negative til boka, hadde stort sett anten jødisk tilknytning eller tilhørde arbeidarrørsla.<sup>372</sup> Det er likevel viktig å gjera merksam på at sjølv om *Jøder og Gojim* som heilskap var representativ for ei større gruppe i Noreg, betyr ikkje dette at framstillinga av Wergeland sin kamp i jødesaka var

---

<sup>366</sup> Saxlund 1910, s. 25-26.

<sup>367</sup> Denne forklaringa er òg teken med i den siste utgåva av *Jøder og Gojim*, og då på den same måten som den er teken med i den tredje utgåva.

<sup>368</sup> Sjå Saxlund 1922, s. 28.

<sup>369</sup> (1910, 1911, 1922, og 1923)

<sup>370</sup> Sjå Sunde Christensen 1998, s. 25-26 og 74-75.

<sup>371</sup> Sjå Sunde Christensen 1998, s. 72-73.

<sup>372</sup> Sjå Sunde Christensen 1998, s. 74-75.

det. At det ikkje var fleire negative reaksjonar kan vidare koma av at motstandarar av boka ikkje ynskte å ytra si meining, for på denne måten å unngå å bidra til å gje boka merksemd. Dette er òg eit synspunkt som to av motstandarane av *Jøder og Gojim* gav uttrykk for i pressa.<sup>373</sup> Mangelen på ytterlegare negative reaksjonar kan òg vera eit resultat av at motstandarar rekna boka som så lite rasjonell at den ikkje var noko å bry seg om. Sunde Christensen undersøkte langt færre aviser for å finna reaksjonar på den andre utgåva av *Jøder og Gojim*. Han undersøkte *Aftenposten*, *Verdens Gang*, og *Dagbladet*,<sup>374</sup> og fann éin pressereaksjon på den andre utgåva (denne var positiv til boka).<sup>375</sup> Det er ikkje unaturleg at den nye utgåva fekk så lite merksemd som den gjorde, mesteparten av dei ulike meiningane var truleg allereie ytra. Dette er truleg òg gjeldane for dei to siste utgåvene av boka, noko som gjer det mindre interessant å undersøkje pressereaksjonane på dei, noko som Sunde Christensen heller ikkje har gjort.

Det kom få reaksjonar som retta seg spesielt framstillinga av Wergeland sitt arbeid for jødane.<sup>376</sup> Jakob Worm-Müller var ein av dei som uttrykte seg spesielt om dette, noko han gjorde i *Ørebladet*.<sup>377</sup> Sunde Christensen seier seg samd med Oskar Mendelsohn i at artikkelforfattaren er sonen til Amalie Skram, men han gjer òg merksam på at det på den same tida levde ein som heitte Jakob S. Worm-Müller som var historikar og venstremann og den fyrstnemnde sitt søskenbarn. Jakob Worm-Müller vart etterkvart ein kjend journalist. Han hadde ikkje noko bestemt politisk tilknytning, men han var katolikk, som var noko han rekna

---

<sup>373</sup> Sjå *Tidens Tegn* 9. januar (nr. 8) 1911, s. 1. og 6. februar (nr. 36) 1911, s. 6.

<sup>374</sup> Sjå Sunde Christensen 1998, s. 84.

<sup>375</sup> Sjå Sunde Christensen 1998, s. 85-86.

<sup>376</sup> Sunde Christensen gjer greie for innhaldet i dei reaksjonane han har undersøkt, og med grunnlag i hans arbeid har eg leitt etter reaksjonar som særleg retta seg mot Saxlund si framstilling av Wergeland sitt engasjement for jødane. Før eg fekk tak i hovudfagsoppgåva til Sunde Christensen, hadde eg likevel undersøkt nokre aviser sjølv for å kartleggja mottakinga av denne boka. Innan eg fekk tak i hovudfagsoppgåva hadde eg utforska *Aftenposten*, *Dagbladet* og *Tidens Tegn*. *Aftenposten* var den største norske avisa, og den orienterte seg mot den politiske høgresida. Sjå Dahl i Flo 2010, s. 25. *Dagbladet* var ei av dei viktigaste avisene i Noreg, den var vidare eit krast venstreorgan med ein sterk tradisjon for sjølvstende i forhold til partiet. Sjå Eide i Flo 2010, s. 73. *Tidens Tegn* var den nest største avisa i Noreg, og var hovudorganet til det politiske partiet *Frisinnede Venstre*. Sjå Thommesen i Flo 2010, s. 342. Dette partiet orienterte seg mot den politiske høgresida. *Frisinnede Venstre* ([http://www.sn1.no/Frisinnede\\_Venstre](http://www.sn1.no/Frisinnede_Venstre)). Henta 9. september 2010. Sjølv om altså *Aftenposten* representerer den politiske høgresida valde eg òg å undersøkje *Tidens Tegn* fordi Saxlund uttrykte særleg misnøye med reaksjonar frå denne avisa på den fyrste utgåva av *Jøder og Gojim* i forordet til den andre utgåva. Sjå Saxlund 1922, s. 11. Sunde Christensen har teke med alle dei reaksjonane som retta seg spesielt mot Saxlund si framstilling av Wergeland sin innsats i jødesaka som eg fann gjennom mi eiga undersøking. Dette er ein god indikasjon på at alle dei reaksjonane som retta seg særleg mot denne innsatsen i det kjeldematerialet som Sunde Christensen har undersøkt, er tekne med.

<sup>377</sup> *Ørebladet* var eit organ for dei som meinte at partigrensene var for snevre.

<sup>378</sup> Dette og det følgjande fram til neste fotnote byggjer på Sunde Christensen 1998, s. 64-65.

som ein svært viktig del av seg sjølv. Worm-Müller stilte seg bak Saxlund si framstilling av Wergeland sitt engasjement i jødesaka som naivt.<sup>379</sup> Han skreiv til dømes at: ”Wergeland saa Menneskeheden som en heterogen Masse. Som en Grynegraut i den rationalistiske Verdensopfatnings Kogekjedel. At der kunde ligge nogen Degenerationsfare i Raceblanding, det var en Tanke, som laa fjernt fra hans vadmelsklædte ukultiverede Opfatning af Livet og Verden.”<sup>380</sup> Det er likevel mindre truleg at Worm-Müller var samd med Saxlund i at Wergeland sitt arbeid for jødane var mykje av grunnen til at antisemittismen hadde ein svak posisjon i Noreg, noko som dei begge meinte den hadde. Det han skriv om Wergeland sin kamp i jødesaka byrjar slik: ”Antisemitisme har hos os en daarlig klang. Henrik Wergeland, der ikke naaede at blive voksen, før han døde, har ligefrem forherliget Jøden.”<sup>381</sup> Koplinga mellom det Wergeland gjorde for jødane og erklæringa av at antisemittismen hadde ein svak posisjon, kan tolkast som ei semje med Saxlund. Det verkar likevel i staden som om Worm-Müller reknar Wergeland sitt engasjement for jødane berre som eit døme på den norske haldninga til antisemittisme. På same måte som Saxlund tolkar Worm-Müller Wergeland sitt arbeid i jødesaka innanfor ei antisemittisk forståingsramme. Dette arbeidet vert vurdert negativt på bakgrunn av forståinga av at jødar ikkje burde koma til Noreg, fordi blanding mellom jødar og nordmenn ville føra til degenerering. Her er det snakk om den antisemittiske førestellinga om rasen sin reinleik.

Theodor Caspari er ein annan som kom inn på omtalen av Wergeland sin innsats i jødesaka spesielt. Caspari var litteraturanmeldar i *Aftenposten*.<sup>382</sup> Han var utdanna teolog, men arbeidde som forfattar og som lektor ved Oslo Katedralskole. Caspari sin litterære produksjon var i stor grad påverka av hans sær store kjærleik til norsk kultur og natur. Far hans vart fødd jøde, men konverterte til kristendommen i ung alder. Caspari var i ein periode styremedlem i *Den Norske Israelmisjon*, som faren hadde vore med å grunnleggja. Caspari kom indirekte inn på Saxlund si framstilling av det Wergeland gjorde i jødesaka i ein kritikk av *Jøder og Gojim*. I denne kritikken kjem det fram at Caspari var samd i framstillinga av dette engasjementet som eit utslag av naivitet: ”Extremerne berører hinanden, og dybere set er den barnslig troskyldige Henrik Wergeland og den – jeg beder om Undskyldning – lidt naive Forfatter af ”Jøder og

---

<sup>379</sup> Bokomtalen til Worm-Müller står i *Ørebladet* 5. januar (nr. 4) 1911, s. 1-2.

<sup>380</sup> *Ørebladet* 5. januar (nr. 4) 1911, s. 1.

<sup>381</sup> *Ørebladet* 5. januar (nr. 4) 1911, s. 1.

<sup>382</sup> Denne og det fire neste setningane byggjer på Sunde Christensen 1998, s. 46.

Gojim” sluttelig nok en Slags Tremenninger alligevel.”<sup>383</sup> Det er vanskeleg å tolka Caspari si forståing av det Wergeland gjorde for jødane ut frå denne bokomtalen.<sup>384</sup> På den eine sida meiner han at det er grunn for å frykta jødisk påverknad av samfunnet, men samtidig meiner han at Saxlund har gått for hardt ut mot jødane. Det verkar ikkje som om han støttar den antisemittiske myten om den jødiske verdskonspirasjonen, men i staden berre reknar jødane som eit folk med stor påverknadskraft. Med bakgrunn i dette verkar det som om Caspari har eit noko negativt syn på Wergeland sitt engasjement for jødane, på grunn av at han meiner det kan føra til at jødane får for stor makt i det norske samfunnet. Men då altså ikkje som nokon del av ein konspirasjon. Caspari ser berre ut til å vera redd for at jødane skal ta ”jobbane til nordmennene”. Caspari skreiv likevel ein bokomtale til etter denne.<sup>385</sup> Sjølv om Wergeland ikkje vart teken opp der, kjem det langt klarare fram kva Caspari meinte om arbeidet hans i jødesaka. Han hadde eit negativt syn på dette arbeidet fordi han frykta at jødane ville smitta den ikkje-jødiske karakteren med eit negativt og kaldt kjensleliv. Det kjem òg klart fram at Caspari ikkje stiller seg bak myten om den jødiske verdskonspirasjonen.

Carl Joachim Hambro var òg ein av dei som omtalte framstillinga av Wergeland sin innsats i jødesaka spesielt. Hambro er best kjend som ein av dei største politiske profilane Noreg hadde på 1900-talet.<sup>386</sup> Han var tilsett i *Morgenbladet*, og der vart han seinare sjefsredaktør og litteraturanmeldar. Farfaren hans vart fødd jøde, men konverterte seinare til kristendommen. Hambro kom indirekte inn på Saxlund sin omtale av arbeidet for jødane.<sup>387</sup> Også han gav uttrykk for at dette arbeidet var naivt: ”Som Jødernes paafaldende Magtstilling har været Forfatterens Utgangspunkt, saa har hans Formaal været at faa reist Tvilene om det gode, moralsk og racepolitisk berettigede i denne Magtstilling og at faa underkastet den gamle mystiskreligiøse og Wergelandsk-romantiske Sympati med Jøderne en kritisk Revisjon.”<sup>388</sup> På same måte som Caspari er Hambro samd med Saxlund i at det er grunn til å vera på vakt overfor jødane si påverknad, men meiner òg som Caspari at Saxlund omtalar jødane for negativt. Det verkar som om Hambro rekna jødane for å vera eit folk med stor påverknadskraft, og rekna det som negativt med for stor jødisk påverknad. Han meiner truleg at dette er negativt på grunn av ei oppfatning av at jødane er eit framandelement innanfor

---

<sup>383</sup> *Aftenposten* 19. januar (nr. 41) 1911, s. 1.

<sup>384</sup> Bokomtalen til Caspari står i *Aftenposten* 19. januar (nr. 41) 1911, s. 1.

<sup>385</sup> Bokomtalen til Caspari står i *Aftenposten* 26. januar (nr. 57) 1911, s. 1.

<sup>386</sup> Dette og det følgjande fram til neste fotnote byggjer på Sunde Christensen 1998, s. 54.

<sup>387</sup> Bokomtalen til Hambro står i *Morgenbladet* 18. februar (nr. 97) 1911, s. 1.

<sup>388</sup> *Morgenbladet* 18. februar (nr. 97) 1911, s. 1.



andre nasjonar, og at dei derfor vil dra i ei anna retning enn resten av nasjonen. Bokomtalen tyder likevel ikkje på at Hambro støttar myten om den jødiske verdskonspirasjonen. Det verkar altså som om Hambro hadde eit noko negativt syn på Wergeland sin kamp for jødane sitt tilgjenge til Noreg, fordi han meinte at det var negativt med for stor jødisk påverknad på det norske samfunnet med bakgrunn i at dei ikkje ville vera lojale overfor dette samfunnet. Hambro skreiv ein bokomtale til om *Jøder og Gojim*. Der går det klart fram at han ikkje støtta den antisemittiske myten om den jødiske verdskonspirasjonen.<sup>389</sup>

I *Dagbladet* skreiv ein person som identifiserte seg som K. W ein artikkel om jødane i Kristiania.<sup>390</sup> Sjølv om det står lite eksplisitt om *Jøder og Gojim* er artikkelen truleg ein reaksjon likevel. For det fyrste kom den i den tida då avisdiskusjonen om boka gjekk føre seg, artikkelen stod i *Dagbladet* si utgåve for den 29. januar, og for det andre er *Jøder og Gojim* nemnt. Boka kom med ved at synagogeforstandaren i Kristiania vart spurt om kva han meinte om den. Sjølv om K. W ikkje uttrykte seg direkte om Saxlund si framstilling av det Wergeland gjorde for jødane, gav han uttrykk for eit helt anna syn på dette engasjementet. For det fyrste hadde han med eit referat av Wergeland der Wergeland uttrykkjer at Noreg sitt omdømme står på spel i jødesaka. Dette er truleg ei nytting av Wergeland som eit døme for å oppfordra det norske folket til å stå opp mot antisemittisme. For det andre skreiv artikkelforfattaren at grunnlovsforbodet i høgste grad strei mot Grunnlova si ånd. For det tredje gav K. W uttrykk for at det var trist at det var så lenge som 70 år sidan at Wergeland skreiv det som vert referert i artikkelen. Sunde Christensen er av den oppfatninga at artikkelforfattaren med dette siste meinte at det var tragisk at ein på 70 år ikkje hadde greidd å overvinna antisemittismen i Noreg.<sup>391</sup> Den funksjonen som det ovanfor hevdast at sitatet har i artikkelen, støttar opp under dette. Wergeland sitt arbeid i jødesaka vert tolka innanfor ei liberal forståingsramme her, noko som går fram av den måten det vert vist til Grunnlova si ånd på, denne ånda som er liberal. Dette arbeidet vert vurdert som noko positivt fordi fremjing av jødisk emansipasjon er ein del av den liberale tankegangen.

---

<sup>389</sup> Bokomtalen til Hambro står i *Morgenbladet* 25. februar (nr. 111) 1911, s. 1.

<sup>390</sup> Artikkelen til K. W står i *Dagbladet* 29. januar (nr. 28) 1911, s. 1-2.

<sup>391</sup> Sjø Sunde Christensen 1998, s. 45.

## 4.5 Samandrag

Dyrkinga av Wergeland hadde endra seg frå byrjinga av kulten rundt han. Wergeland hadde no fått ein svært viktig posisjon, og etter kvart vart han òg den største norske nasjonalhelten. Wergeland vart hovudsakleg framstilt som ein fridomsforkjempar både under avdukinga av wergelandsstatuen i Studenterlunden og under hundreårsmarkeringane. Innsatsen i jødesaka passer godt inn som ein del av den liberale forståinga av Wergeland som ein fridomsforkjempar, og var òg tydeleg ein naturleg del av denne. Det vart lagt vekt på kampen for jødane sitt tilgjenge til Noreg under alle dei undersøkte minnefeiringane. Denne kampen var eit sentralt tema under avdukinga i 1881, sjølv om det ikkje var denne det vart lagt mest vekt på. Dette var òg tilfelle under feiringa av Wergeland sin hundreårsdag i Kristiansand. Også under alle dei andre markeringane av hundreårsjubileet som har vorte undersøkte, vart innsatsen i jødesaka inkludert, men der vart den ikkje teken med som eit sentralt tema. Dette gjeld òg den minninga som var gjeldande for landet som heilskap i samband med hundreårsjubileet. Dei undersøkte kjeldene tyder på at det var brei konsensus om framstillinga av det Wergeland gjorde for jødane under alle dei ulike minnefeiringane. Det at engasjementet for jødane var ein integrert del av den liberale hovudforteljinga om Wergeland, er kanskje ei viktig forklaring på at det i dei fleste minnefeiringane vart lagt lite vekt på dette engasjementet.

Den liberale forståinga av Wergeland sin kamp i jødesaka vart likevel utfordra. Den vart utfordra av ei antisemittisk tolking av denne kampen i boka *Jøder og Gojim*. Denne tolkinga gjekk ut på at innsatsen for jødane fremja den jødiske verdskonspirasjonen, denne konspirasjonen som er ein antisemittisk myte. Det verkar likevel som om Wergeland vert framstilt som eit naivt offer for jødane i denne samanhengen, at han ikkje forstod kva han gjorde. Det er vanskeleg å slå fast kven denne framstillinga er representativ for ut frå dei kjeldene som har vorte utforska i samband med *Jøder og Gojim*. Derfor er det truleg nyttig å sjå dette i forhold til dei ulike markeringane av Wergeland sin hundreårsdag, berre 2 år før *Jøder og Gojim* kom ut for fyrste gong, og 2-4 år før dei undersøkte reaksjonane på boka. Hundreårsmarkeringane var òg langt meir representative for den norske befolkninga enn det *Jøder og Gojim* var. I lys av jubileet i 1908 verkar det som om Saxlund si framstilling av engasjementet for jødane var lite representativ for den norske befolkninga. Den var truleg berre representativ for eit lite, klart antisemittisk miljø.

# Kapittel 5. Minninga av kampen i jødesaka i møte med den aukande antisemittismen før og under den andre verdskrigen

## 5.1 Innleiing

Wergeland hadde allereie fått posisjonen som den største norske nasjonalhelten, som det vart gjort greie for i det førre kapitlet. I dette kapitlet vil det vil verta argumentert for at minninga av innsatsen i jødesaka i perioden før og under den andre verdskrigen vart særleg påverka av den tiltakande antisemittismen i verda i dette tidsrommet. Inkluderinga av Wergeland sin kamp for jødane i den norske minnekulturen, vert fyrst undersøkt gjennom ein årleg tradisjon som *Jødisk Ungdomsforening* hadde for å leggja ein krans på Wergeland si grav den 17. mai, der det òg vart halde ein tale til hans minne. Denne inkluderinga vil òg verta utforska gjennom boka *Jødeproblemet- og dets løsnings*<sup>392</sup> og gjeninnføringa av grunnlovsforbodet som stengde jødane ute frå Noreg.

## 5.2 Tradisjonen til *Jødisk Ungdomsforening*

Det er usikkert kor tid tradisjonen til *Jødisk Ungdomsforening*<sup>393</sup> tok til, men den eksisterte iallfall i 1917.<sup>394</sup> Tradisjonen vart halden i hevd kvart år fram til i dag med unntak av den andre verdskrigen,<sup>395</sup> og i følgje Oskar Mendelsohn vart grunnlaget for denne tradisjonen lagt med den jødiske deltakinga ved avdukinga av wergelandsstatuen i Studentertunden i 1881.<sup>396</sup>

---

<sup>392</sup> Det kom òg ut ei utgåve av denne boka under tittelen *Jødenes Krig*, denne er sjølvstekt òg inkludert i utgåva.

<sup>393</sup> Foreininga heitte dette frå om med 1. januar 1934, frå stiftinga i 1909 fram til denne dato heitte den *Israelitisk Ungdomsforening*. Dworsky, Mendelsohn, & Scheer 1959, s. 5.

<sup>394</sup> Sjå Mendelsohn 1987, s. 416.

<sup>395</sup> Dworsky, Mendelsohn, & Scheer 1959, s. 11-12.

<sup>396</sup> Sjå Mendelsohn 1987, s. 359.

### 5.2.1 Eit hovudfokus på Wergeland sin kamp for jødane

Talane til minne om Wergeland var ein sentral del av kransnedleggingstradisjonen, og er svært viktige for analysen. Frå 1922 vart det sedvane at *Jødisk Ungdomsforening* sin formann heldt denne talen, før denne tid hadde fleire jødar med andre verv òg halde talen.<sup>397</sup> Det eksisterar få og lite informative kjelder til minnefeiringane i perioden 1917-1928, og informasjonen om innhaldet i talane frå denne perioden i dei undersøkte kjeldene, avgrensar seg til skildringar av talane frå 1924 og 1925. Som ein kan forventa tyder skildringane på at talarane hovudsakleg omtalte Wergeland som ein forkjempar for jødane.<sup>398</sup> Det finst langt betre kjelder til kransnedleggingane i tidsrommet 1929-1939, *Hatikwoh* trykte alle dei talane som vart haldne i denne perioden, med unntak av i 1931 der ein del av talen vart trykt mens ein del som ikkje vart trykt, vart skildra. Også i desse talane vart det naturleg nok i hovudsak lagt vekt på Wergeland sin innsats i jødesaka, han vart likevel gjennomgåande òg framstilt som ein forkjempar for menneskerettane generelt.<sup>399</sup> Tre av talarane ga til og med eksplisitt uttrykk for at Wergeland ikkje hadde kjempa for jødane fordi han hadde ein særleg forkjærleik for dei.<sup>400</sup> Det var til dømes sagt at: ”Det er en gigantisk kamp Wergeland fører for sitt ideal: frihet og likhet for menneskene. Elsk din neste som dig selv, er hans parole. Han er ingen spesiell jødevenn, han er menneskevenn.”<sup>401</sup> Det at arbeidet i jødesaka vart framstilt som ein del av engasjementet hans for menneskerettane generelt, reflekterer ei liberal forståing av dette arbeidet, der dette er ei naturleg kopling. Med bakgrunn i dei to skildringane, og talane frå den siste perioden, meiner eg at det er svært truleg at det, som ein kan venta, hovudsakleg vart lagt vekt på Wergeland sin kamp i jødesaka i heile perioden mellom 1917 og 1939.

#### 5.2.1.1 Minning om Wergeland som integrasjonsfaktor

Jon Reitan har skriva boka, *Jødene fra Trondheim*, om historia til jødane i Trondheim. Han skriv at jødane i Trondheim sitt ynskje om integrasjon i det norske samfunnet vert reflektert

---

<sup>397</sup> Dworsky, Mendelsohn, & Scheer 1959, s. 11.

<sup>398</sup> Talane er skildra i *Morgenbladet* 19. mai (nr. 154) 1924, s. 6 og *Morgenbladet* 19. mai (nr. 153) 1925, s. 4.

<sup>399</sup> Talane står i *Hatikwoh* juni (nr. 6) 1929, s. 8, *Hatikwoh* mai (nr. 5) 1930, s. 8, *Hatikwoh* mai (nr. 5) 1931, s. 9-10, *Hatikwoh* mai (nr. 5) 1932, s. 10, *Hatikwoh* mai (nr. 5) 1933, s. 11-12, *Hatikwoh* mai (nr. 4) 1934, s. 10-11, *Hatikwoh* juni (nr. 6) 1935, s. 13, *Hatikwoh* juni (nr. 6) 1936, s. 16, *Hatikwoh* juni (nr. 6) 1937, s. 9, *Hatikwoh* mai (nr. 5) 1938, s. 2-3, og *Hatikwoh* mai (nr. 4) 1939, s. 4-5.

<sup>400</sup> Sjå *Hatikwoh* mai (nr. 5) 1931, s. 9, *Hatikwoh* mai (nr. 4) 1934, s. 10, og *Hatikwoh* juni (nr. 6) 1936, s. 16.

<sup>401</sup> Sitert etter *Hatikwoh* mai (nr. 4) 1934, s. 10.

av at dei fleste familiane tidleg byrja å feira nasjonaldagen saman med resten av befolkninga i byen. I denne samanhengen nemner Reitan òg at jødane i Oslo mellom anna feira dagen med talar og kransnedleggingar på Wergeland si grav.<sup>402</sup> I talane vart Wergeland gjennomgåande (i allfall i perioden 1929-1939) framstilt som den som hadde gitt jødane Noreg som fedreland. Her er eit døme på dette frå talen som vart halden i 1929:

”Vi har valgt den 17. mai som dagen til å samle oss rundt Henrik Wergelands grav for å minnes den mann som i første rekke bidrog til å skaffe oss jøder adgang til Norge, nettopp fordi vi vet at for Wergeland var den 17. mai frihetsdagen og storhetsdagen, og fordi vi nettopp på denne dag lettere fornemmer hans storhet enn ellers i året.”<sup>403</sup>

Ved sida av å ha arbeidd for jødane, var Wergeland truleg òg Noreg sin største nasjonalhelt, noko som det har vorte gjort greie for tidlegare. Dette gjorde Wergeland til ein særskild god integrasjonsfigur for dei norske jødane. Det at det nettopp var Wergeland som hadde opna dei norske grensene for jødane, legitimerte på ein heilt spesiell måte deira stilling som nordmenn. Dei norske jødane kunne derfor nytta Wergeland både til å rettferdiggjera denne stillinga overfor seg sjølve, og overfor resten av det norske samfunnet. Dette er ein jødisk tradisjon, men den fekk òg ein del merksemd av dei ikkje-jødiske nordmennene, som det vil verta skrivne om seinare i kapitlet. Dette betyr at framstøytet for å fremja integrasjon truleg var retta både mot jødane sjølve, og mot resten av det norske samfunnet.

### 5.2.1.2 Antisemittisme og jødisk reaksjon

Nazistane si maktovertaking i Tyskland fekk stor innverknad på korleis Wergeland vart minna. Frå og med 1933, og heilt fram til 1939, vart minninga av Wergeland nytta som eit verkemiddel i ein motstand mot antisemittismen, som auka i heile verda i denne perioden. Det vart gjennomgåande gjort ved at ein sette Wergeland inn i samtida, at ein viste til kva han hadde gjort som ei oppfordring til å følgja hans døme. Her er eit døme på dette frå talen som vart halden i 1939:

”Europa er på flukt. Europa marsjerer. Hvorhen? Det må vi som ennå lever i de frie demokratiske land avgjøre. Vår frihet forplikter, og sammen må vi arbeide for å spre Henrik Wergelands ånd, nestekjærlighetens og rettferdighetens ånd ut i den mørke verden, slik at

---

<sup>402</sup> Sjå Reitan 2005, s. 80.

<sup>403</sup> Sitert etter Hatikwoh juni (nr. 6) 1929, s. 8.

militæret, piggrådsperringene og kanonene langs grensene kan ombyttes med skjønne rosenhekker, slik som Henrik Wergeland ønsket det.”<sup>404</sup>

Dei to fyrste åra retta motstanden seg utelukkande mot antisemittismen. I resten av perioden opponerte ein generelt mot den aukande menneskeforakta i verda og spesielt mot den tiltakande antisemittismen. Dette fokuset på antisemittismen som ein del av den generelle menneskeforakta, er eit resultat av eit liberalt perspektiv, der dette er naturleg.

### 5.2.2 Frå aksept til støtte

Det er vanskeleg å seia noko bestemt om kven som deltok under markeringane. Det står at det var ei betydeleg mengd av både jødar og ikkje-jødar til stades kvart år i jubileumsskriftet til *Jødisk Ungdomsforening* sitt 25-årsjubileum i 1934.<sup>405</sup> Der er likevel usikkert om kor mange av kransnedleggingane i perioden frå 1909 til 1934 det i realiteten skrivast om her. Grunnen til dette er den svært korte og overflatiske måten det gjerast greie for deltakarane på. Kjeldene inneheld berre informasjon om kven som deltok konkret i samband med ni av arrangementa,<sup>406</sup> og den informasjonen er stort sett svært tynn. Talet på tilskodarar er nemnt i samband med fem av kransnedleggingane, og ved desse høva var det mellom 100 og 200 personar tilstades.<sup>407</sup> Der det er informasjon om kven det var mest av, av jødar og ikkje-jødar, har jødane vore flest.<sup>408</sup> Det var ikkje-jødar tilstades iallfall ved seks av kransnedleggingane, og då utgjorde dei kvar gong ei større mengd.<sup>409</sup> Berre til minnefeiringa i 1933 inneheld kjeldene tilnærma nøyaktig informasjon om mengda av ikkje-jødar. Då var det rundt 200 personar til stades, der noko under halvparten var ikkje-jødar.<sup>410</sup> Sjølv om dette ikkje er mykje informasjon, kan den likevel nyttast til å slå fast fleire ting. Kjeldene utelukkar for det fyrste ikkje at det har vore ikkje-jødiske nordmenn til stades ved alle kransnedleggingane. Dei slår derimot fast at ikkje-jødiske nordmenn har delteke ved seks av dei ni kransnedleggingane dei gir informasjon om, og sjølv om desse ikkje var i fleirtal var det ved kvart av desse høva ei

<sup>404</sup> Sitert etter *Hatikwoh* mai (nr. 4) 1939, s. 5.

<sup>405</sup> Sjå *Jaschzik* 1934, s. 7.

<sup>406</sup> Eg har informasjon om dette til markeringane i 1929, 1931, 1932, 1933, 1934, 1935, 1936, 1937, 1939.

<sup>407</sup> Sjå *Hatikwoh* juni (nr. 6) 1929, s. 8, *Dagbladet* 18. mai (nr. 114) 1933, *Hatikwoh* mai (nr. 4) 1934, s. 11, *Hatikwoh* juni (nr. 6) 1935, s. 13, og *Hatikwoh* juni (nr. 6) 1936, s. 16.

<sup>408</sup> Sjå *Hatikwoh* mai (nr. 4) 1934, s. 11, *Dagbladet* 18. mai (nr. 114) 1933, og *Hatikwoh* mai (nr. 4) 1939, s. 4.

<sup>409</sup> I 1929 deltok ”ca. 200 mennesker, hvorav en mengde ikke-jøder” *Hatikwoh* juni (nr. 6) 1929, s. 8. I 1933 deltok ”ca. 200 mennesker, hvorav vel halvparten jøder” *Dagbladet* 18. mai (nr. 114) 1933, s. 3. I 1934 deltok ”en skare ikke-jøder” *Hatikwoh* mai (nr. 4) 1934, s. 11. I 1935 deltok ”ca. 200 jøder og ikke-jøder” *Hatikwoh* juni (nr. 6) 1935, s. 13. I 1937 var det snakk om ”Den tallrike forsamling, hvorav mange jøder” *Hatikwoh* juni (nr. 6) 1937, s. 9. I 1939 deltok ”flere ikke-jøder” *Hatikwoh* mai (nr. 4) 1939, s. 4.

<sup>410</sup> *Dagbladet* 18. mai (nr. 114) 1933, s. 3.

større mengd ikkje-jødar til stades. Dessverre gjev ikkje kjeldene nokon informasjon om kven dei ikkje-jødiske nordmennene som deltok var, men dei var iallfall personar som var spesielt opptekne av å minnst det Wergeland gjorde for jødane. Dei deltakande under kransnedleggingane, både jødane og ikkje-jødane utgjorde ein liten del av den norske befolkninga som heilskap.

Kransnedleggingstradisjonen fekk lite merksemd i avisene. Frå 1917 til 1939 vart det nemnt at den hadde vorte halden 2 gongar i *Aftenposten*<sup>411</sup>, 3 gongar i *Dagbladet*<sup>412</sup>, 2 gongar i *Nationen*<sup>413</sup>, 4 gongar i *Morgenbladet*<sup>414</sup>, 3 gongar i *Social-Demokraten/Arbeiderbladet*<sup>415</sup> og 2 gongar i *Tidens Tegn*<sup>416, 417</sup> mens *Fritt Folk*<sup>418</sup> ikkje nemnde den i det heile. Det var vidare berre *Dagbladet*, *Nationen*, *Morgenbladet*, og *Tidens Tegn* som hadde med skildringar eller utdrag av talane frå minnefeiringane.<sup>419</sup> *Morgenbladet* trykte to skildringar, mens dei andre avisene inneheldt anten éi skildring eller eitt utdrag. Ingen av avisene gjengav talar i heilskap.

---

<sup>411</sup> Høgreavisa *Aftenposten* var den største avisa i Noreg i denne perioden. Sjå Dahl i Flo 2010, s. 25.

<sup>412</sup> *Dagbladet* var ei av dei viktigaste avisene i landet, den var vidare eit krast venstreorgan med ein sterk tradisjon for sjølvstende i forhold til partiet. Sjå Eide i Flo 2010, s. 73.

<sup>413</sup> *Nationen* var hovudavisa for dei norske bøndene. I mellomkrigstida hadde avisa eit antisosialistisk preg som legitimerte høgreradikale og fasistiske strøymingar i bonderørsla. Sjå Overrein i Flo 2010, s. 233.

<sup>414</sup> *Morgenbladet* orienterte seg mot høgresida i politikken slik som *Aftenposten*, men vart valt på grunn av at den var ei av dei viktigaste avisene i Noreg. Sjå Nordland i Flo 2010, s. 220.

<sup>415</sup> *Social-Demokraten* endra namn til *Arbeiderbladet* i 1922 eller i 1923. Denne avisa var organet til *Arbeiderpartiet*. Sjå Terjesen i Flo 2010, s. 78.

<sup>416</sup> *Tidens Tegn* var hovudorganet til det politiske partiet *Frisinnede Venstre*, den var vidare den nest største avisa i landet tilnærma heilt fram til den siste utgåva av den, i 1941. Sjå Thommesen i Flo 2010, s. 342. *Frisinnede Venstre* orienterte seg mot den politiske høgresida. *Frisinnede Venstre* ([http://www.sn.no/Frisinnede\\_Venstre](http://www.sn.no/Frisinnede_Venstre)). Henta 9. september 2010. *Tidens Tegn* har vorte valt ut på grunn av storleiken sjølv om òg *Aftenposten* og *Morgenbladet* orienterte seg mot høgre. *Tidens Tegn* vart òg valt med bakgrunn i at Mendelsohn meiner at det av dei norske avisene var det i denne det var mest diskusjon om overgrepa på jødane i Tyskland. Sjå Mendelsohn 1987, s. 615.

<sup>417</sup> Sjå *Aftenposten* 18. mai (nr. 245) 1926, s. 4, *Aftenposten* 18. mai (nr. 238) 1937, s. 1, *Arbeiderbladet* 18. mai (nr. 130) 1926, s. 2, *Arbeiderbladet* 18. mai (nr. 111) 1937, s. 1, *Arbeiderbladet* 18. mai (nr. 113) 1938, s. 1, *Dagbladet* 18. mai (nr. 114) 1925, s. 2, *Dagbladet* 18. mai (nr. 114) 1933, s. 3, *Dagbladet* 18. mai (nr. 113) 1938, s. 7, *Nationen* 19. mai (nr. 116) 1924, s. 1, *Nationen* 19. mai (nr. 111) 1937, s. 5, *Morgenbladet* 19. mai (nr. 154) 1924, s. 6, *Morgenbladet* 19. mai (nr. 153) 1925, s. 4, *Morgenbladet* 19. mai (nr. 131) 1937, s. 2, *Morgenbladet* 19. mai (nr. 134) 1938, s. 2, *Tidens Tegn* 19. mai (nr. 135) 1919, s. 6, og *Tidens Tegn* 19. mai (nr. 116) 1924, s. 7.

<sup>418</sup> *Fritt Folk* var hovudorganet til *Nasjonal Samling*. Sjå Dahl i Flo 2010, s. 134.

<sup>419</sup> Dette hadde dei i *Dagbladet* 18. mai (nr. 114) 1933, i *Nationen* 19. mai (nr. 116) 1924, s. 1, i *Morgenbladet* 19. mai (nr. 154) 1924, s. 6, *Morgenbladet* 19. mai (nr. 153) 1925, s. 4, og i *Tidens Tegn* 19. mai (nr. 116) 1924, s. 7.

I 1933 skilte likevel *Dagbladet* seg markert frå dette uttrykket for lite interesse. Dette året trykte avisa akkurat den delen av talen der minnet om Wergeland sin kamp i jødesaka vart aktualisert i kampen mot antisemittismen.

”Når den oppvoksende jødiske slekt i Norge alltid har hyldet Henrik Wergeland så trodde vi at en kamp for jøders elementære rett til å bli betraktet som likestillet med andre nasjoner og raser, hørte historien til. De siste begivenheter ute i verden har skuffet oss sterkt i den opfatning og har bevist at det er menn av Wergelands støpning vi idag har bruk for. Vi har før følt takknemlighet og beundring for Wergeland og den nasjon han tilhører og jeg tør si at disse følelser idag enn mere er styrket. Vi kan glede oss over at det frie demokratiske Norge overveiende tar avstand fra intolleransen overfor oss jøder og står uforstående over den intollerante ånd – hvor og i hvilke former den enn ytrer sig. Det er Henrik Wergelands ånd som har seiret, det er den som lever – nestekjærlighetens ånd.”<sup>420</sup>

*Dagbladet* si inkludering av den jødiske tradisjonen vert ytterlegare forsterka gjennom den samanhengen den er teken med i, for avisa la generelt stor vekt på Wergeland sin innsats i jødesaka i si dekning av 17. mai dette året, og aktualiserte denne for den samtidige politiske situasjonen. Tradisjonen til *Jødisk Ungdomsforening* vart inkludert saman med to andre talar på 17. mai. Dette gjeld fyrst ein tradisjon *Studentersamfundet* hadde for å leggja ein krans på statuen av Wergeland i Studenterlunden, der formannen heldt tale. Den andre talen vart halden i høve hundreårsjubileet for avdukinga av kroghstøtta<sup>421</sup>, der kom Wergeland i fokus sidan det var han som i si tid hadde halde avdukingstalen. Eg siterer følgjande frå *Dagbladet* si framstilling av talen til *Studentersamfundet* sin formann Carl Viggo Lange:

”17. mai er en revolusjonsdag, sa formannen, men de herskende klasser har erobret den og gjort den til <<en fet søndag, en doven bededag>> og forsøkt å ta Wergeland og Bjørnson til inntekt for sig. Og de som idag snakker høiest om frihet, det er de samme mennesker som hylder det nye styre i Tyskland hvor jøder og arbeidere mishandles og forfølges. (Piping.) Kampen for frihet er kampen for de undertryktes frihet. Den herskende klasse har brukt friheten til å bekjempe arbeiderne, der er 150 000 arbeidsløse i landet, skogsarbeiderne sulter....

---

<sup>420</sup> Sitert etter *Dagbladet* 18. mai (nr. 114) 1933, s. 3.

<sup>421</sup> Dette er ei statue av Christian Krogh, som vart avduka den 17. mai 1833. Christian Krogh var ein av dei sentrale politikarane i Noreg i perioden etter 1814, og var kjend som den som hevda Grunnlova og det norske folket sin rett overfor kong Karl Johan i 1824 då han freista å utvida kongemakta. Sjå Christian Krogh ([http://www.snl.no/nbl\\_biografi/Christian\\_Krogh/utdypning\\_%E2%80%93\\_1](http://www.snl.no/nbl_biografi/Christian_Krogh/utdypning_%E2%80%93_1)). Henta den 15. november 2010.



Taleren blev her avbrutt av hissig tilrop: <<Vi protesterer!>> <<Ned med 'n!>>  
<<Reis til Russland!>> o.s.v. ”<sup>422</sup>

Ved kroghstøtta sa litteraturhistorikaren<sup>423</sup> Sigmund Skar i følgje *Dagbladet* at:

”Vi er takksame mot Wergeland, fordi vi trenger ham. Idag som den gang står striden i Norge om norsk og fremmed i sprog og kultur. Idag som den gang stønner verden under krigsredsel. Men vi skal minnes ham som våget å spå at alle skulde bo som brødre og at krigen skulde stå som en vond drøm. Vi skal minnes hvad han sa, at i Norge skal ingen lide urett enten han er jøde eller greker. (Sterkt bifall).”<sup>424</sup>

I begge desse to talane vert det vist til Wergeland sitt engasjement for jødane som eit døme til etterfølging, som eit døme på korleis ein skal forhalda seg til den aukande antisemittismen.

*Arbeiderbladet* si medtaking i 1938 skil seg òg ut frå dekninga elles. Avisa uttrykkjer seg særst rosande om at feiringa av 17. mai dette året var ein demonstrasjon for fridommen og demokratiet i Noreg, og trekkjer fram kransnedleggingstradisjonen som ein del av denne demonstrasjonen:

”Nasjonaldagens forkjemper, *Henrik Wergeland*, fikk sin hyldest ved dobbelt bekransing av graven hans: Av rektor Koppang for Oslo kommune, av formannen i den jødiske ungdomsforening, Jackubowitz, som takk for den innsatsen folkedikteren nettop for 100 år siden gjorde for jødenes sak – en innsats som idag lyser med ny glans mot en bakgrunn av gjenopstått middelalder.”<sup>425</sup>

Dekninga av tradisjonen til *Jødisk Ungdomsforening* i dei undersøkte avisene viser at tradisjonen stort sett ikkje vart prioritert høgt. Men dekninga viser òg at alle avisene, med unntak av *Fritt Folk*, aksepterte denne tradisjonen fullt ut. Dei undersøkte avisene representerer eit breitt utval av den norske offentlegheita, noko som igjen viser at kransnedleggingstradisjonen i all hovudsak vart akseptert i Noreg. Når det gjeld dekninga av tradisjonen i dei undersøkte avisene er det òg viktig å gjera merksam på at dekninga av

---

<sup>422</sup> Sitert etter *Dagbladet* 18. mai (nr. 114) 1933, s. 3.

<sup>423</sup> Sjå Sigmund Skard ([http://www.snl.no/.nbl\\_biografi/Sigmund\\_Skard/utdypning](http://www.snl.no/.nbl_biografi/Sigmund_Skard/utdypning)). Henta den 5. november 2010.

<sup>424</sup> Sitert etter *Dagbladet* 18. mai (nr. 114) 1933, s. 3.

<sup>425</sup> *Arbeiderbladet* 18. mai (nr. 113) 1938, s. 1

nasjonaldagen generelt sett varierte mykje. Det var ikkje uvanleg at 17. mai fekk lita dekning, og det hende òg at feiringa ikkje vart dekkja i det heile. I samband med at *Dagbladet* skilde seg noko ut med den aktive støtta den gav uttrykk for i 1933, kan det òg nemnast at dette var den mest kritiske og best informerte av dei norske avisene overfor nazismen i mellomkrigstida.<sup>426</sup>

Frå og med 1937 kom det eit teikn på at kransnedleggingstradisjonen hadde mykje støtte i Noreg, i 1937 vart tradisjonen til *Jødisk Ungdomsforening* nemleg inkludert som ein del av det offisielle 17. mai programmet.<sup>427</sup> Det kom òg ytterlegare eit teikn på ei slik støtte dette året. Den 17. mai kringkasta *Norsk Rikskringkasting* eit opptak av talen til formannen, Eva Scheer, ut over heile Noreg.<sup>428</sup> I denne samanhengen er det interessant at det verkar som om det fyrst var i 1937 at *Arbeiderpartiet*, som var det største og det regjerande partiet i Noreg, byrja å støtta opp om den offisielle feiringa av nasjonaldagen.<sup>429</sup> Det er likevel lite truleg at det var ein relasjon mellom dette og den større vektlegginga av kransnedleggingstradisjonen. *Arbeiderbladet*, organet til *Arbeiderpartiet*, hadde nemleg ei svært sparsam dekning av tradisjonen i 1937.<sup>430</sup> Det er òg interessant at dei sterke uttrykka for støtte til denne jødiske minninga av Wergeland kom i ei tid der menneskeforakta generelt og antisemittismen spesielt auka i verda, noko som ein sjølv sagt òg merka følgjene av i Noreg. På den eine sida auka antisemittismen òg i Noreg, men på den andre sida oppstod det òg opposisjon mot antisemittismen.<sup>431</sup> Både det at kransnedleggingstradisjonen vart teken med som ein del av den offisielle feiringa av 17. mai frå og med 1937, og det at talen til formannen vart sendt i *Norsk Rikskringkasting*, er truleg uttrykk for motstand mot menneskeforakta generelt og antisemittismen spesielt. Som det har vorte vist til tidlegare, byrja denne motstanden allereie i 1933 i Noreg, både i det jødiske miljøet, men òg hjå ei større mengd ikkje-jødiske nordmenn. Men det som hende i 1937 tyder på at dette òg var noko som store delar av det norske samfunnet stilte seg bak. I denne samanhengen er det viktig å hugsa på betydninga av den dagen tradisjonen vart halden på, og betydninga av det arrangementet den vart inkludert i.

---

<sup>426</sup> Sjø Eide i Flo 2010, s. 73.

<sup>427</sup> *Hatikwoh* juni (nr. 6) 1937, s. 9

<sup>428</sup> *Hatikwoh* juni (nr. 6) 1937, s. 9

<sup>429</sup> Sjø *Aftenposten* 19. mai (nr. 239) 1937, s. 2.

<sup>430</sup> Sjø *Arbeiderbladet* 18. mai (nr. 111) 1937, s. 1

<sup>431</sup> Mendelsohn 1987, s. 613.

Nasjonaldagen er den dagen som har størst innverknad på den norske nasjonale identiteten sitt innhald, på forståinga av kva det er å vera norsk. Tradisjonen til *Jødisk Ungdomsforening* vart vidare teken med i det offisielle 17. mai programmet, den vart med andre ord inkludert som eit av dei viktigaste elementa i feiringa av nasjonaldagen. På toppen av det heile sende *Norsk Rikskringkasting* talen til formannen for *Jødisk Ungdomsforening* ut over heile Noreg på 17. mai. Dette er ytterlegare eit sterkt uttrykk for at ein i Noreg på den eine sida ynskte å identifisera seg med Wergeland sin innsats i jødesaka, og på den andre sida ville markera avstand frå menneskeforakta generelt og antisemittismen spesielt, definera den som unorsk.

Det var likevel ikkje alle som aksepterte tradisjonen til *Jødisk Ungdomsforening* som ein del av det som skulle definera kva det betydde å vera norsk. Halldis Neegård Østbye reagerte på dette i boka *Jødeproblemet- og dets løysning*<sup>432</sup> som ho skreiv under pseudonymet *Irene Sverd*<sup>433</sup>. Neegård Østbye var presse- og propagandaleiar i *Nasjonal Samling* frå og med 1934, og i 1937 vart ho òg redaktør for partiavisa til *Nasjonal Samling, Fritt Folk*.<sup>434</sup> Ho var truleg den einaste kvinna som hadde ei så viktig stilling innanfor eit fascistisk parti i Europa på 1930-talet.<sup>435</sup> I forordet skriv Neegård Østbye at intensjonen med boka er å bidra til at det norske folket vert gjort merksame på det alvorlege og viktige jødespørsmålet, og den store faren det inneheld.<sup>436</sup> Som ein del av argumentasjonen for at det eksisterte eit jødeproblem i Noreg, skriv ho at den norske rikskringkastinga kringkastar ein dominant politisk agitasjon frå dei marxistiske makthavarane og ein klar jødepropaganda, med Wergeland som det faste støttepunktet.<sup>437</sup> Ho skriv i denne samanhengen at: “Vi har til og med det siste år oplevet at jødene har oppført ”Ja vi elsker dette landet” i Kringkastingen,”<sup>438</sup> Oskar Mendelsohn meiner at den oppføringa Neegård Østbye her refererer til, er ei kransnedlegging ved Wergeland si

---

<sup>432</sup> Det kom ut tre utgåver av denne boka, i 1938, 1939, og i 1941. Det vil verta teke utgangspunkt i den fyrste utgåva, og det vil verta gjort greie for eventuelle viktige differansar mellom dei to siste utgåvene og den fyrste. Den siste utgåva kom ut under tittelen *Jødenes Krig*.

<sup>433</sup> Mendelsohn 1987, s. 658. Dette gjeld likevel berre dei to fyrste utgåvene, den siste utgåva skreiv ho under sitt eige namn.

<sup>434</sup> Hoffmann i Graml, Königseder, og Wetzel 2001, s. 262-263.

<sup>435</sup> Sjå Hoffmann i Graml, Königseder, og Wetzel 2001, s. 263.

<sup>436</sup> Sjå Sverd 1938, s. 7.

<sup>437</sup> Sjå Sverd 1938, s. 43.

<sup>438</sup> Sverd 1938, s. 43.

grav som vart kringkasta i 1937.<sup>439</sup> Det er med andre ord snakk om tradisjonen til *Jødisk Ungdomsforening*. Det at *Jødeproblemet- og dets løsning* kom ut i to utgåver i perioden fram til krigen, gir inntrykk av at den hadde stor påverknad, noko den likevel ikkje hadde. Før krigen gav Neegård Østbye sjølv ut boka, den kom heller ikkje i nokon bokhandel i denne perioden, og den norske pressa, med unntak av *Nasjonal Samling* si eiga presse, registrerte ikkje eingong utgjevinga.<sup>440</sup> Boka hadde rett nok stor påverknad innanfor *Nasjonal Samling*.<sup>441</sup> Men på den tida då *Jødeproblemet- og dets løsning* kom ut og fram til krigen, var dette partiet særst lite.<sup>442</sup>

### **5.3 Antisemittisk motreaksjon: *Jødeproblemet- og dets løsning***

#### **5.3.1 Arbeidet i jødesaka tolka som ein del av den antisemittiske myten om den jødiske verdskonspirasjonen**

*Jødeproblemet- og dets løsning* er hovudsakleg basert på relevante tyske kjelder.<sup>443</sup> Neegård Østbye argumenterer altså for at det eksisterte eit jødeproblem i Noreg. Dette problemet består i følgje henne av ei jødisk undergraving av det norske samfunnet:

”Alle vi som kjemper for å åpne vårt folks øine for den jødiske verdenssammensvergelse og gjenreise vårt folks høie idealer og redde oss fra den undergang som truer, er innstillet på å bli bekjempet til det ytterste og med alle midler.

Vi kjemper imidlertid for en god sak og for vårt folks nasjonale eksistens og fortsatte selvstendighet, så hvorfor skulde vi la oss stanse?”<sup>444</sup>

Boka tek altså utgangspunkt i den antisemittiske myten om den jødiske verdskonspirasjonen. Neegård Østbye forstår vidare Wergeland sin innsats i jødesaka som fremjande for denne konspirasjonen:

---

<sup>439</sup> Sjø Mendelsohn 1987, s. 659.

<sup>440</sup> Hoffmann i Graml, Königseder, og Wetzel 2001, s. 264.

<sup>441</sup> Hoffmann i Graml, Königseder, og Wetzel 2001, s. 264-265.

<sup>442</sup> Sjø Hoffmann i Graml, Königseder, og Wetzel 2001, s. 262.

<sup>443</sup> Hoffmann i Graml, Königseder, og Wetzel 2001, s. 263.

<sup>444</sup> Sjø Sverd 1938, s. 6.

”I Norge førtes før 1851 den samme forgjeves kamp av de få som forstod betydningen av dette skjebnesvangre spørsmål. Grunnlovens bestemmelse om at jøder og jesuitter ikke hadde adgang til riket, var ikke en tilfeldig bestemmelse, men sikkert satt der etter grundig overveielse av menn som forstod det store ansvar som er forbundet med å holde et helt folks skjebne i sin hånd...

Men Wergelands sikkert velmente agitasjon og den falske humanisme, seiret over fornuften og hensynet til vårt eget folks ve og vel.”<sup>445</sup>

Ut frå dette sitatet går det likevel òg fram at ho vurderte Wergeland sitt engasjement for jødane som naivt, at Wergeland meinte godt, men at engasjementet var feilslått. Neegård Østbye vurderer altså Wergeland sin innsats i jødesaka som noko negativt fordi ho tolkar den innafor ei antisemittisk forståingsramme. Det er òg interessant å leggja merke til at denne framstillinga av Wergeland sitt engasjement i jødesaka stemmer overeins med Saxlund sin omtale av det. Det er altså ein klar kontinuitet i den antisemittiske tolkinga av dette engasjementet.

### 5.3.2 Minimal utbreiing av den antisemittiske forståinga av kampen for jødane

Det har allereie vorte gjort greie for utbreiinga av *Jødeproblemet- og dets løysning* i perioden fram til krigen tidlegare i kapitlet. Eg har ikkje gjort noko undersøking sjølv av reaksjonar retta spesielt mot framstillinga av det Wergeland gjorde for jødane i denne perioden. Grunnen til dette er, som det har vorte skrive tidlegare, at det ikkje kom nokon reaksjonar på *Jødeproblemet- og dets løysning* utanom i pressa til *Nasjonal Samling*. Situasjonen endra seg likevel under okkupasjonen under den andre verdskrigen, då den tredje utgåva av boka kom ut. Denne utgåva, som kom ut i 1941 under tittelen *Jødenes Krig*, slapp Neegård Østbye å gje ut sjølv, og ho gav den òg ut under sitt eige namn. *Nasjonal Samling* var heller ikkje noko marginalt parti lenger,<sup>446</sup> og boka hadde framleis stor påverknad innanfor dette partiet.<sup>447</sup> Det er likevel lite truleg at boka vart noko vidare representativ for den norske befolkninga som heilskap under krigen, fyrst og fremst fordi folk truleg ikkje endra meining på den korte tida. I tillegg kjem det med at det med krigen òg kom motvilje mot alt som hadde noko med okkupasjonsmakta å gjera.

---

<sup>445</sup> Sjø Sverd 1938, s. 13-14.

<sup>446</sup> Sjø Hoffmann i Graml, Königseder, og Wetzel 2001, s. 266.

<sup>447</sup> Toftesund 2001, s. 86-87.

## 5.4 Minninga av kampen i jødesaka under krigen

### 5.4.1 Gjeninnføringa av grunnlovsforbodet mot jødar sitt tilgjenge til Noreg

Den 12. mars 1942 gjeninnførte Quisling-regimet den delen av § 2 i den norske grunnlova som stengde jødane ute frå Noreg.<sup>448</sup> Dette vart proklamert av alle dei vanlege avisene som har vorte undersøkte i samband med dette.<sup>449</sup> Desse avisene var likevel underkasta den same tyske sensuren samt pålegg frå *Nasjonal Samling* si presseavdeling, og var derfor veldig like,<sup>450</sup> dette vert understreka av at det er den same teksten som står trykt i alle avisene. Denne teksten står på den fyrste sida i alle avisene utanom *Dagbladet*, der den står på side seks. Det er usikkert om dette kan tolkast som eit uttrykk for motvilje mot gjeninnføringa av grunnlovsforbodet. I denne samanhengen er det likevel interessant å trekkja fram at *Dagbladet*, som tidlegare nemnt, var den av dei norske avisene som var best informert og mest kritisk overfor nazistane før okkupasjonen. Det er likevel to vesentlege unntak frå likskapen. Både i *Aftenposten* og *Fritt folk* står det ein tilleggstekst, og det er vidare snakk om to ulike tekstar. Det er likevel ingen tvil om at tekstane er etter okkupasjonsmakta sin vilje.

Med all denne likskapen er det likevel berre *Aftenposten* som nemner Wergeland i samband med gjeninnføringa av det grunnlovsforbodet han kjempa for å få fjerna.<sup>451</sup> Wergeland sin kamp for jødane sitt tilgjenge til Noreg vart omtalt som ein del av jødedommen sitt arbeid for å få innverknad i Noreg. Jødedommen sitt arbeid vert framstilt som konspiratorisk, som at jødane freista å ta kontrollen i Noreg. Det er altså snakk om den antisemittiske myten om den jødiske verdskonspirasjonen. Wergeland er den einaste som vert nemnd med namn av fleire såkalla gode norske talsmenn som jødedommen vann for si sak. Wergeland vert vidare omtalt som naiv. Den liberale atmosfæra på denne tida vert likevel vist til som formildande tilhøve, at det var lett å vinna desse nordmennene på grunn av dei. Wergeland sitt engasjement i jødesaka vert altså rekna som noko negativt innanfor den antisemittiske forståingsramma som gjer seg gjeldande her, fordi den vert forstått som ein del av jødane sin påståtte kamp for verdsherredømme. Dette er altså den same framstillinga av Wergeland sin innsats for jødane som tidlegare har gjort seg gjeldane hjå antisemittane.

---

<sup>448</sup> Lorenz 2003, s. 97.

<sup>449</sup> Sjå *Aftenposten* 14. mars (nr. 123) 1942, s. 1 og 2, *Morgenbladet* 14. mars (nr. 62) 1942, s. 1, *Dagbladet* 13. mars (nr. 61) 1942, s. 6, og *Fritt Folk* 14. mars (nr. 63) 1942, s. 1 og 3.

<sup>450</sup> Sjå Dahl i Flo 2010, s. 134.

<sup>451</sup> Sjå *Aftenposten* 14. mars (nr. 123) 1942, s. 2.

Det at dei vanlege norske avisene var kontrollerte av okkupasjonsmakta, medfører at dei truleg var lite representative for den norske befolkninga. Derfor har eg òg valt å undersøkje illegale aviser, som truleg reflekterer nordmennene sine haldningar i større grad.<sup>452</sup> *Ukenytt* var ei av dei undersøkte illegale avisene som opponerte mot gjeninnføringa av grunnlovsforbodet. Den skreiv at me (nordmennene) var stolte av at grunnlovsforbodet vart fjerna,<sup>453</sup> og vidare vert Wergeland sitert på følgjande: ”Jeg troer vor Grundlov bedst på jord; dog ei at bedst er hvert et ord. Saaledes troer jeg for Exempel, at Hver bør vælge frit sitt Tempel. Man friest være bør i Tro. thi bør forandres § 2.”<sup>454</sup> I tillegg trykte *Ukenytt* ein del av diktet *Skibbruddet* frå diktsamlinga *Jøden*.<sup>455</sup> Gjeninnføringa vert latterleggjort i *Jøssingposten* som ei tåpeleg handling som ikkje ville få noka praktisk innverknad. Wergeland vert òg omtalt som den som fjerna grunnlovsforbodet.<sup>456</sup> *Eidsvoll* distanserer seg frå gjeninnføringa av utan å nemna Wergeland.<sup>457</sup> Dei andre illegale avisene som har vorte utforska nemnde ikkje gjeninnføringa av grunnlovsforbodet. *Flyvebladet* gjer likevel eit poeng av å latterleggjera føredragsturneen til justisministar Riisnæs.<sup>458</sup> Gjeninnføringa av grunnlovsforbodet vart kunngjort som ein del av denne turneen, på Lier.<sup>459</sup> Det går òg fram av denne avisa at berre åtte av innbyggjarane i bygda hadde møtt opp for å høyra denne talen. Resten av dei frammøtte bestod av folk frå *Nasjonale Samling*, som avisa antyder var der for å

---

<sup>452</sup> Eg har gått gjennom dei illegale avisene *London-Nytt*, *Whispering Times*, *Landsutgave*, *Flyvebladet*, *Krigsoversikt*, *Ukenytt*, *Jøssingposten*, *Fri Fagbevegelse*, *Oslo*, og *Eidsvoll*. Dette er alle dei illegale avisene som eg har fått tak i utgåvene til som dekkjer den aktuelle perioden. *Whispering Times*, *Landsutgave* var ei populær illegal avis, og opplaget varierte på mellom 500 og 2000 eksemplar. Sjå (<http://digital-ub.uib.no/1956.2/2823>) Henta 11. september 2010. *London-Nytt* sitt opplag varierte mellom 1000 og 4000 eksemplar. Den vart hovudsakleg utgitt i Oslo, men det kom òg ut landsutgåver av den. Sjå (<http://digital-ub.uib.no/1956.2/2782>) Henta 11. september 2010. *Flyvebladet* kom ut i Oslo med nokre vekers mellomrom. Sjå (<http://digital-ub.uib.no/1956.2/2681>) Henta 11. september 2010. *Krigsoversikt* står som den alternative tittelen til *Bulletinen*. *Bulletinen* var i byrjinga organisert av R-gruppen, som var forløparen for heimefronten si leiing. Den kom vidare ut i Oslo i eit opplag på mellom 500 og 3000 eksemplar. Sjå (<http://digital-ub.uib.no/1956.2/2667>) Henta 11. september 2010. *Ukenytt* er ei bergensavis som kom ut ei gong i veka. Sjå (<http://digital-ub.uib.no/1956.2/2456>) Henta 14. september 2010. *Jøssingposten* fekk økonomisk støtte direkte frå den norske regjeringa i London. Den kom vidare ut 2 til 3 gonger i veka gjennom mange distribusjonssentralar, og opplaget varierte frå 500 til 2500 eksemplar. *Jøssingposten* vart trykt i Oslo, men hadde òg mange lesarar utanfor hovudstaden. Sjå (<http://digital-ub.uib.no/1956.2/2726>) Henta 14. september 2010. *Fri Fagbevegelse*, *Oslo* vart utgitt av sentrale fagrørslø medlemmar og sentrale medlemmar av AUF (Arbeidernes Ungdomsfylking). Den vart trykt i Oslo og spelte ei viktig rolle som opinionsdannar mot nazistiske forsøk på å overta fagrørsla. Sjå (<http://digital-ub.uib.no/1956.2/2693>) Henta 14. september 2010. *Eidsvoll* vart laga i Oslo og hadde eit opplag som varierte frå 2-300 eksemplar til rundt 800 eksemplar. Sjå (<http://digital-ub.uib.no/1956.2/2677>) Henta 14. september 2010. Dei illegale avisene hadde større utbreiing enn talet på utgitte eksemplar, det vart delt mykje på eksemplara. Sjå (<http://www.ub.uib.no/avdeling/spes/illegaleaviser/>) Henta 11. september 2010.

<sup>453</sup> Sjå *Ukenytt* 16. mars (nr. 5) 1942, s. 3.

<sup>454</sup> Sitert etter *Ukenytt* 16. mars (nr. 5) 1942, s. 3.

<sup>455</sup> Sjå *Ukenytt* 16. mars (nr. 5) 1942, s. 3.

<sup>456</sup> Sjå *Jøssingposten* nr. 12 1942, s. 3-4.

<sup>457</sup> Sjå *Eidsvoll* 22. mars (nr. 3) 1942, s. 10.

<sup>458</sup> Sjå *Flyvebladet* 23. mai (nr. 4) 1942, s. 6.

<sup>459</sup> Sjå *Flyvebladet* 23. mai (nr. 4) 1942, s. 6 i samband med *Aftenposten* 14. mars (nr. 123) 1942, s. 1.

fylla opp plassar.<sup>460</sup> Gjeninnføringa fekk truleg ikkje meir merksemd fordi det var viktigare ting å fokusera på i relasjon til jødane på denne tida, at det grensa til å vera absurd å gjera den til noko viktig sak i den gjeldande situasjonen. Dette vert òg reflektert av reaksjonen i *Jøssingposten*.

#### 5.4.2 Motstand mot okkupasjonsmakta og støtte til jødane

Minnet om Wergeland vart nytta til å opponera mot okkupasjonsmakta og til å visa og oppfordra til støtte til jødane. Det vart lagt ned blomar på statuen av Wergeland i Studentertunden den 17. mai i 1941, og dei som la ned blomar stoppa opp ei kort stund ved statuen. Etter at det etter okkupasjonsmakta si meining hadde samla seg ei for stor mengd ved statuen, rykkte norsk politi ut. Politimennene samla saman kransane og køyrde dei vekk, dei forhindra òg at fleire blomar vart lagde ned.<sup>461</sup> Det er likevel usikkert om dette uttrykket for motstand hadde ein samanheng med Wergeland sin innsats i jødesaka, eller med okkupasjonsmakta si behandling av jødane. Men denne innsatsen vart utan tvil nytta i motstand mot behandlinga av jødane. Engasjementet for jødane vart aktualisert i relasjon til deportasjonane av jødane frå Noreg. I den illegale pressa uttrykte den norske heimefronten at den identifiserte seg med det som Wergeland gjorde for jødane i samanheng med at den gav uttrykk for eit ynskje om å hjelpa jødane i samband med deportasjonane: ”over alt hvor det bare er mulig vil den sanne nasjonale front i Norge i pakt med Henrik Wergelands ånd rekke en hjelpende hånd ut mot de nordmenn og andre som i dag er særlig utsatt for nazismens forfølgelsesvanvidd.”<sup>462</sup> Med ”nordmenn og andre” vert det truleg sikta til norske og utanlandske jødar som vart deporterte frå Noreg.<sup>463</sup> Wergeland sin innsats i jødesaka vart òg nytta langt meir direkte som ein del av motstanden mot deportasjonane av jødane. Antinazistar la til og med ned ein eller fleire kransar ved statuen av Wergeland i Studentertunden under sjølve deportasjonane.<sup>464</sup>

---

<sup>460</sup> Sjå *Flyvebladet* 23. mai (nr. 4) 1942, s. 6.

<sup>461</sup> Ugelvik Larsen, Sandberg, & Dahm 2008, s. 277.

<sup>462</sup> Sitert etter Veiden Brakstad 2006, s. 39.

<sup>463</sup> Veiden Brakstad 2006, s. 39.

<sup>464</sup> Sjå Johannesen 1996, s. 26.



## 5.5 Samandrag

Det vart som ein kan forventa hovudsakleg fokusert på Wergeland sitt engasjement i jødesaka i tradisjonen til *Jødisk Ungdomsforening*. Minnet vart vidare nytta som inkluderingsfaktor for dei norske jødane, og frå og med 1933 vart minnet om dette engasjementet nytta til å kjempa mot den aukande antisemittismen i verda, og to år seinare retta denne kampen seg òg mot menneskeforakta generelt. Kransnedleggingstradisjonen vart tilnærma generelt akseptert av det norske samfunnet, det verkar som om det berre var det særskilte avgrensa miljøet med erklærte antisemittar som ikkje aksepterte den. Tradisjonen til *Jødisk Ungdomsforening* vart likevel ikkje berre akseptert. Ei større mengd ikkje-jødiske nordmenn deltok under iallfall fleire av arrangementa. Desse personane og dei jødiske deltakarane utgjorde likevel ein liten del av det norske samfunnet som heilskap, ei lita gruppe som var særleg opptekne av å minnast Wergeland sin innsats i jødesaka. I 1937 vart tradisjonen til *Jødisk Ungdomsforening* likevel teken med som ein del av det offisielle 17. mai programmet, og på nasjonaldagen dette året vart òg formannen sin tale kringkasta ut over Noreg av *Norsk Rikskringkasting*. Dette tyder på at kransnedleggingstradisjonen hadde sterk støtte i det norske samfunnet. I ei tid med aukande menneskeforakt generelt og antisemittisme spesielt auka òg aktualiteten til Wergeland sitt engasjement for jødane. Dette engasjementet vart nytta som eit verkemiddel i ein opposisjon mot antisemittisme til og med under okkupasjonen av Noreg under den andre verdskrigen, og denne gongen retta den seg spesielt mot antisemittismen til okkupasjonsmakta. Utforskinga av *Jødeproblemet- og dets løysning* og gjeninnføringa av grunnlovsforbodet mot jødane sitt tilgjenge til Noreg, viser likevel at den same antisemittiske forståinga av Wergeland sin innsats i jødesaka som vert presentert i *Jøder og Gojim* òg eksisterte på 1930-talet og under okkupasjonen under krigen. Denne går ut på at innsatsen var ein del av den jødiske verdskonspirasjonen, som er ein antisemittisk myte. Wergeland sin kamp for jødane sitt tilgjenge til Noreg vert vidare framstilt som naiv. Det verkar likevel som at den antisemittiske tolkinga var svært lite representativ for den norske befolkninga før krigen, og at den òg var lite representativ under krigen.

## Kapittel 6. Konklusjon

Wergeland sin kamp for jødane sitt tilgjenge til Noreg vart truleg inkludert i den norske minnekulturen gjennom heile perioden frå Wergeland døydde og fram til og med den andre verdskrigen. Det verkar òg som om denne kampen stort sett hadde ein sentral posisjon innanfor minnekulturen, iallfall fram til 1881 og frå 1937 og ut undersøkingsperioden. Dei reservasjonane som det vert gjort uttrykk for her har sin bakgrunn i at minnekulturen ikkje har vorte utforska i sin heilskap. Undersøkinga baserer seg i staden på eit utval av særleg interessante kjelder, som har vorte utforska som stikkprøvar for å seia noko om heile perioden. Det at minnet om Wergeland var i etableringsfasen kan vera noko av grunnen til det sterke fokuset på dette engasjementet fram til 1880-åra. For ein del av denne perioden kan det sterke fokuset likevel på den eine sida forklarast med det at grunnlovsforbodet mot jødane sitt tilgjenge til Noreg ikkje vart fjerna før Wergeland døde, noko som betydde at Wergeland sin innsats i jødesaka i høgste grad enno var aktuell. På den andre sida var det ei sterkt liberal atmosfære i Europa rundt revolusjonsåret 1848 som fungerte som ein katalysator for jødeemansipasjon, som kampen mot grunnlovsforbodet som stengde jødane ute frå Noreg var ein del av. Det at engasjementet for jødane kom i bakgrunnen, kan kanskje forklarast med at det hadde vorte ein så naturleg del av minnekulturen at det ikkje var behov for å understreka dette ytterlegare. Den auka vektlegginga av dette engasjementet på 1930-talet og under krigen, må sjåast i samband med den tiltakande menneskeforakta generelt og antisemittismen spesielt i verda i den same perioden. Det at menneskeforakta generelt og antisemittismen spesielt auka førte til at det Wergeland gjorde for jødane i aller høgste grad vart aktuelt igjen. Wergeland vart vidare gjennomgåande hovudsakleg framstilt som ein fridomsforkjempar i den norske minnekulturen. Dette er ei liberal framstilling som kampen for jødane passar naturleg saman med. Det herska likevel ikkje full konsensus om inkluderinga av det Wergeland gjorde for jødane i den norske minnekulturen. På 1840-talet opponerte det mindretalet som var motstandarar av å fjerna grunnlovsforbodet som stengde jødane ute frå Noreg mot denne, og seinare vart kampen i jødesaka framstilt innanfor ei antisemittisk forståingsramme. Det er likevel viktig å understreka at opposisjonen aldri fekk noko gjennomslag, dei alternative framstillingane hadde gjennomgåande ein særsvak posisjon i den norske minnekulturen.

I innleiinga vart det gjort greie for at ein minnekultur alltid er konstruert og selektiv, og derfor seier noko om dei minnande, mellom anna korleis dei ynskjer å identifisera seg sjølve. Nasjonalheltar har vidare ei viktig rolle innanfor nasjonale minnekulturar, dei elementa ein ynskjer å ha med som ein del av dei nasjonale identitetane vert tillagde nasjonalheltar som deira personlege eigenskapar. Wergeland er truleg den største norske nasjonalhelten, og kampen hans for jødane sitt tilgjenge til Noreg var ein del av den norske nasjonale identiteten. Gjennom framstillinga av Wergeland i den norske minnekulturen vert det klart at det å vera ein liberal fridomsforkjempar var ein del av den norske nasjonen si forståing av seg sjølv, og at Wergeland sin kamp for jødane var ein del av denne sjølvforståinga. Dette var det absolutt dominerande. Det var berre det mindretalet som var motstandarar av å fjerna grunnlovsforbodet som stengde jødane ute frå Noreg og den særskilde avgrensa gruppa antisemittar, som ikkje identifiserte seg med det Wergeland gjorde for jødane. Antisemittane gjorde ikkje dette fordi dei forsto Wergeland sitt arbeid for jødane som ein del av jødane sin påståtte konspirasjon for verdsherredøme. Det var ein del av antisemittane sin identitet å motarbeida denne konspirasjonen. Den jødiske verdskonspirasjonen, som det her er snakk om, er ein antisemittisk myte. Det har ikkje vore mogleg å identifisera den forståingsramma som motstandarane av fjerninga av grunnlovsforbodet tolka Wergeland sin innsats for jødane innanfor ut frå dei undersøkte kjeldene.

Sjølv om dette tyder på at ein identifiserte seg med det å kjempa for jødeemansipasjon generelt, utelukkar det likevel ikkje at det har vore antisemittisme i Noreg, òg utover den dei antisemittiske tolkingane av det Wergeland gjorde for jødane reflekterer. Dette har samband med det at det er mogleg å identifisera seg med kampen for jødane i teorien og ikkje i praksis. I samband med dette kan det nemnast at menneske ynskjer å framstilla eit idealbilete av seg sjølv i enkelte samanhengar. Den norske minnekulturen er ein slik samanheng gjennom at den er offentleg, og at det derfor naturleg nok er eit stort fokus på korleis framstillingar vert oppfatta. Det kan til dømes òg vera at det har vorte skilt mellom Wergeland sitt engasjement i jødesaka og jødane i samtida.

## **Forslag til vidare forskning**

Det vil truleg vera interessant å utføra ei tilsvarande undersøking av den norske minnekulturen frå Noreg vart eit fritt land igjen etter okkupasjonen under den andre verdskrigen fram til i dag. Dette er særleg interessant med bakgrunn i påverknaden frå forfølginga av jødane under den andre verdskrigen, opprettinga av staten Israel og det politiske skiftet som kom med sekstiåttarane.

# Litteratur og kjelder

## Litteratur

Anderson, B. (2006) *Immagined Communities. Reflections on the Origin and Spread of Nationalism*. London: Verso.

Angår det ikke oss?

(<http://www.aftenposten.no/meninger/debatt/article2811816.ece?service=print>). Henta den 9. november 2009.

Assmann, J. (1992) *Das kulturelle Gedächtnis. Schrift, Erinnerung und politische Identität in frühen Hochkulturen*. München: Verlag C.H.Beck.

Ben-Sasson, HH. (Red.) (1992) *Geschichte des jüdischen Volkes*. München: Verlag C.H.Beck.

Berg, P. (1945) *Arven frå Eidsvoll. Norges Grunnlov*. Oslo: Sverdrup Dahls Forlag.

Bergsgård, A. (1943) *Året 1814*. Bind 1. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).

Dworsky, I. Mendelsohn, O. & Scheer, E. (1959) *Jødisk Ungdomsforening Oslo 1909- 1959*. Oslo: "Budstikken"s trykkeri.

Eriksen, TB. Harket, H. & Lorenz, E. (2009) *Jødehat. Antisemittismens historie fra antikken til i dag*. Oslo: Cappelen Damm.

Eriksonas, L. (2004) *National Heroes and National Identities. Scotland, Norway and Lithuania*. Brussel: P.I.E.-Peter Lang.

Flo, I. (Red.). (2010) *Norsk presses historie 1660-2010. Norske Aviser fra a til å*. Bind 4 Oslo: Universitetsforlaget.

Gjernes, M. (2002) *Jødar I Kristiania. Dei fyrste innvandarane si geografiske og*

- sosioøkonomiske plassering i samfunnet frå 1851 til 1942*. Hovudfagsoppgåve i historie ved Universitetet i Oslo.
- Graml, H. Königseder, A. & Wetzel, J. (2001) *Vorurteil und Rassenhaß. Antisemitismus in den faschistischen Bewegungen Europas*. Berlin: Metropol.
- Jaschzik, L. (1934) *Jødisk Ungdomsforening, Oslo: Jubileumsskrift: 1909-1934*. Oslo. Ukjent utgjevar.
- Johannesen, G. (1996) *Den første sommerfugl. Bidrag til Henrik Wergelands resepsjonshistorie*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Koritzinsky, MH. (1922) *Jødernes historie i Norge. Henrik Wergelands kamp for jødesaken*. Kristiania: Ukjent forlag.
- Lorenz, E. (2003) *Veien mot Holocaust*. Oslo: Pax Forlag.
- Mendelsohn, O. (1987) *Jødernes historie i Norge gjennom 300 år*. Bind 1 1660-1940. Oslo: Universitetsforlaget.
- Norborg, L-A. (2001) *Aschehougs Verdenshistorie. Det sterke Europa*. Bind 2 1815-1870. Oslo: H. Aschehoug & Co (W. Nygaard).
- Reitan, J. (2005) *Jødene fra Trondheim*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Sebak, PK. (2008) ”...vi blir neppe nogensinne mange her”. *Jøder i Bergen 1851-1945*. Bergen: Vigmostad & Bjørke.
- Storsveen, OA. (2004) *En bedre vår. Henrik Wergeland og norsk nasjonalitet*. Oslo: Unipub.
- Storsveen, OA. (2008) *Mig selv. En biografi om Henrik Wergeland*. Oslo: Cappelen Damm.
- Sunde Christensen, O. (1998) *Jøder og Gojim - Mottakelsen av et antisemittisk skrift fra 1910*. Hovudfagsoppgåve i historie ved Universitetet i Oslo.
- Tebbenhoff, A. (1996) ”Jødeparagrafen”. *Paragraf 2 i den norske grunnloven fra 1814*.

Hovudfagsoppgåve i norsk kulturkunnskap Vakgroep Scaninavische Talen ved  
Rijksuniversiteit Groningen.

Toftesund, RA. (2001) *"Da allt folket skulde tro løgnen"* : Haldis Neegård Østbye :  
*antisemittisk ideolog i Nasjonal Samling*. Hovudfagsoppgåve i historie ved  
Universitetet i Bergen.

Valentin, H. (1924) *Judarnas historia i Sverige*. Stockholm: Albert Bonniers Förlag.

Veiden Brakstad, I. (2006) *Jødeforfølgelsene I Norge. Omtale i årene 1942-1948*.

*Framstilling og erindring av jødeforfølgelsene i Norge under andre verdenskrig, i et  
utvalg aviser og illegal presse*. Masteroppgåve i historie ved Universitetet i Oslo.

Wallem, FB. (1916) *Det norske Studentersamfund gjennom hundrede aar*. Bind 2. Kristiania:  
H. Aschehoug og Co. (W. Nygaard).

Wergeland, H. (1997) *Spanjolen. Den engelske los. Hasselnøtter. Jan van Huysums  
blomsterstykke. Norges konstitusjons historie*. Oslo: Aschehoug.

Aarnes, SAa. (1991) *"Og nevner vi Henrik Wergelands navn"*. *Wergeland-kultusen som  
nasjonsbyggende faktor*. Oslo: Universitetsforlaget.

## **Kjelder**

### **Trykte kjelder**

*Beretning om høitideligheden den 17de Juni 1849 ved*

*Affsløringen af Jødernes Monument for Henrik Wergeland*. (1849) Christiania: J. B.  
Halvorsen.

Bjørnson, B. (1912) *Artikler og taler*. Bind 1. Kristiania: Gyldendalske boghandel. Nordisk  
forlag.

*Henrik Wergeland. Et mindeblad i anledning af hans 100-aars fødselsdag den 17 juni 1908.*

(1908) Kristiania: Det Mallingske Bogtrykkeri.

*Hundraarsdagen for Henrik Wergelands fødsel. Program og sange.* (1908) Trondhjem:

Waldemar Janssens Boktrykkeri.

Janson, K. (1881) *Ved Wergelandsstøttens Afsløring 17de Mai 1881.* Kristiania: Det

Mallingske Bogtrykkeri.

Koht, H. (1908) *Henrik Wergeland. Ei folkeskrift.* Kristiania: H. Aschehoug & co. (W.

Nygaard)

Kokk, B. (1845) *Minde ved Henrik Wergelands Grav.* Christiania: C. Hansens Forlag.

Neegård Østbye, H. (1941) *Jødenes Krig.* Oslo: Kamban Forlag.

*Sange afsungne ved det af Jöderne opreiste den 17de Juni*

*1849 afslørede monument for Henrik Wergeland.* (1849?) Ukjend utgivarstad: Ukjend utgivar.

Saxlund, E. (1910) *Jøder og Gojim.* Christiania: J. Aass' Forlag.

Saxlund, E. (1911) *Jøder og Gojim.* Christiania: J. Aass' Forlag.

Saxlund, E. (1922) *Jøder og Gojim.* Christiania: J. Aass' Forlag.

Saxlund, E. (1923) *Jøder og Gojim.* Christiania: J. Aass' Forlag.

Sverd, I. (1938) *Jødeproblemet - og dets løsning.* Oslo: "Eget forlag".

Sverd, I. (1939) *Jødeproblemet - og dets løsning.* Oslo: "Eget forlag".

Troye, V. (1908) *Henrik Wergeland. I hans diktning.* Krisiania: Alb. Cammermeyers Forlag:

Kristiania

*Udførlig beretning om Henrik Wergelands mindefest, feiret i*

*Stockholm den 22de october 1847.* (1847) Kristiania: Chr. Schibsted.



Ugelvik Larsen, S. Sandberg, B. & Dahm, V. (2008) *Meldungen aus Norwegen 1940-1945.*

*Die geheimen Lageberichte des Befehlshabers der Sicherheitspolizei und des SD in Norwegen.* München: R. Oldenbourg Verlag

*Ved Henrik Wergelands Jordfæstelse den 17 juli 1845* (1845) Ukjend utgivarstad: Ukjend utgivar.

Vullum, E. (1881) *Henrik Wergeland i dikt og liv. En historisk skitse.* Kristiania:

Folkeskriftsselskabets Forlag.

Vullum, E. (1908) *Henrik Wergeland i dikt og liv. En historisk skitse.* Kristiania: Olaf

Nordli's Forlag.

### **Aviser og tidsskrift**

*Aftenposten.* 2-31. mai 1881. 15-20. juni 1908. 1. november 1910-28 februar 1911. 15-20. mai 1917. 15-20. mai 1918. 15-20. mai 1919. 17-19. mai 1920. 17-19. mai 1921. 17-19. mai 1922. 17-19. mai 1923. 17-19. mai 1924. 18-19. mai 1925. 17-19. mai 1926. 17-19. mai 1927. 18-19. mai 1928. 17-19. mai 1929. 17-19. mai 1930. 18-19. mai 1931. 17-19. mai 1932. 17-19. mai 1933. 17-19. mai 1934. 17-19. mai 1935. 18-19. mai 1936. 18-19. mai 1937. 17-19. mai 1938. 17-19. mai 1939. 2-31. mars 1942.

*Arbeiderbladet.* 18. mai 1923. 19. mai 1924. 18. mai 1925. 18. mai 1926. 18. mai 1927. 18. mai 1928. 18. mai 1929. 19. mai 1930. 18. mai 1931. 18. mai 1932. 18. mai 1933. 18. mai 1934. 18. mai 1935. 18. mai 1936. 18. mai 1937. 18. mai 1938. 19. mai 1939.

*Bergens Tidende.* 15-20. juni 1908.

*Christiania Intelligentsedler.* 5. november (nr. 258), 8. november (nr. 260), og 10. november (nr. 262) 1847. 21. juni (nr. 141), 22. juni (nr. 142), 22. juni (nr. 143), og 26. juni (nr.

145) 1849.

*Christiania-Posten*. 16. juni (nr. 341) og 19. juni (nr. 343) 1849.

*Dagbladet*. 2-16. mai og 18-31. mai 1881. 15-20. juni 1908. 1. november 1910-28. februar

1911. 17-19. mai 1917. 17-19. mai 1918. 17-19. mai 1919. 18-19. mai 1920. 18-19.

mai 1921. 18-19. mai 1922. 18-19. mai 1923. 19. mai 1924. 18-19. mai 1925. 17-19.

mai 1926. 18-19. mai 1927. 18-19. mai 1928. 18. mai 1929. 19. mai 1930. 18-19. mai

1931. 18. mai 1932. 18. mai 1933. 18. mai 1934. 18. mai 1935. 18. mai 1936. 18. mai

1937. 18. mai 1938. 19. mai 1939. 10-16 mars 1942.

*Den Constitutionelle*. 12-20. juli 1845.

*Den norske Rigstidende*. 20-31. oktober 1847. 15-30. juni 1849.

*Den vestlandske Tidende*. 6. november, 30. november, og 28. desember 1847. 4. januar og 12-

16. desember 1848.

*Eidsvold Blad*. 2-30. juni 1908.

*Eidsvoll*. 1-22. mars 1942.

*Flyvebladet*. 9-23. mars 1942.

*Fri Fagbevegelse. Oslo*. 7-21. mars 1942.

*Fritt Folk*. 19. mai 1936. 20. mai 1937. 21. mai 1938. 27. mai 1939. 2-31 mars 1942.

*Fædrelandsvennen*. 1-30. juni 1908.

*Hatikwoh*. mai og juni 1929, april og mai 1930, april og mai 1931, april og mai 1932, april og

mai 1933, april og mai 1934, mai og juni 1935, mai og juni 1936, mai og juni 1937,

april og mai 1938, og mars-april og mai 1939.

*Jøssingposten*. Nr. 11-12 1942.

*Krigsoversikt*. 2-21. mars 1942.

*London-Nytt.* 10-16. mars 1942.

*Morgenbladet.* 12-20. juli 1845. 20-31. oktober 1847. 4. august (nr. 217) 1848. 15-30. juni 1849. 1-31. mai 1881. 15-20. juni 1908. 18 og 25. februar 1911. 17-18. mai 1917. 17-18. mai 1918. 17-19. mai 1919. 17-18. mai 1920. 17-19. mai 1921. 17-19. mai 1922. 19. mai 1923. 17-19. mai 1924. 19. mai 1925. 17-19. mai 1926. 17-19. mai 1927. 18. mai 1928. 17-18. mai 1929. 17-19. mai 1930. 18. mai 1931. 17-18. mai 1932. 17-18. mai 1933. 17-19. mai 1934. 17-20. mai 1935. 19. mai 1936. 19. mai 1937. 17-19. mai 1938. 17-19. mai 1939. 10-16. mars 1942.

*Nationen.* 17-19. mai 1919. 17-19. mai 1920. 17-19. mai 1921. 17-19. mai 1922. 17-19. mai 1923. 17-19. mai 1924. 19. mai 1925. 17-19. mai 1926. 17-19. mai 1927. 19. mai 1928. 17-21. mai 1929. 17-19. mai 1930. 19. mai 1931. 17-19. mai 1932. 17-19. mai 1933. 17-19. mai 1934. 17-20. mai 1935. 19. mai 1936. 19. mai 1937. 17-19. mai 1938. 17-19. mai 1939.

*Ny illustreret Tidende.* Nr. 20. 1881.

*Social-Demokraten.* 18. mai 1917. 18. mai 1918. 17-19. mai 1919. 18. mai 1920. 17-18. mai 1921. 18. mai 1922.

*Stavanger Aftenblad.* 15-20. juni 1908.

*Tidens Tegn.* 1. november 1910-31. mars 1911. 17-19. mai 1917. 17-19. mai 1918. 17-19. mai 1919. 17-19. mai 1920. 17-19. mai 1921. 17-19. mai 1922. 17-19. mai 1923. 17-19. mai 1924. 19. mai 1925. 17-19. mai 1926. 17-19. mai 1927. 19. mai 1928. 18. mai 1929. 17-19. mai 1930. 19. mai 1931. 17-19. mai 1932. 17-19. mai 1933. 17-19. mai 1934. 17-20. mai 1935. 19. mai 1936. 19. mai 1937. 17-19. mai 1938. 17-19. mai 1939.

*Trondhjems Adresseavis.* 10-20. juni 1908.

*Ukenytt.* 9-16. mars 1942.

*Whispering Times. Landsutgave.* 7-21. mars 1942.

*Ørebladet.* 5. januar 1911.

## **Intternettkjelder**

Aftenposten sine nettsider

<<http://www.aftenposten.no/meninger/debatt/article2811816.ece?service=print>>

[09.11.2009]

Store norske leksikon sine nettsider

<[http://www.sn�.no/Erik\\_Vullum](http://www.sn�.no/Erik_Vullum)> [22.2.2010]

<[http://www.sn�.no/Frisinnede\\_Venstre](http://www.sn�.no/Frisinnede_Venstre)> [9.9.2010]

<[http://www.sn�.no/Halvdan\\_Koht](http://www.sn�.no/Halvdan_Koht)> [8.9.2010]

<[http://www.sn�.no/.nbl\\_biografi/Bj%C3%B8rnstjerne\\_Bj%C3%B8rnson/utdypning](http://www.sn�.no/.nbl_biografi/Bj%C3%B8rnstjerne_Bj%C3%B8rnson/utdypning)>

[17.11.2010]

<[http://www.sn�.no/.nbl\\_biografi/Christian\\_Krohg/utdypning\\_%E2%80%93\\_1](http://www.sn�.no/.nbl_biografi/Christian_Krohg/utdypning_%E2%80%93_1)>

[15.11.2010]

<[http://www.sn�.no/.nbl\\_biografi/Gerhard\\_Gran/utdypning](http://www.sn�.no/.nbl_biografi/Gerhard_Gran/utdypning)> [22.2.2010]

<[http://www.sn�.no/.nbl\\_biografi/Gunnar\\_Heiberg/utdypning](http://www.sn�.no/.nbl_biografi/Gunnar_Heiberg/utdypning)> [22.2.2010]

<[http://www.sn�.no/.nbl\\_biografi/Harald\\_Beyer/utdypning](http://www.sn�.no/.nbl_biografi/Harald_Beyer/utdypning)> [17.11.2010]

<[http://www.sn�.no/.nbl\\_biografi/J%C3%B8rgen\\_L%C3%B8vland/utdypning](http://www.sn�.no/.nbl_biografi/J%C3%B8rgen_L%C3%B8vland/utdypning)>

[12.10.2010]

<[http://www.sn�.no/.nbl\\_biografi/Lars\\_Holst/utdypning](http://www.sn�.no/.nbl_biografi/Lars_Holst/utdypning)> [11.10.2010]

<[http://www.snl.no/.nbl\\_biografi/Marcus\\_Monrad/utdypning](http://www.snl.no/.nbl_biografi/Marcus_Monrad/utdypning)> [18.10.2010]

<[http://www.snl.no/.nbl\\_biografi/Sigmund\\_Skard/utdypning](http://www.snl.no/.nbl_biografi/Sigmund_Skard/utdypning)> [5.11.2010]

#### Universitetsbiblioteket i Bergen sine nettsider

<<http://digital-ub.uib.no/1956.2/2456>> [14.9.2010]

<<http://digital-ub.uib.no/1956.2/2667>> [11.9.2010]

<<http://digital-ub.uib.no/1956.2/2677>> [14.9.2010]

<<http://digital-ub.uib.no/1956.2/2681>> [11.9.2010]

<<http://digital-ub.uib.no/1956.2/2693>> [14.9.2010]

<<http://digital-ub.uib.no/1956.2/2726>> [14.9.2010]

< <http://digital-ub.uib.no/1956.2/2782>> [11.9.2010]

< <http://digital-ub.uib.no/1956.2/2823>> [11.9.2010]

< <http://www.ub.uib.no/avdeling/spes/illegaleaviser/>> [11.9.2010]

## Summary in English

This master thesis examines the presentation of the struggle of Henrik Wergeland to grant the Jews access to Norway in the Norwegian memorial culture. The Norwegian constitution prohibited Jewish access, and Wergeland worked very hard to undo this prohibition. Because memorial cultures always are constructed and selective, they may be examined to get information about the participants in them, among other things about what they identified with. Wergeland is probably the biggest Norwegian national hero, and national heroes are heavily used to mould national identities. So what is examined is the relationship of the Norwegian nation to what Wergeland did for the Jews, and furthermore whether or not this was a part of the Norwegian national identity. The examination covers the period from the death of Wergeland, in 1845, to the end of the occupation of Norway during the Second World War, in 1945. It does however not cover every year from 1845 to 1945, but rely instead on especially interesting sources, such as celebrations of the memory of Wergeland with a national significance. The examination suggest that the struggle of Wergeland for the Jews was included in the Norwegian memorial culture during the whole period from 1845 to 1945, and furthermore that it had a central position during most of these years. The focus was however probably small during the period from around 1910 to around 1935. Wergeland was furthermore mainly presented as a liberal freedom fighter during the whole period, which his work for the Jews suits well together with. The focus on this work did however not go entirely uncontested. The ones who were against to let the Jews into Norway was the first ones to pose an opposition, and later the anti-Semites made their own presentation of the struggle of Wergeland for the Jews. The opposition were however not at all successful, it was throughout extremely marginal. This means that the struggle for the Jews was a part of the Norwegian national identity. The Norwegian nation identified itself with being a liberal fighter for freedom, and as a part of this, it identified with the struggle of Wergeland to grant the Jews access to Norway.

